

**KRISTIAN SVANES**

# **Den russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008**



## **Masteroppgåve i region og regionalisering**

*Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap*

*Universitetet i Bergen*

Våren 2009



## **Føreord**

Dei to siste åra og arbeidet med masteroppgåva har verkeleg gitt meg høve til å dykka djupt ned i eit spanande materiale. Det å ha vore ein del av det fleirfaglege programmet «Region og regionalisering» har også gitt mange positive opplevingar.

Først og fremst vil eg takka rettleiar Nils Kolle for eit godt, omfattande og konstruktivt samarbeid gjennom heile oppgåveprosessen. Malvin Fonnes skal også ha honnør for hjelp og innspel underveis. Takk også for alle tilbakemeldingar frå medstudentane på manuskript-seminaret som har vore ein viktig del av framdrifta.

Dei tilsette ved både det internasjonale og norske Barentssekreariatet i Kirkenes fortener også honnør for gode råd, hjelp til innsyn i prosjektarkivet, kontorplass og annan verdifull støtte.

## **Summary in English**

The main objective of this Master Thesis was to examine the Russian attitude to the Barents Cooperation from 2000 to 2008. This was accomplished by taking a closer look at the federal and regional Russian attitude, mainly by analysing articles, interviews and speeches published by the Russian MFA, minute books published by the Barents Regional Council and Committee and interviews with informants based in Northwest Russia. I attempted to discover a link between the centralisation of state power during the presidency of Vladimir Putin and the regional Russian attitude towards the Barents Cooperation (BC).

The federal authorities expressed a negative experiences with the cooperation progress in the period of 2000-2002, while at the same experiencing weak influence regarding EU's Northern Dimension. From 2003-2008 the federal authorities signalled a more positive attitude towards the BC. I found that the federal authorities focused heavily on the economic part of the BC in the period of 2000-2003, subsequently, however, this approach changed to a broader one between 2004 and 2008. The prominent focus on the economic part was linked to President Putin urging the MFA in 2001 to focus on promoting Russian economic interests and the great gap in living standards between the Russian and Nordic side. The environmental component was also perceived as one of high priority. This can be explained as a strategy for attracting additional finances to the, in addition the economic benefits increased energy efficiency provides.

The regional priorities to a large degree corresponded with the federal. Regional Minute books revealed that the regional level of meeting attendance increased substantially during the period, implying that also the regional attitude was more positive in 2008 than in 2003. However, the Russian regions were significantly less active compared to their Nordic counterparts. More cooperation experience, a more effective BC and improved economic conditions in the Russian Federation contributed to the more positive attitude. The thesis thus revealed that the common or general Russian attitude towards the BC evolved in a positive direction during 2000-2008.

A link between the state power centralisation and the regional attitude towards BC was not found. However, the centralisation affected the possibilities of the regions to control own finances.

# Innhald

## Kapittel 1 - Innleiing

1.1 Innleiing – tema.....	s.1
1.2 Problemstilling og hypotese.....	s.2
1.3 Geografisk avgrensing.....	s.3
1.4 Tidsmessig avgrensing.....	s.3
1.5 Omgrep.....	s.4
1.6 Struktur på oppgåva.....	s.5
1.7 Forskingsstatus.....	s.6
1.8 Presentasjon av skriftleg kjeldemateriale og metode.....	s.10
1.9 Presentasjon av munnleg kjeldemateriale og metode.....	s.15

## Kapittel 2 – Føderale-regionale tilhøve i Russland

2.1 Innleiing.....	s.18
2.2 Jeltsin-perioden.....	s.18
2.3 Putin-perioden.....	s.22
2.4 Oppsummering.....	s.26

## Kapittel 3 – Bakgrunnen og organiseringa av Barentssamarbeidet

3.1 Innleiing.....	s.27
3.2 Oversyn over dei russiske regionane i Barentsregionen.....	s.27
3.3 Bakgrunnen for Barentssamarbeidet.....	s.31
3.4 Organiseringa av Barentssamarbeidet.....	s.40
3.5 Oppsummering.....	s.42

## Kapittel 4 - Den føderale russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008

4.1 Innleiing.....	s.43
4.2 2000 – Russiske erfaringar og prioriteringar ved tusenårsskiftet.....	s.43
4.3 2001 – Vidare fokus på økonomisk samarbeid.....	s.49

4.4 2002 – Russland og EU sin «nordlege dimensjon» - like prioriteringar, like problem?	s.53
4.5 2003 – 10 års Barentssamarbeid, russiske nasjonale interesser og positive tendensar	s.57
4.6 2004 – Ny utanriksminister, ny dagsorden?.....	s.67
4.7 2005 – Ein breiare innfallsvinkel .....	s.69
4.8 2006 – Ny føderal lov om NGOar i Russland.....	s.75
4.9 2007 – Russiske prioriteringar i formannskapet.....	s.76
4.10 Oppsummering.....	s.80

## **Kapittel 5 - Den regionale russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008**

5.1 Innleiing.....	s.82
5.2 2004 – Diskusjon om arbeidsgrupper og formannskap.....	s.82
5.3 2005 – Søknad om medlemskap medfører reorganisering.....	s.84
5.4 2006 – Det internasjonale Barentssekreteriatet, Noregs hjarteborn?.....	s.87
5.5 2007 – Mot eit meir effektivt og relativt begeistra Barentssamarbeid.....	s.88
5.6 2008 – Forventningane til Barentssamarbeidet.....	s.94
5.7 Intervju med informantar frå Murmansk fylke og Karelen.....	s.95
5.8 Informantane sine erfaringar med Barentssamarbeidet.....	s.96
5.9 Kvifor Barentssamarbeid?.....	s.102
5.10 Oppsummering.....	s.105

## **Kapittel 6 - Oppsummering**

Oppsummering.....	s.106
-------------------	-------

## **Referansar**

Litteratur.....	s.110
Kjelder.....	s.112
Avisartiklar.....	s.118
Internettresursar.....	s.118
Liste over informantar.....	s.119
Figurar og tabellar.....	s.120

## **Figurar og tabellar**

Figur 1 – Regionane som deltek i Barentssamarbeidet.....	s.27
Figur 2 – Økonomisk vekst i Nordvest-Russland 1998-2007.....	s.89
Tabell 1 – Møtedeltaking i det regionale Barentssamarbeide 2003-2008.....	s.91

## **Vedlegg**

Vedlegg 1 – Intervjuguide.....	s.121
Vedlegg 2 – Organisasjonskart for Barentssamarbeidet.....	s.123

# Kapittel 1

## Innleiing

### 1.1 Innleiing – tema

Barentssamarbeidet er eit transnasjonalt samarbeid mellom Finland, Noreg, Russland og Sverige. Samarbeidet blei skipa i 1993 etter initiativ frå dåverande utanriksminister i Noreg, Thorvald Stoltenberg. Dåverande øverste leiar i Sovjetunionen, Mikhail Gorbatsjov, tok til orde for multilateralt samarbeid i det arktiske området i ein tale i Murmansk 1987. Gorbatsjov inviterte med dette andre land til å samarbeida på tvers av skiljelinjene i den kalde krigen.<sup>1</sup>

Masteroppgåva handlar om den russiske haldninga til Barentssamarbeidet, der eg vil sjå nærrare på denne, både i føderalt og regionalt perspektiv. Perioden etter at samarbeidet blei skipa var prega av stor entusiasme. Dette har ein forskar på nordområda, Geir Hønneland, så fint kalla for «Barentsbegeistringa» som først og fremst handlar om den norske haldninga til samarbeidet. På russisk side verkar også haldninga å ha vore positiv. Den russiske utanriksministeren, Andrej Kozyrev, skreiv i 1994 at Russland var fast bestemt på å halda oppe momentet i Barentssamarbeidet.<sup>2</sup> På den andre sida var nok ikkje denne typen samarbeid ei sak med høgste prioritet i eit land, der tilhøvet mellom regionane og sentrum trua sjølve eksistensen til Den russiske føderasjonen.<sup>3</sup> «Barentsbegeistringa» gjekk etter nokre år over til det Hønneland har kalla «elendighetsdiskursen», då resultata av samarbeidet ikkje svarte til dei forventningane ein hadde dei første åra. I den siste tida har det derimot oppstått det Hønneland har døypt ei ny «Barentsbegeistring» etter at utsiktene til å vinna ut petroleumsressursar i Barentshavet har gjort seg sterkare gjeldande.<sup>4</sup>

Dåverande leiar for Den russiske sosialistiske føderative sovjetrepublikk – RSFSR – Boris Jeltsin, var relativt klar på regionane si rolle i Russland. I 1990 uttalte han at regionane skulle

1 Keskitalo, 2004: 43

2 Kozyrev, 1994 i Stokke & Tunander, 1994: 26

3 Baev, 1994 i Stokke & Tunander, 1994: 175

4 Hønneland, 2005

ta så mykje suverenitet dei kunne svelgja.<sup>5</sup> På 1990-talet førte russiske styresmakter ein politikk som gjorde at Russland blei til ein meir juridisk, politisk og økonomisk asymmetrisk føderasjon. Særleg gjorde dette seg gjeldande for regionar med etnisk definert status,<sup>6</sup> som til dømes Karelen. Regionane styrka også stillinga si gjennom bilaterale avtalar med føderale styresmakter. Desse regulerte kva slags ytterlegare lovmessig kompetanse regionane skulle ha, ut over det som var fastsett i den føderale grunnlova av 1993. Kreml lét på denne måten regionane få ein viss autonomi på 1990-talet, men etter at Vladimir Putin blei president stramma russiske styresmakter inn på den regionale autonomien. Relevansen for Barentssamarbeidet er at relativt mindre mindre handlingsrom for regionane kan ha ført til mindre engasjement for Barentssamarbeidet. Som eit ledd i reformprosessen avvikla styresmaktene dei bilaterale avtalane som i sin tur førte til at Den russiske føderasjonen blei meir sentralisert og symmetrisk.

Liknande transnasjonale samarbeid blei også oppretta på rundt 1990 – Nordsjøregionen og Austersjøsamarbeidet. Eit unikt trekk med Barentssamarbeidet er at det er organisert både på eit regionalt og mellomstatleg nivå.

## 1.2 Problemstilling og hypotese

Det primære målet med masteroppgåva er å kartleggja og forklara den russiske haldninga til Barentssamarbeidet. Hovudproblemstillinga er såleis slik: Kva var den russiske haldninga til Barentssamarbeidet i perioden 2000-2008? Me veit relativt lite om den russiske haldninga i høve til den norske haldninga til Barentssamarbeidet. Denne problemstillinga er difor interessant fordi ho vil gje meir kunnskap den russiske sida i Barentssamarbeidet. For å kasta ljós over denne ser eg nærmere på russiske erfaringar og prioriteringar i eit føderalt og regionalt perspektiv. I løpet av oppgåva stiller eg difor spørsmål om: Kva erfaringar hadde Russland i samarbeidet? Kva prioriteringar hadde Russland i Barentssamarbeidet? Kva var den føderale russiske haldninga? Kva var den regionale russiske haldninga til Barentssamarbeidet? Korleis har den russiske haldninga endra seg over tid?

---

5 Hønneland 2005: 34

6 Rodin, 2005: 34

Eit siktemål med oppgåva er å avdekkja om det er ein samanheng mellom innstramminga av føderale-regionale tilhøve og den russiske regionale haldninga til Barentssamarbeidet. Tanken er at mindre handlingsrom for regionane kan ha ført til at dei i lågare grad engasjerte seg for Barentssamarbeidet. Kapittel to fungerer difor i hovudsak som eit bakgrunnskapittel for denne hypotesen som eg vil koma attende til i oppsummeringa i kapittel seks. Hypotesen er interessant fordi han vil syna om mindre handlingsrom hjå regionane kan ettersporast i den haldninga regionane har til Barentssamarbeidet. På denne måten vil den russiske haldninga til Barentssamarbeidet både sjåast i ljós av utanrikspolitiske, så vel som innanrikspolitiske tilhøve i sjølve Russland under presidentskapet til Vladimir Putin. Hypotesen er difor formulert på følgjande måte: Er det samanheng mellom den regionale russiske haldninga til Barentssamarbeidet og innstramminga innan føderale-regionale tilhøve under presidentskapet til Vladimir Putin?

### **1.3 Geografisk avgrensing**

Dei russiske regionane som tek del i Barentssamarbeidet er fylka Murmansk og Arkhangelsk, republikkane Karelia/Karelen og Komi, samt Nenets autonome område. I kapittel fire går eg gjennom den haldninga russiske føderale styresmakter har til Barentssamarbeidet. I kapittel fem freistar eg å sjå haldninga i eit regionalt perspektiv. Problemstillinga er såleis avgrensa til dei russiske regionane som tek del i Barentssamarbeidet, sidan det er den russiske haldninga som gjeld dette området problemstillinga omhandlar.

### **1.4 Tidsmessig avgrensing**

Barentssamarbeidet blei skipa i 1993 og hadde femten års fartstid i 2008. Regionaliseringsprosessen i Russland, der regionane fekk auka autonomi, kan seiast å ha byrja rundt 1990 med mellom anna samanbrotet av Sovjetunionen. Det likevel den russiske haldninga i nyare tid som er mest aktuell for denne masteroppgåva, då kjeldematerialet eg har til disposisjon om er mest omfattande etter år 2000.

Det å setja den tidsmessige avgrensinga til 2000-2008 er interessant, fordi år 2000 kan sjåast som ei skiljelinje for den føderal-regionale politikken. Etter at Vladimir Putin blei president gjennomførte russiske styresmakter mellom anna innstrammande regionalreformer i Russland i både 2000 og 2004. Den svenske forskaren Johnny Rodin argumenterer for at året 1998 også kan sjåast på som ei skiljelinje i ein slik samanheng. Etter 1998 inngjekk ikkje føderale styresmakter fleire bilaterale avtalar med regionane. Utanriksminister Jevgenij Primakov argumenterte allereie den gongen for ein meir sentralisert føderasjon.<sup>7</sup> Eg vil likevel byrja i 2000, då dette representerer eit meir markant skilje i føderale-regionale relasjonar, ny president, regionalreformene og eit meir omfattande kjeldemateriale. På denne måten famnar tidsperioden 2000-2008 også om moment som er viktige for å forstå hypotesen om føderale-regionale relasjonar og perioden med det mest dekkjande kjeldematerialet.

## 1.5 Omgrep

*Region* blir av somme forfattarar, ofte engelskspråklege, nytta som omsetjing av den russiske, administrative termen oblast. I masteroppgåva er region for det fyrste ein fellesterm på statusen til dei ulike administrative einingane (føderasjonssubjekta) i Den russiske føderasjonen. Dei ulike typane russiske, administrative einingar har eg valt å omsetja som *autonomt område, fylke, føderal by og republikk*.<sup>8</sup> Denne måten å nytta omgrepet region går også parallelt med måten ordet blir nytta i russisk, der føderasjonssubjekt og region blir nytta om kvarandre.

I den russiske delen av Barentsregionen finst to fylke – Arkhangelsk og Murmansk, to republikkar – Karelen og Komi og eit autonomt område – Nenets. Fylke er generelt sett regionar som er definerte på territorielt grunnlag. Republikkar og autonome krinsar er derimot etnisk definerte regionar. Titulærfolk vil enkelt sagt seia det folket som har gitt opphav til namnet på regionen. For Barentsregionen sin del er det karelarar, komi og nenetsarar.

*Regionalisering* skal i denne oppgåva forståast som politiske og økonomiske aktivitetar som

---

7 Rodin, 2001

8 Desse er omsetjingar av høvesvis *avtonomnyj okrug, oblast, gorod federal'nogo znatsjenija og respublika*.

er med på å驱a utviklinga, i ein gitt stat, i retning av auka regionalt sjølvstyre.

Når det er tale om *bilaterale avtalar* i oppgåva er dette ikkje avtalar av utanrikspolitisk karakter mellom føderale styresmakter og statar utanfor Russland. Desse viser derimot til avtalar mellom føderale og regionale styresmakter som blei inngått mellom åra 1994 og 1998, som gav einskilde regionar særskilde juridiske og økonomiske rettar.

*Haldning* er i denne oppgåva meint som eit omgrep som i vid forstand skal seia noko i kva grad ein person, gruppe eller ei eining er positive eller negative, eventuelt nøytrale til transnasjonalt samarbeid – i vårt tilfelle Barentssamarbeidet. Omgrepet skal også forståast som knytt til dei synspunkta regionale og føderale, russiske aktørar i Barentssamarbeidet gjev uttrykk for både direkte og indirekte. Denne tolkinga ligg nært opp til definisjon av *holdning* i Bokmålsordboka av 2006, der *holdning* blir definert som måten ein stiller seg eller opptrer i ei viss sak. På russisk er substantivet *otnosjenie* brukt som omsetjing av *haldning*. *Otnosjenie* er avleidd av verbet *otnosit'sja* som mellom anna blir brukt om kva haldning ein har til ei sak.<sup>9</sup>

## 1.6 Struktur på oppgåva

I dette første kapittelet definerer eg tema og problemstilling og set klare rammar rundt desse. Eg går også gjennom forskingsstatus på feltet og diskuterer kjeldematerialet som eg har nytta i avhandlinga. Tilhøvet mellom føderale og regionale styresmakter gjer eg greie for i kapittel to. Det tredje kapittelet handlar om bakgrunnen for Barentssamarbeidet og korleis det er organisert på det mellomstatlege og regionale nivået. I kapittel fire går eg gjennom og drøftar den føderale russiske haldninga hovudsakleg i lys av kjeldemateriale frå det russiske utanriksdepartementet. Det femte kapittelet går nærmare inn på den regionale russiske haldninga til Barentssamarbeidet. Kjeldematerialet her er hovudsakleg møteprotokollar og anna materiale frå Barents regionråd, regionkomité og arbeidsgruppa for organisatoriske endringar, samt intervju med aktørar i Murmansk fylke og Karelen. I det siste kapittelet oppsummerer eg funna eg har gjort.

---

<sup>9</sup> Ozjegov & Sjvedova, 2006: 475

## 1.7 Forskingsstatus

Det har blitt forska ein del på Barentsregionen i lys av norsk-russiske tilhøve, norsk og til dels russisk nordområdepolitikk. På bakgrunn av søk i BIBSYS og internasjonale artikkel-databasar<sup>10</sup> er inntrykket mitt at det også er blitt forska ein del på dei ulike satsingsområda i Barentsregionen som til dømes helse-, miljø-, næringssamarbeid osv. Når det gjeld forsking på emne som kan relaterast til den russiske haldninga til Barentssamarbeidet kjem ein inn på dette i ein del evalueringsrapportar, bøker og artiklar som handlar om Barentssamarbeidet på eit generelt plan. Det som er skrive om haldningar går i hovudsak på den norske haldninga til Barentssamarbeidet. Innan det akademiske miljøet i Russland er det derimot skrive svært lite om Barentssamarbeidet.<sup>11</sup> Statusen er såleis at det er gjort ein del forsking som kan relaterast til den norske haldninga til Barentssamarbeidet,<sup>12</sup> men at det finst litt materiale om den russiske haldninga.<sup>13</sup>

Det finst ein god del akademisk litteratur om føderale-regionale tilhøve. Denne er skriven både av russiske, skandinaviske og vestlege forskarar. Liberaliseringsprosessen innan føderale-regionale tilhøve gjekk føre seg på 1990-talet under Boris Jeltsin og den påfølgjande innstramminga under Vladimir Putin. Mykje av forskinga har blitt gjort i lys av mellom anna federalisme i Russland, sentrum-periferi relasjonar og russisk nordområdepolitikk. Kva seier forskingslitteraturen om problemstillinga og temaet?

Boka «Politiske tilhøve og den politiske prosessen i det moderne Russland»<sup>14</sup> er skriven av dr.polit Boris A. Isaev og dr.polit. Nikolaj A. Baranov. Begge arbeider ved avdelinga for politologi (statsvitenskap) ved det Baltiske statlege tekniske universitet i St. Petersburg. Boka stiller få krav til forkunnskapar og er meint som innføringsbok for politologistudentar. Boka tek føre seg sentrale tema innan statsvitenskap som mellom anna politisk struktur, styringsprinsipp, reformer, elitar, politisk kultur og valprosessen i Russland og til dels i

---

10 OCLC, ISI, BIBSYS

11 Jarovoj, Gleb Olegovitsj, cand. Polit ved institutt for internasjonale relasjonar ved Petrozavodsk statlige universitet, samtale i Petrozavodsk 23. september 2008

12 Til dømes i Hønneland, 2005

13 Jarovoj, Gleb Olegovitsj, cand. Polit ved institutt for internasjonale relasjonar ved Petrozavodsk statlige universitet, samtale i Petrozavodsk 23. september 2008

14 Original tittel: Polititsjeskie otnosjenija i polititsjeskij protsess v sovremennoj Rossii

Sovjetunionen. Regionaliseringssprosessen på 1990-talet og den påfølgjande innstramminga med reformene i 2000 og 2004 er godt dekte. Boka nyttar politisk teori til å kasta ljós over desse temaa. Tidmessig konsentrerer boka seg kring hendingar på 1990-talet og tiåret etter tusenårsskiftet. Formålet med å nyta denne boka i avhandlinga er å sjå korleis føderale-regionale tilhøve i Den russiske føderasjonen blir framstilt i russisk forskingslitteratur.

«Moderne russisk politikk» er skriven av dr.polit. Geir Hønneland og cand.polit. Jørgen H. Jørgensen. Begge arbeider ved Fridtjof Nansens institutt i Oslo som er ein sentral aktør innan forskinga på Barentssamarbeidet, i hovudsak gjennom forskingsprogrammet «Polar and Russian Politics». Som den russiske boka er også dette ei innføringsbok i russisk politikk for studentar og andre interesserte. Ho er i motsetnad til den russiske boka mindre teoriprega og analytisk. Forfattarane tek i grovare trekk opp mange av dei same temaa innan den politiske prosessen og strukturen, men tek også opp fiskeriforvaltning, petroleumspolitikk, miljøvern og media si rolle i Russland. Denne har same i hovudsak same avgrensing i tid som den russiske boka. Boka handlar såleis om mykje av det same som den av Isaev og Baranov, men set russisk politikk i eit norsk perspektiv.

«Barentsbrytninger» handlar om norsk nordområdepolitikk etter den kalde krigen. Boka gir først eit overblikk over Nordvest-Russland. Deretter tek boka tematisk føre seg ulike samarbeidsflater mellom Noreg og Russland, som Barentsregionen, miljøvern, fiskeriforvaltning og helsesamarbeid. Den neste delen av boka går på diskursar i norsk nordområdepolitikk. Her freistar forfattaren å gje eit bilet av Barentsdiskursen i Noreg med til dømes «Opp som en løve», «Ned som en skinnfell» og «Klart for det store oljeeventyret?». Diskursane handlar i hovudsak om det som kan seiast å vera norske haldningar til Barentssamarbeidet. Boka er såleis eit viktig og sentralt norsk bidrag som eg har nyttar i oppgåva for å forstå den russiske haldninga gjennom komparasjon.

I diskursdelen i den same boka tek Hønneland opp «den kalde freds diskurs». Dette omgrepet formulerte Stephen F. Cohen allereie i 1992 – «cold peace». «Kald fred» handlar om vestleg støtte til politiske og økonomiske reformer i Russland, som etter Cohen si meining førte til økonomiske og sosial ruin i Russland. I politologi i Russland nyttar ein til dels modellar som

viser at «vinning for den eine tyder tap for den andre». Det vil såleis vera i den eine si interesse at den andre parten tapar. Dette står i motsetnad til moderne teori om internasjonal politikk, der det blir lagt vekt på at statar er avhengige av kvarandre. Difor treng ikkje vinning for den eine tyda tap for den andre.<sup>15</sup> Kald fred kan likevel vera viktig for å forstå måten Russland samhandlar med andre land og regionar.

Det Hønneland kallar ekspertdiskursen er eit anna omgrep som er viktig for å forstå dei russiske haldningane til mellom anna miljøsamarbeidet. Han peiker på at mangelen på demokratiske tradisjonar før 1991 har ført til at røysta til folket er mindre verdsett enn det me gjerne er vande til i Vesten. Det er difor av liten interesse kva folk flest meiner om til dømes tryggleiken ved atomkraftverket ved Poljarnye zori. Atomtryggleik er noko ekspertane skal ta seg av. Det norske miljøengasjementet blir difor sett på som overdrive hysterisk og meir tufta på kjensler enn fakta. Det såleis ikkje uvanleg å gå ut i frå at Noreg har ein skjult agenda om å ta knekken på atomenergikomplekset til «konkurrenten», når dei stiller stenging av kraftverket som vilkår for tryggleikstiltak.<sup>16</sup> Denne diskursen var også noko av bakgrunnen for dei spørsmål eg stilte informantane kring miljøsamarbeidet i Barentsregionen.

Masteroppgåva til Andreas Urdal ser nærmare på samarbeid innanfor for helse- og sosialkategorien i Barentsregionen i lys av partnerskap, tillit, kulturforståing og regional identitet. I oppgåva analyserer han tre prosjekt som har fått støtte frå Barentssekreariatet og intervjuar også dei norske prosjektleiarane. Her viser han at det ser ut til at nyare prosjekt har teke lærdom av den kritikken som har blitt framstilt i to evalueringsrapportar frå 1998 og 1999. Den fyrste viser behovet for å kjenna omgjevnadene og føresetnadene prosjekta skal inngå i. Den andre legg vekt på at prosjekta leiast av norske institusjonar med den aktuelle aktiviteten som kjerneverksemd. Han viser også at prosjektleiarane har etablert tillit og utvikla kjennskap til dei russiske omgjevnadene over tid.<sup>17</sup>

Bøkene «Russian Politics and Society» og «Putin – Russia's Choice» er forfatta av professor Richard Sakwa ved Universitetet i Kent, England. Han er rekna som som ein dei fremste

15 Hønneland, 2005: 116

16 Ibid. 141-144

17 Urdal, 2005: 66

russlandsforskarane i Storbritannia. Den første boka er ein omfattande gjennomgang av russisk politikk og samfunn. Det er likevel særskilt den delen av boka som handlar om den russiske utanrikspolitikken som er av størst interesse i denne oppgåva. Sakwa kjem ikkje direkte inn på Barentssamarbeidet, men gjev eit generelt oversyn over relevante utanrikspolitiske moment. «Putin – Russia's Choice» handlar om sosiale og politiske endringar under begge presidentperiodane til Vladimir Putin. Dette er andre utgåve av boka som først kom ut i 2004. Boka gjev ei brei tematisk framstilling av Putin sin fyrste periode som president og korleis dette har påverka mellom anna tilhøvet mellom regionane og sentrum. Boka tek ikkje opp Barentssamarbeidet, men er eit nyttig verktøy i framstillinga av regionaliseringssprosessen i Russland og russisk politikk etter tusenårsskiftet. Det er også ein del teoretisk materiale relatert til organisasjon og regionalisering som kan relaterast til Barentssamarbeidet og den russiske haldninga til det. Eg vil difor kort presentera teoriar om regionsbygging.

Omgrepet «Region Building», blir presentert av Schram Stokke i boka «International Cooperation and Arctic Governance». <sup>18</sup> Her argumenterer han for at politiske regionar er nært knytte til integrasjon. Det blir referert til William Thompson, som i 1973 kom fram til tre viktige moment for å definera ein region – geografisk nærleik, interaksjon og verdsetjing.<sup>19</sup> Etter den alminnelege oppfatninga av omgrepet region må områda som konstituerer regionen anten hengja saman over land eller sjø. Det må også vera tale om interaksjon innan regionen på minst eitt område. Med interaksjon meiner ein både den som baserer seg på samarbeid og den som har bakgrunn i konflikt. Interaksjon impliserer ikkje at anna kontakt utanfor regionen treng å vera av ein mindre signifikant art, ei heller at regionen treng å vera sjølvforsynt økonomisk eller politisk.<sup>20</sup> I Barentsregionen, til dømes, er det klart at interaksjon på den vertikale aksen mot Moskva og St. Petersburg er større enn den horisontale mot Norden.

Politiske entreprenørar kan ha som mål å skapa regionar. Iver Neumann skriv at regionar er «talked and written into existence».<sup>21</sup> Den logiske slutninga av tesen til Neumann er såleis at regionar til ein viss grad kan skiljast frå funksjonell interaksjon. Ein kan på denne måten nytta

18 Hønneland & Schram, 2007:20 med undertittelen: «Regime effectiveness and northern region building»

19 Engelsk: Geographic proximity, interaction and recognition

20 Hønneland & Schram, 2007:20

21 Neumann, 1994:59 i Hønneland & Schram, 2007:20

historie for å skapa ein region. I Austersjøsamarbeidet har ein ofte referert til Hansa-tida for å legitimera styrking av samarbeidet, medan ein i Barentssamarbeidet ofte har referert til pomorhandelen.<sup>22</sup> I eit arktisk perspektiv vil ein derimot ofte sjå slike samarbeid i ramma av sentrum-periferi,<sup>23</sup> der maktsentra i dei respektive landa ligg relativt fjernt frå regionen.

Ein ser altså at Thompson presenterer tre faktorar<sup>24</sup> som er viktige for å definera ein region. Schram Stokke argumenterer for at ein kan sjå dette i samanheng med Neumann sin teori om regionar. Desse teoriane er relevante for masteroppgåva gjennom at dei tek opp regionsbygging i ein ramme av regionaliseringssprosessen på 1990-talet. Dei kan samstundes nyttast på det aktuelle transnasjonale samarbeidet – Barentsregionen. Teorien til Thompson gjev såleis eit bilet av nasjonal geografisk nærleik, interaksjon og verdsetjing mellom dei russiske og skandinaviske regionane i Barentssamarbeidet i lys av regionaliseringssprosessen i føderasjonen. Kva er så statusen for forskinga på rundt temaet, hypotesen og problemstillinga for denne masteroppgåva?

Denne litteraturen viser at tilhøvet mellom regionale og føderale styresmakter blei stramma inn etter at Vladimir Putin blei president. Dette gjev næring til hypotesen som eg nyttar til å sjå om det er ein samanheng mellom denne utviklinga og den russiske haldninga til Barentssamarbeidet. Forskingslitteraturen seier relativt lite om den russiske haldninga til Barentssamarbeidet, men den norske litteraturen kastar derimot til ein viss grad ljós over den norske haldninga til Barentssamarbeidet. Entusiasmen ved oppstarten går mot tusenårsskiftet over i pessimisme, før denne utviklar seg til ei meir entusiastisk (les: positiv) norsk haldning til Barentssamarbeid. Forskinga om den norske haldninga til Barentssamarbeidet er viktig å nytta som bakgrunn for å forstå den russiske haldninga.

## 1.8 Presentasjon av skriftleg kjeldemateriale og metode

Her vil eg gje eit oversyn over dei viktigaste kjeldene som eg nytta i masteroppgåva. Av plassmessige omsyn finst Internettadressene til kjeldene i kapittel fire berre i litteraturlista.

22 Hønneland & Schram, 2007:20

23 Young, 2000 i Hønneland & Schram, 2007:21

24 Geografisk nærleik, interaksjon og verdsetjing

Kjeldematerialet baserer seg i hovudsak på skriftlege kjelder som avisartiklar, intervju, evalueringsrapportar, møteprotokollar, men også munnlege kjelder som kvalitative intervju og samtalar. Dette er gjort på ein måte slik at dei kvalitative intervjua spelar ei supplerande rolle for det skriftlege kjeldematerialet. Saman med presentasjonen av kjeldematerialet gjennomgår eg undervegs metoden eg har brukt i tekstanalysen og dei kvalitative intervjua.

Framstillinga av perioden 2000-2008 i kapittel fire – Den føderale russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008 – baserer seg på fleire typar skriftlege kjelder. Dette er talar, intervju og artiklar publiserte i «Diplomatitsjeskij vestnik» og på det russiske utanriksministeriet sine offisielle heimesider. Dette er i hovudsak publikasjonar frå det russiske utanriksministeriet i form av artiklar om offisielle besøk og sesjonar i Barentsrådet, som er det mellomstatlege organet for Barentssamarbeidet. Kjeldene blir gjennomgått i kronologisk rekjkjefølgje.

I «Diplomatitsjeskij vestnik», heretter Dipvest, og på sidene til Det russiske utanriksministeriet – MID – har det blitt publisert ein del artiklar om Barentssamarbeidet. Dipvest ligg på nettsidene til MID og hører såleis inn under dette ministeriet. Dipvest inneheld dei viktigaste dokumenta og materiala og speglar verksemda til den russiske diplomatitenesta.<sup>25</sup> På denne måten liknar begge desse meir eit elektronisk arkiv, slik dei framstår på Internett, enn ei avis eller journal for diplomatitenesta. Publikasjonar frå Dipvest finst i elektronisk form på MID sine nettsider til og med 2004.<sup>26</sup> Frå 2004 av er publikasjonar om den russiske diplomatitenesta lagt ut på nettsidene til MID under namnet «Dokument og material frå MID».<sup>27</sup> Publikasjonane som er gjeve ut av MID etter 2004 framstår såleis som ei fortsetjing av Dipvest.

Sjølv om språket har ein varsam diplomatisk karakter, er det mykje i publikasjonane som

25 Rossijskaja gazeta, 2006, *Nakanune prosjedsjego v Moskve sovesjtsjanija rossijskikh poslov v svet novoe informatsionnoe izdanie MID Rossii – ezjegodnik «Diplomatitsjeskij vestnik» za 2005 god*, <http://www.rg.ru/2006/07/05/dipvestnik-anons.html> lest 09.februar, 2009

26 Ministerstvo inostrannykh del, *Zurnal «Diplomatitsjeskij vestnik»*, [http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf) lest 10. februar 2009

27 Ministerstvo inostrannykh del, *Dokumenty i materialy MID Rossii*, [http://www.ln.mid.ru;brp\\_4.nsf/sps](http://www.ln.mid.ru;brp_4.nsf/sps) lest 10.februar 2009

viser kva haldningar det russiske utanriksministeriet har til Barentssamarbeidet. Utanriksministeriet er eit føderalt organ, det kan såleis seiast at ministeriet representerer den russiske føderale haldninga til Barentssamarbeidet. Utanriksministeriet representerer også Russland i både embetsmannsgruppa<sup>28</sup> og Barentsrådet. Dipvest publiserer i hovudsak saker om den mellomstatlege biten av Barentssamarbeidet og går i liten grad inn på regionane si haldning i publikasjonane. Merk at «den russiske haldninga» i dette kapittelet i all hovudsak refererer til den russiske føderale haldninga, med mindre noko anna er presisert i teksten.

Publikasjonane frå MID – artikkel, intervju, tale, stenogram – er alle omarbeidde og publiserte av MID sjølv. Dei fleste publikasjonane er publiserte i det som kan kallast bolkar. Til møta i Barentsrådet er det ofte publisert eit kort intervju i forkant av møtet. Desse intervjuia framstår meir som eit oversyn over spørsmål frå russiske og utanlandske massemmedia med svar frå ein russisk pressetalsmann. Innhaldet i intervjuia formidlar for det meste på dagsorden for føreståande møte i Barentsrådet, men det blir også til ein viss grad formidla kva Russland oppfattar Barentssamarbeidet som. Det vil enkelt og greitt seia kva Barentssamarbeidet er, der mange av utsegnene rundt dette framstår som standardiserte ved at ein kan finna att dei same frasene i seinare publikasjonar. Artiklane frå MID er korte og framstår stort sett som ein presentasjon av dagsorden for møte i Barentsrådet eller eit referat av det. Innhaldet i artiklane blir ikkje problematisert og inneheld, som intervjuia, ein del standardiserte fraser.

I kapittel fire er derimot talane til utanriksministrar og viseutanriksministrar som først og fremst dannar grunnlaget for ei djupare tolking av den russiske haldninga til Barentssamarbeidet. I talane kjem russiske erfaringar, prioriteringar og andre relevante utsegner mykje klarare fram enn i artiklane og intervjuia. På denne måten spelar artiklane og intervjuia ei supplerande rolle for talane. Til slutt i kapittel fire har eg nytta årsrapportar frå Barentssekreariatet. Desse gjev eit oversyn over kva type prosjekt norske styresmakter har brukte pengar på via Barentssekreariatet i Kirkenes. Det er viktig å understreka at dette er den norske satsinga og at også dei andre landa, samt EU, bruker pengar til prosjekt i Barentsregionen.

---

28 Embetsmannsgruppa/CSO (Committee of Senior Officials) førebur saker for Barentsrådet er ansvarlege for den daglege drifta av Barentssamarbeidet på mellomstatleg nivå. CSO har møter 4-6 gonger årleg.

Til kapittel fem – Den regionale, russiske haldninga til Barentssamarbeidet – har eg nytta dokument frå Barents regionråd og Barents regionkomité. Det er viktig å ha klart for seg skilnaden mellom Barentsrådet, Barents regionråd og Barents regionkomité. Medan Barentsrådet er eit organ for det mellomstatlege nivået i Barentssamarbeidet, er Barents regionråd og komité eit organ for det regionale nivået. Eg har gjennomgått møteprotokollar frå 2003-2008 for å sjå korleis den russiske haldninga kjem fram på møta til regionkomiteen. I tillegg til møteprotokollar er det lagt ut kommuniké, program osv. av dei ulike arbeidsgruppene og einingane av Barentssamarbeidet. For å få eit betre oversyn over korleis Barentssamarbeidet er organisert kan du finna organisasjonskartet til Barentssamarbeidet per 2008 under vedlegg.

I utgangspunktet ville eg nytta prosjektrapportar frå Barentssekreteriatet sitt arkiv i Kirkenes til kapittel fire og fem. Etter å ha gått gjennom ein del rapportar blei det klart at desse ikkje var av ein karakter som ville kunna kasta ljós over problemstillingane. Rapportane er skrivne etter at prosjekta var avslutta av mottakarane av midla frå Barentssekreteriatet. Sekretariatet lagar ikkje eigne rapportar med vurderingar etter prosjekta. Difor ber rapportane preg av å berre trekkja fram det positive og inneheld i liten eller ingen grad problematisering av prosjekta. På den andre sida fann eg ein del prosjektrekneskap som stadfesta at russiske styresmakter, både lokale, regionale og føderale, gjev brei støtte til prosjekt i form av finansar og støttebrev. Særleg dei siste åra var det generelle inntrykket at ved svært mange prosjekt er russarane i like stor grad med og finansierer prosjekta som dei nordiske partnerane. Dette står i kontrast til situasjonen på 1990-talet, der russiske styresmakter av ulike grunnar i liten grad hadde midlar til å vera med å finansiera prosjekt.

Kjeldematerialet til kapittel fem kastar ljós over det regionale samarbeidsnivået med ei meir praktisk tilnærming til i Barentssamarbeidet. Det vil seia at det i større grad syner den russiske haldninga i høve til konkrete saker. Materialet kjem i form av møteprotokollar både frå Barents regionkomité og Barents regionråd – heretter regionkomiteen og regionrådet – og frå intervju med personar som har delteke i prosjekt. Det er også nytta årsrapportar frå det norske Barentssekreteriatet og ein rapport frå ei regional arbeidsgruppe. Kort fortalt har regionkomiteen møte på jamn basis og førebur møte for regionrådet. Møteprotokollane er

studerte med fokus på å tolka den russiske haldninga i lys av utsegner til russiske representantar som er protokollførte der.

Regionkomiteen er også ansvarleg for å setja i verk avgjelder som er fatta i regionrådet og har møte på jann basis. Som resultat av den hyppige møteaktiviteten i regionkomiteen er det publisert ei rekke møteprotokoller på heimesidene til Barentssamarbeidet for perioden 2003 til 2008. Protokollane var tilgjengelege for ålmenta fram til hausten 2008 og er lasta ned før desse blei gjort utilgjengelege på veven og det er dette som er grunnen til at Internettadressa til protokollane ikkje er tilgjengelege i kjeldelista.

Møteprotokollane presenterer ikkje eit komplett referat eller stenogram av alt som blei sagt på møta i korkje regionkomiteen eller -rådet. Utsegner som komiteen eller rådet har vedteke å ikkje protokollføra er naturlegvis heller ikkje lagt inn i protokollane. På den eine sida dannar såleis ikkje protokollane eit fullstendig samansett bilet av heile aktiviteten i samarbeidet på det regionale nivået i Barentssamarbeidet. På den andre sida kastar derimot protokollane ljós over ein del av ordskiftet på regionalt nivå i Barentssamarbeidet. Det er dette som ligg til grunn for at desse er vurderte som nyttige og relevante for problemstillinga og nytta i denne masteroppgåva. Gjennomgangen av protokollane byrjar i 2004, då russiske synspunkt i svært liten grad kjem fram i dei to møtedokumenta eg hadde tilgjengelig frå 2003. Eg vil setja punktum for gjennomgangen i mai 2008, då det er ikkje publisert protokollar på heimesidene etter dette. I gjennomgangen er eit visst fokus på ad-hoc-gruppa for organisatoriske endringar. Grunne til dette er at ordskiftet rundt verksemda til gruppa kjem relativt godt fram i møteprotokollane og går over fleire år.

Av evaluatingsrapportar finst det fleire, men mest relevant for problemstillingane er ein rapport av Norsk institutt for by- og regionforsking – NIBR. Denne er interessant både fordi han er ny og fordi han tek eksplisitt opp skilnader mellom russiske og norske respondentar. Rapporten blei gitt ut i 2008 og handlar om Barentssekreariatet sitt program for prosjektstøtte. I rapporten tek ein opp kor nøgde ein er med Barentssekreariatet, kompetanseoverføring, nettverksbygging, kontaktfrekvensar med ulike kontor, finansiering av prosjekt, skilnader mellom russiske og norske respondentar.

## **Media**

Regionalisering er eit viktig tema i den russiske samfunnsdebatten og tek stor plass i russiske media. Barentsregionen har naturleg nok ikkje det same nedslagsfeltet i nasjonale media i Russland, men er heller ikkje heilt ukjend utanfor regionen. Store russiske aviser og vekemagasin som Izvestija, Argumenty i fakty og Ogonjok har ofte artiklar som går inn under temaet regionalisering. Likeins er temaet ofte diskutert på radio og tv. I oppgåva har eg nytta nyhendeartiklar frå norske og russiske media. Eg har også følgt aktivt med på nyhendetenesta Barentsobserver. Denne tenesta er driven av det norske Barentssekretariatet og redaksjonen samlar inn og presenterer nyhende som er relevante for Barentsregionen og -samarbeidet på ein god, omfattande og interessant måte.

### **1.9 Presentasjon av munnleg kjeldemateriale og metode**

Til slutt i kapittel fem kjem det ein gjennomgang av intervju og samtalar som eg gjennomførte under feltarbeid i Apatity, Murmansk, Petrozavodsk og St. Petersburg hausten 2008. Informantane representerte både offentleg og privat sektor og hadde leia eller vore sentrale i samarbeidsprosjekt innan forsking, kultur, næring, utdanning og utveksling. Informantane svarte på spørsmål relaterte til erfaringar, framtidsutsikter, haldningar og prioriteringar. Intervjuet er meinte å spela ei supplerande rolle avslutningsvis for kapittel fem. Dei er også meint å fylla noko av tomrommet mellom 2000 og 2003 grunna manglende offentleggjorde møteprotokollar frå regionkomiteen i denne perioden.

Til intervjuet har eg valt å basera meg på kvalitativ metode. Dette har eg gjort fordi det låge talet på intervju ikkje gjer det særskilt formålstenleg å kvantifisera. På den eine sida vil bruk av kvalitativ metode i avhandlinga vil kunna gje detaljrike svar på problemstillinga. På den sida er det viktig å leggja vekt på reliabilitet og validitet. Reliabilitet har å gjera med kor pålitelege funna er. Til dømes ved transkribering av intervju, i kva grad får ein det same resultatet dersom ein utfører den same handlinga på nytt.<sup>29</sup> Validitet vil seia kva grad observasjonar faktisk samsvarar med med det me ønskjer å veta noko om.<sup>30</sup>

---

29 Kvale, 1997: 47 & 164

30 Ibid. 166

Intervjua er gjennomførte med aktørar i Barentssamarbeidet som har eller har hatt ein sentral posisjon i realiseringa av prosjekt innanfor rammene av Barentssamarbeidet. I den praktiske gjennomføringa av intervjeta har eg nytta ein opptakar i brorparten av tilfella, for å deretter transkribera intervjeta i kort tid etter. Då ein neppe kan klassifisera opptakaren som ein av ypparste klasse valde eg å ikkje nytta opptakar til alle intervjeta. I desse tilfella tok eg notat under intervjuet for deretter å reinskriva referat av intervjuet kort tid etter. Under intervjeta nytta eg også ein intervjuguide med open slutt. Den opne slutten var til for å stimulera til diskusjon og kommentarar med intervjuobjekt etter intervjuet. Dette viste seg derimot i svært liten grad å henda i praksis. Under intervjeta stilte eg spørsmål rundt temaet haldningar. Poenget med spørsmåla var å danna eit meir grundig bilet av haldningane deira. Difor stilte eg både direkte og indirekte spørsmål som dreidde seg om haldningane deira rundt den hovudproblemstillinga. Meir konkret dreidde spørsmåla seg om erfaringar, motiv og framtidsutsikter for Barentsregionen. I tillegg stilte eg spørsmål rundt temaet føderale-regionale relasjonar.

Fyrst stilte eg spørsmål om kva slags erfaringar deltakarane hadde hatt med samarbeid i Barentsregionen. I denne samanhengen prøvde eg også å få fram om det hadde vore noko endring i erfaringar og inntrykk over tid, det vil seia frå tida rundt tusenårsskiftet til 2008. Etterpå følgde spørsmål om kva motiv informantane meinte Russland og dei nordiske landa hadde for å samarbeida gjennom nettopp Barentssamarbeidet. Etter dette følgde spørsmål som skulle kasta ljós over ekspertdiskursen i Russland og deretter kva rolle føderale styresmakter spelar i samarbeidet i praksis. Til slutt stilte eg spørsmål om kva slags framtidsutsikter ein meiner Barentsregionen har.

I tillegg til intervju hadde eg samtalar med russiske forskarar om temaet. Under samtalane stilte eg nokre av dei same spørsmåla, men freista i mykje større grad å diskutera hovudproblemstillingane for avhandlinga. Til saman har eg utført ti intervju og to samtalar i Murmansk, Apatity, Petrozavodsk og St. Petersburg. Dei aller fleste informantane hadde eg oppretta kontakt med før felterbeidet. Resten kontakta eg etter tips frå andre informantar. Sjølv om eg har oppheldt meg ein del i Russland tidlegare, er eg framleis ein representant for eit av dei deltakande landa i Barentssamarbeidet. Slike moment kunne potensielt påverka

objektiviteten min under og etter intervjuet. Likevel meiner eg at det slike moment ikkje vil utgjera noko stort problem i høve til metode og den utfyllande rolla intervjuet spelar i masteroppgåva. Eg gjennomførte alle intervjuet på russisk. Dette var svært utfordrande språkleg sett, men det viste seg at det i liten grad å vera problematisk både under og etter intervjuet. Det var utfordrande å gjera notat fortløpende, men essensen og poenga til informantane var likevel uproblematisk å notera. Det var lettare, men meir tidkrevjande, å transkribera intervjuet om til tekst og det var svært få ord som var umogleg å tyda.

Alle omsetjingar frå russisk til norsk er gjort av meg. Standard transkribering av russiske bokstavar og teikn til norsk er nytta med unntak av etablerte namn som til dømes Jeltsin i staden for El'tsin og Stockman for Sjtokman. Bortsett frå i litteraturlista er ikkje blaute og harde teikn tekne med i transkriberinga til norsk. Eg har også sett om alle russiske titlar under kjelder og litteratur til norsk slik også lestarar som ikkje er russisk-kyndige skal kunna forstå desse.

## Kapittel 2

# Føderale-regionale tilhøve i Russland

### 2.1 Innleiing

Dette kapittelet handlar om regionaliseringstendensar i Russland på 1990-talet og etter tusenårsskiftet. Desse to periodane har eg valt å kalla Jeltsin-perioden og Putin-perioden. Presentasjonen freistar å gje eit kronologisk oversyn over tilhøvet mellom dei russiske regionane og føderale styresmakter og står seg til både russiske og vestlege forskrarar. Skilnader og likskapar mellom forskarane blir drøfta gjennom kapittelet for å kartleggja om det er store skilnader mellom den vestlege og russiske forskingslitteraturen. Dette kapittelet fungerer som ein bakgrunn for hypotesen. Korleis utvikla tilhøvet mellom føderale styresmakter og regionane seg? Kan denne utviklinga seiast å ha ført til at regionane fekk mindre handlingsrom?

### 2.2 Jeltsin-perioden

Sovjetunionen bestod av i alt femten unionsrepublikkar. Den Russiske sovjetiske føderative sosialistiske republikk – RSFSR – var ein av desse, som igjen formelt sett organisert som ein føderasjon. RSFSR eksisterte innanfor dei same grensene til det som i 1991 blei til Den russiske føderasjonen.

Gitt det enorme området, innbyggjartalet og den etniske samansetninga er det ikkje overraskande at Russland er føderativt organisert,<sup>31</sup> når ein samanliknar Russland med andre føderasjoner som Argentina, Brasil, Canada, USA. Ein kan også sjå til den varierte karakteren i høve til etnisitet, historie og kultur i Russland. Dei russiske forskarane Isaev og Baranov argumenterer for at føderalisme er den politisk-juridiske optimale forma for både dei russiske regionane og Russland.<sup>32</sup>

Felles grunntrekk for føderasjoner, slik svenske Johnny Rodin definerer det i

31 Hønneland & Jørgensen 2006: 80

32 Isaev & Baranov 2008: 140

doktorgradsavhandlinga si, er at føderasjonar må ha minst to styringsnivå – eit føderalt og eit regionalt. I tillegg må eitt av desse styringsnivåa ha minst eitt område dei har jurisdiksjon over aleine.<sup>33</sup> I Russland har til dømes det føderale nivået jurisdiksjon over mellom anna utanrikspolitikk, medan det regionale nivået, etter definisjonen i grunnlova, har jurisdiksjon over dei områda føderal lovgjeving ikkje regulerer. Eit døme på dette er regional utanriks-politikk som etter føderal lov skal vera i tråd med russiske føderale synspunkt.

## Føderasjonsavtalen

Då Sovjetunionen blei oppløyst i 1991, blei alle regionane som seinare skulle gå med i Barentsregionen ein del av det nye Russland. Stadfestinga av statusen som ein del av Den russiske føderasjonen blei formalisert gjennom føderasjonsavtalen som alle dei russiske regionane utanom republikkane Tatarstan og Tsjetsjenia underteikna i mars 1992. På 1990-talet såg ein eit slags frislepp eller liberalisering av autonomien til regionane i Russland, både politisk og økonomisk.

Regionalisering blir i Vesten ofte sett på som eit gode og eit sentralt trekk ved eit moderne demokrati.<sup>34</sup> Synet på regionalisering i forskingslitteratur om Den russiske føderasjonen treng ikkje alltid vera like positivt. Hønneland viser til dømes til at mange mot slutten på 1990-talet i Russland tykte at landet nå hadde fått ein «guvernørmafia» som hadde teke seg til rette på fellesskapet si rekning.<sup>35</sup>

Den russiske samfunnsforskaren Boris Isaev har forfatta boka «Politiske tilhøve og den politiske prosessen i det moderne Russland», som tek opp frisleppet på 1990-talet. I denne framstiller han regionaliseringa i Russland på 1990-talet i liten grad som positiv. Han argumenterer for at det var eit autoritært styre på regionalt nivå blanda med demokratisk styre på føderalt nivå.<sup>36</sup> Grunnen til at føderale styresmakter lét denne regionaliseringa få gå sin gang var at det overordna målet for føderale styresmakter var å halda føderasjonen samla. Dette kan kan også sjåast i samanheng med nokre av dei trekka Isaev listar opp som prega Russland under presidentskapet til Jeltsin. Dette er mellom anna statleg ineffektivitet,

---

33 Rodin 2006: 99

34 Hønneland & Jørgensen 2006: 87, 93

35 Ibid. 87

36 Isaev & Baranov 2008: 187

autoritært styre påverka av oligarkar, uformelle band i politikken blei viktigare, stor lobbyverksemd osb.<sup>37</sup>

Hønneland og Jørgensen ser på denne overføringa av makt til regionane tidleg på 1990-talet som eit tiltak mot nasjonalforsamlinga som var dominert av kommunistane, som ikkje stødde Jeltsin. Ved å overføra meir makt til regionane kunne Jeltsin derimot få støtte frå førstekammeret (føderasjonsrådet), der kvar region hadde to representantar. Dei argumenterer vidare for at det etter dette var fritt fram for regionane å laga lover på område det ikkje fanst føderale lover.<sup>38</sup> Hønneland og Jørgensen viser, likeins Isaev, at dei regionale leiarane i føderasjonssubjekta nytta autoritære metodar til å styra regionane.<sup>39</sup> For unngå at føderasjonen skulle gå i oppløysning peikar Hønneland og Jørgensen på at Russland på denne tida på mange måtar blei gjort om til ein uregjerleg konføderasjon, då landet fyrst og fremst trong konsolidering.<sup>40</sup> I avhandlinga til Rodin er forklaringa på denne tendensen at dette var ein freistnad på å hindra at Den russiske føderasjonen skulle falla frå kvarandre. Dette ser han på bakgrunn av at mange av regionane hadde blitt førespeglia ein mykje meir desentralisert føderasjon gjennom føderasjonsavtalen frå 1992, enn det grunnlova av 1993 gav, og ved at føderale styresmakter inngjekk bilaterale avtalar med mange regionar.<sup>41</sup>

## Bilaterale avtalar

Dei bilaterale avtalane var på den eine sida eit ledd i arbeidet for å tryggja den territorielle integriteten til Russland. Mange vil meina at det var reell fare for at Den russiske føderasjonen kunne gå i oppløysing slik som Sovjetunionen hadde gjort i 1991. På den andre sida gjorde dette Russland til ein asymmetrisk føderasjon. I dette tilfellet tyder asymmetrisk føderasjon at ulike regionar har ulike rettar. Gjennom eigne bilaterale avtalar med føderale styresmakter fekk 47 av 89 regionar særskilte rettar som andre regionar ikkje hadde gjennom grunnlova ved å inngå slike avtalar.<sup>42</sup>

Praksisen med dei bilaterale avtalane bidrog til ein desentralisering eller regionaliseringe

37 Isaev & Baranov, 2008: 189

38 Hønneland & Jørgensen, 2006: 83

39 Ibid. 87

40 Ibid. 35

41 Rodin, 2006: 53

42 Isaev & Baranov, 2008: 64

tendens på 1990-talet. Avtalane innebar at det juridiske og økonomiske rommet blei fragmentert. Isaev argumenterer for at denne regionaliseringa førte til økonomisk tilbakegang på 1990-talet og svekking av det administrative potensialet til staten. Regionaliseringa i form av dei bilaterale avtalane og overføringa av institusjonelle, administrative og økonomiske resursar til regionane, førte til at føderale styresmakter fekk mindre påverknad på dei regionane, som igjen var ei årsak til den økonomiske tilbakegangen.<sup>43</sup> Rodin har ei liknande tilnærming til denne praksisen og viser til ei rekke vestlege forskrarar i høve til kva konsekvensar han fekk for føderasjonen. Juridiske asymmetriar i det russiske føderale systemet viste seg også å vera eit alvorleg hinder for å konsolidera staten. Det medførte samstundes eit hinder for dei politiske og økonomiske fordelane som eit einskapleg føderalt system er venta å gje.<sup>44</sup>

Mellom 1994 og 1998 inngjekk heile 46 av 89 regionar bilaterale avtalar med føderale styresmakter.<sup>45</sup> Den fyrste regionen som inngjekk ein slik bilateral avtale var republikken Tatarstan. Styresmaktene i Tatarstan hadde allereie i 1990 byrja å forhandla med Moskva om ein maktfordelingsavtale.<sup>46</sup> Dei skreiv ikkje under føderasjonsavtalen før i 1994, etter at dei fekk forhandla fram ein eigen bilateral avtale med føderale styresmakter som gav dei meir autonomi i form av særskilde rettar i høve til andre regionar. Etter dette byrja også andre regionar i Russland å krevja slike avtalar.

Eit trekk var at mange av regionane som inngjekk slike avtalar hadde etnisk definert status. Til dømes har republikkane Komi og Karelia og Nenets autonome område har slik status, medan fylka Murmansk og Arkhangelsk er territorielt definerte. Barentsregionen er rik på naturressursar og det er difor nærliggjande å peika på artikkel 72 i den russiske grunnlova. Denne artikkelen tek føre seg område, mellom anna forvalting av naturressursar, der det føderale og regionale nivået har delt ansvar.<sup>47</sup> I Barentsregionen inngjekk to regionar bilateral avtale med føderale styresmakter. Republikken Komi inngjekk først ein bilateral avtale med føderale styresmakter i 1996 og året etter fylgde Murmansk fylke etter.<sup>48</sup> Større regional autonomi vil somme gjerne rekna som eit steg i retning av eit meir demokratisk samfunn. For

43 Isaev & Baranov 2008: 63-64

44 Rodin 2006: 54

45 Filippov & Shevtsova, 1999: 61-62

46 Ibid. 72

47 Hønneland & Jørgensen, 2006: 83

48 Söderlund, 2003: 317

å sjå om det på dette området er skilnader mellom russiske og vestlege forskarar kan me sjå nærmare på korleis dei framstiller dette.

Den britiske russlandsforskaren Richard Sakwa argumenterer for at leiarskapen i Russland under Jeltsin blei personifisert. Bak den formelle demokratiske fasaden opererte eit administrativt regime som var alliert med oligarkar. Eit problem med dette var at det politiske regimet då rekna seg fritt demokratisk ansvar og folkelig kontroll.<sup>49</sup>

Den russiske forskaren Isaev viser til at det var tendensar i retning eit representativt demokrati mot midten av 1990-talet.<sup>50</sup> Desse tendensane blir her presenterte som ein mogleg årsak til mange av problema i Russland på 1990-talet. Isaev viser her til ein annan samfunnsvitar, Smolin, som tolkar resultatet av desse tendensane slik: «demokratisering førte til populisme, avbyråkratisering førte til uprofesjonalitet, desentralisering til 'guvernørparade'». <sup>51</sup> Isaev oppfattar heller ikkje perioden under presidentskapet til Jeltsin som fullverdig demokratisk. «Brorparten av samfunnsvitarane og politikarane er samde om at det politiske regimet under den fyrste presidenten av Russland ikkje var diktatorisk, men det er samstundes vanskeleg kalla det demokratisk». <sup>52</sup> Han viser vidare til at ulike samfunnsvitarar har nytta uttrykk som autoritært demokrati, halvdemokrati, russisk hybrid, fasadedemokrati, veljar-klan-demokrati eller klandemokrati, for å setja ord på det russiske demokratiet på 1990-talet.<sup>53</sup>

## 2.3 Putin-perioden

Då Putin tok over presidentembetet sette han i verk tiltak for å snu regionaliseringsprosessen som hadde gått føre seg under Jeltsin. Føderale styresmakter gjennomførte ei rekkje tiltak for å skapa ein meir symmetrisk føderasjon ved å oppretta føderale distrikt og avvikla dei bilaterale avtalane som var inngått med regionane under Jeltsin. Makta blei også i større grad sentralist ved at regionale leiarar nå skulle utnemnast av presidenten i staden for å veljast ved folkerøystingar i regionane. For Barentssamarbeidet sin del kan denne sentraliseringa ha ført til at regionane fekk mindre handlingsrom.

---

49 White, Gitelman & Sakwa, 2005: 12

50 Isaev & Baranov, 2008: 186

51 Smolin, O.N., 2006: 197 i Isaev & Baranov, 2008: 186

52 Isaev & Baranov, 2008: 187

53 Ibid. 187

## **Dei føderale distrikta og regionalt lovverk**

Her skal me fyrst sjå på korleis opprettinga av dei føderale distrikta i 2000 påverka regionane. Etterpå skal me ta for oss avviklinga av dei bilaterale avtalane, der eit interessant moment er korleis mange av dei regionale leiarane tok i mot reformene Putin sette i gang på byrjinga av 2000-talet.

Etter at Vladimir Putin blei president er det den generelle oppfatninga at det var ei endring i høve til regionaliseringstendensen på 1990-talet. Putin lanserte reformer som førte til ei innstramming av regional autonomi. Ein viktig del av denne prosessen var det at dei bilaterale avtalane skulle avviklast, som Putin meinte var ugyldige. Også det regionale lovverket skulle reviderast slik at det ikkje lenger var i strid med føderalt lovverk. For å gjennomføra dette oppretta føderale styresmakter sju føderale distrikt med kvar sin presidentutnemnde utsending. Mandatet til desse inspektørane var mellom anna at dei skulle arbeida for å revidera det regionale lovverket. Barentsregionen utgjer den nordlege halvdelen av det nordvestlege føderale distriktet, der sentrum i distriktet ligg i St. Petersburg.

Bortsett frå forsvars- og utanrikspolitikk kan regionane etter artikkel 72 i grunnlova vedta lover så lengje dei ikkje står i motsetnad til føderale lover.<sup>54</sup> Det var på dette juridiske grunnlaget regionane hadde vedteke lover på 1990-talet. Likevel var nå om lag 50 000 av dei regionale lovene ugyldige etter den same artikkelen som dei tok utgangspunkt i fordi dei likevel var i strid med føderale lover eller grunnlova. Svaret på denne utviklinga blei å oppretta eit nytt administrativt føderalt nivå i form av dei føderale distrikta i år 2000.

Hovudoppgåva til utsendingane var å endra regionale lover og politikk slik at dei kom i samsvar med føderal lovgjeving og politikk.<sup>55</sup> Sakwa argumenterer for at det var ei viss militarisering av føderal styring fordi dei føderale distrikta samsvarer geografisk med inndelinga av dei militære distrikta.<sup>56</sup> Eit anna moment er at leiarane i fem av sju føderale distrikta var såkalla *siloviki* – direkte omsett tyder *silovik* som er eintalsforma av dette *siloviki* «sterk mann» og tyder offentlege tenestemenn med bakgrunn frå militæret eller dei løynlege tenestene KGB eller FSB.

---

54 Hønneland & Jørgensen, 2006: 83

55 Isaev & Baranov, 2008: 65

56 Sakwa, 2005: 142

Resultatet av desse regionaliseringsreformene blei at regionale lover og grunnlover blei endra slik at dei blei betre tilpassa føderale lover og den føderale grunnlova. Russiske regionar har ei eiga grunnlov kalla stiftingsdokument, medan regionar med status som republikk har konstitusjon. Skilnaden mellom desse er derimot berre av symbolsk art. Republikkar har til dømes høve til å ha eit ekstra offisielt språk i tillegg til russisk. Isaev peikar på at på den eine sida førte verksemda til dei føderale distrikta i byrjinga til alvorlege konfliktar. På den andre sida kunne den russiske presidenten allereie etter eitt år peika på positive verknader av reforma.<sup>57</sup>

Biletet verkar likevel å vera noko meir samansett enn slik Isaev presenterer det. Rodin peikar her på mindre velståande regionar som til dømes Dagestan, ein republikk i Nord-Kaukasus. Presidenten i republikken uttalte at desse reformene fullt og heilt tente Russland sine interesser.<sup>58</sup> Derimot fekk reformene ein del kritikk frå politisk sterke regionar.<sup>59</sup> Dei argumenterte for at dei nye føderale distrikta berre ville bli nok eit byråkratisk nivå, samt at føderasjonen ville bli altfor sentralisert. I tillegg argumenterte dei for ein asymmetrisk føderasjon, der dei bilaterale avtalene burde vera ein del av det føderale systemet.

### **Avviklinga av dei bilaterale avtalane**

Dei bilaterale avtalane gjorde at Russland hadde blitt ein asymmetrisk føderasjon. Då Putin blei president kan ein seia at trenden med bilaterale avtalar faktisk allereie var snudd. Avtalane blei avvikla i løpet av den fyrste presidentperioden til Putin. Forslaget om å avvikla dei var derimot ikkje nytt, til dømes hadde Jevgenij Primakov argumentert for ei sentralisering under sin statsministerperiode 1998-1999.

Rodin peikar på at Putin vedgjekk at sjølv om mange av dei regionale lovane var ugyldige fordi dei motsa føderal lovjeving eller grunnlov, var likevel dei bilaterale avtalane legitime. Putin meinte avtalane ikkje var legitime fordi forhandlingane rundt dei hadde blitt gjort bak lukka dører og at slike avtalar måtte byggja på konsensus og ikkje gjerast bak ryggen på dei andre regionane.<sup>60</sup> Føderale styresmakter byrja deretter å arbeida for å avvikla dei bilaterale

---

57 Isaev & Baranov 2008: 65

58 Rodin 2006: 210

59 Basjkortostan, Komi, Moskva, St. Petersburg, Sakha, Tatarstan og Tsjuvasjia (Rodin 2006: 210)

60 Rodin, 2006: 146

avtalane. Isaev viser til at berre 14 av dei nærmere femti avtalane frå 1990-talet i 2002 framleis stod ved lag og at resten blei til slutt avvikla på ulike vis. Dette medførte ein symmetrisk føderasjon ved at den politiske statusen mellom regionane blei jamna ut.<sup>61</sup> For å sjå om det på dette området er skilnader mellom russiske og vestlege forskarar kan me sjå nærmare på korleis dei framstiller dette.

Forskarane såg ikkje på Jeltsin-perioden som fullverdig demokratisk. I høve til sentraliseringa og innstramminga under Putin skal me sjå kva forfattarane meiner var bakgrunnen for reformene i 2000 og 2004. I 2000 galdt reforma mellom anna representasjon i føderasjonsrådet og i 2004 avvikling av mellom anna direktevalt regional leiar. Føderasjonsrådet er andrekkameret i den føderale forsamlinga/parlamentet, der kvar region har to representantar.

Reforma om representasjon i føderasjonsrådet kom i 2000. Denne innebar at regionale leiarar ikkje lenger kunne møta i føderasjonsrådet, så i staden for å møta sjølv skulle dei utnemna ein representant for seg. Isaev skriv at regionale leiarar med dette mista eit høve til å påverka sentrum, samstundes som den politiske tyngda til regionane blei mindre.<sup>62</sup> I høve til korleis regionane tok i mot dette tiltaket skriv Isaev at dei fyrst var mot denne reforma, men at dei blei tvungne av dumaen og presidenten. Dumaen er førstekammeret i den føderale forsamlinga/parlamentet med 450 sete der 225 blei fordelt proporsjonalt etter partioppslutnad og resten etter val i einmannsdistrikt.<sup>63</sup> Etter 2004 blir alle seta fordelt etter partioppslutnad. Hønneland hevdar at systemet før reforma i 2000 hadde manglar fordi representantane brukte mykje tid av tida på å gjera avtalar med regjeringa og presidenten i Moskva for regionane dei representerte, i staden for å tenkja på kva som var best for føderasjonen.<sup>64</sup>

Den neste reforma i 2004 avskaffa val av regionale leiarar. Frå 2005 skulle dei peikast ut av presidenten. Den lovgjevande forsamlinga i regionane hadde derimot høve til å nekta å godkjenna den utpeikte, men dei risikerte samstundes å bli oppløyste dersom dei gjorde det. Denne reforma kom i kort etter gisselaksjonen i Beslan i 2004 som eit tiltak for å styrka «den utøvande vertikalen». I følgje føderale styresmakter var dette eit tiltak mot terrorisme. Den utøvande vertikalen definerer Hønneland som: «[...] transmisjonsbeltet mellom sentralt og

---

61 Isaev & Baranov, 2008: 66

62 Ibid. 65

63 Rodin, 2006: 49

64 Hønneland, 2006: 65

lokalt nivå som kommunistpartiet hadde stått for i sovjetiden, men som nå var forpurret av de direktevalgte (les: potensielt egenrådige) guvernørene». Hønneland skriv at dette forslaget, generelt sett, blei teke godt i mot av dei fleste regionale leiarane.<sup>65</sup> Dette tiltaket kan sjåast i lys av den sterke stillinga til presidenten og russarane sitt behov for ein sterk leiar. Samstundes argumenterer Hønneland for at dette gav mange regionale leiarar høve til å halda fram med ytterlegare periodar sjølv om dei allereie hadde sete to periodar som guvernør eller president.

## 2.4 Oppsummering

I dette kapittelet har eg presentert regionaliseringstendensar i Russland på 1990-talet og etter årtusenskiftet og vist korleis utvalde vestlege og russiske forskarar framstiller regionalisering i Russland på 1990-talet og åra etter tusenårsskiftet. Med dette som grunnlag ser det ikkje ut til å vera store skilnader mellom dei utvalde russiske og vestlege forskarane. Derimot ser både drøftingar og framstillingar ut til å vera relativt like.

Framstillinga av regionaliseringa på 1990-talet i hovudsak er negativt. På byrjinga av 1990-talet var det relativt fritt fram for dei russiske regionane å vedta lover på ei rekkje område, sidan det føderale lovverket var relativt fråverande. Dei bilaterale avtalane ser forskarane som eit verktøy for å hindra at Russland skulle bryta saman slik Sovjetunionen gjorde i 1991. Praksisen med dei bilaterale avtalane førte til at føderasjonen blei juridisk og økonomisk asymmetrisk, der fordelane med ein føderativ organisering av landet blei redusert.

Etter at Putin blei president var det eit skifte i regionaliseringstendensen. Regionale leiarar fekk mindre makt og sentrum fekk auka makt via ei politisk og juridisk innstramming. Regionale lover blei reviderte slik at dei ikkje stridde med føderale lover, regionale leiarar skulle utnemnast i staden for å veljast direkte og dei føderale distrikta blei oppretta mellom anna for å avvikla dei bilaterale avtalane. Regionane var også generelt sett positive til reformene. På dette grunnlaget kan innstramminga seiast å ha medført at regionane fekk mindre handlingsrom.

---

65 Hønneland 2006: 88

## Kapittel 3

# Bakgrunnen og organiseringa av Barentssamarbeidet

### 3.1 Innleiing

I dette kapittelet gjer eg greie for bakgrunnen og organisering av Barentssamarbeidet. Fyrst kjem eit oversyn over dei russiske regionane som deltek i Barentssamarbeidet der nokre geografiske særtrekk blir drøfta. Deretter følgjer ein del der eg gjer greie for historia til samarbeidet og regionane. Til slutt kjem ein presentasjon av organiseringa av Barentssamarbeidet. Kva karakteriserer dei russiske regionane? Kva er bakgrunnen for samarbeidet? Korleis er Barentssamarbeidet organisert?

### 3.2 Oversyn over dei russiske regionane i Barentsregionen

Figur 1 - «Regionane som deltek i Barentssamarbeidet»



Kjelde: The Barents Euro-Arctic Region, *Facts about the Barents Euro-Arctic Region*, <http://www.beac.st/?Deptid=25762> lest 12.mai 2008

I det følgjande går eg viktige geografiske særtrekk ved dei russiske regionane i Barentssamarbeidet. Desse trekka blir deretter mot slutten av delkapittelet drøfta for heile den russiske delen av Barentsregionen. Ein del av taloppgåvene som blir presenterte er frå 1990-talet. Sjølv om det er noko gammalt har eg likevel valt å nytta desse fordi målet med denne presentasjonen ikkje er å gå i detalj, men å visa generelle trekk som karakteriserer regionane.

## Murmansk fylke

Murmansk fylke er den einaste russiske regionen som deltek i Barentssamarbeidet med grense til Noreg, men grensar også til Lappland-regionen i Finland. Murmansk fylke ligg aust for Finnmark på Kolahalvøya ved Barentshavet og Kvitsjøen. Saman med Nenets autonome område er dette den nordlegaste regionen som deltek i Barentssamarbeidet og så og seja heile Murmansk fylke ligg nord for Polarsirkelen. I 2008 var det 851 000 innbyggjarar i fylket,<sup>66</sup> medan det budde 317 500 i byen Murmansk i 2007.<sup>67</sup> Den etniske samansetninga i regionen er dominert av russarar, der 83 % av innbyggjarane definerte seg som dette ved folketeljinga i 1989.<sup>68</sup>

Murmansk fylke er territorielt definert, det vil seja at fylket tek utgangspunkt i eit geografisk område i motsetnad til ei eller fleire gitte etniske folkegrupper. Viktige næringar i regionen er fiskeri, gruve drift og tungindustri. Ein god del av byane i regionen er bygde opp kring ei hjørnesteinsbedrift eller einskild næring. Til dømes baserer byen Nikel ved norskegrensa seg på utvinning av nikkel og byen Apatity på apatitt.

## Karelen

Den karelske republikken ligg sør Murmansk fylke og grensar til Finland i vest, Leningrad fylke i sør og Arkhangelsk fylke i aust. Republikken har 691 000 innbyggjarar. Innbyggjartalet i hovudstaden – Petrozavodsk – er 282 400.<sup>69</sup> Titulærbefolkinga karelalar,

<sup>66</sup> Rosstat/Federal'naja sluzjba gosudarstvennoj statistiki , 2008, *Otsenka tsjislennosti postojannogo naselenija sub'ektov Rossijskoj federatsii*,  
[http://www.gks.ru/free\\_doc/2008/demo/popul08.htm](http://www.gks.ru/free_doc/2008/demo/popul08.htm) lest 15.mai 2008

<sup>67</sup> Dahlberg, 2008: 16

<sup>68</sup> Lausala & Valkonen, 1999: 60

<sup>69</sup> Ibid. 63

den befolkninga som har gitt namn til regionen, utgjer om lag 10 % av desse,<sup>70</sup> medan 74 % reknar seg som russarar.<sup>71</sup> Karelarane og det karelske språket slektar nært på finnar og finsk språk. Både finsk, karelsk og vepsisk språk blir talt i republikken, men russisk er likevel det offisielle språket. Den offisielle grunnen til dette er at dei andre språka i Karelen baserer seg, likeins finsk i Finland, på det latinske alfabetet. Etter føderal lov må alle offisielle språk i Russland basera seg på det kyrilliske alfabetet.

Området som utgjer Den karelske republikken er etnisk definert med utgangspunkt i den karelske folkegruppa som bur der. Den viktigaste næringa i republikken er skogbruk.<sup>72</sup> Regionen eksporterer også ein del tømmer til Finland. På denne eksporten har russiske styresmakter lagt eksportavgift på for å prøva auka produksjonen av tømmerprodukt lokalt i staden for å eksportera råvarer til Finland og andre importland.

## **Arkhangelsk fylke**

Arkhangelsk fylke ligg langs Kvitsjø-kysten, aust for Karelen. Denne regionen er den mest folkerike området i Barentsregionen med 1,27 millionar innbyggjarar.<sup>73</sup> Regionen er territorielt definert, der 92 % reknar seg som etniske russarar.<sup>74</sup>

Viktige næringar i regionen er mellom anna skogbruk.<sup>75</sup> Skogindustrien viktig og stod for om lag 36 % av den totale industriproduksjonen i regionen, medan denne næringa stod for om lag 80 % av eksportinntektene til regionen i 1998.<sup>76</sup>

---

70 Brunstad m.fl. 2004: 32

71 Lausala & Valkonen, 1999: 63

72 Hønneland, 2005: 29

73 Rosstat/Federal'naja sluzjba gosudarstvennoj statistiki , 2008, *Otsenka tsjislennosti postojannogo naselenija sub'ektov Rossijskoj federatsii*,  
[http://www.gks.ru/free\\_doc/2008/demo/popul08.htm](http://www.gks.ru/free_doc/2008/demo/popul08.htm) lest 15.mai 2008

74 Hønneland, 2005: 28

75 Ibid. 29

76 Lausala & Valkonen, 1999: 161

## **Nenets autonome område**

Alle autonome område i Russland ligg administrativt under eit fylke eller republikk. Det vil seia at ein del administrative funksjonar er overførte til eit anna fylke eller republikk. For Nenets autonome område sitt tilfelle er desse funksjonane overført Arkhangelsk fylke. Nenets ligg langs Barents- og Karahavet. Området ligg nord for republikken Komi og aust for Arkhangelsk fylke. Heile regionen ligg nord for polarsirkelen. Det er 41 500 innbyggjarar i regionen med Narjan-mar som sentrum.

Titulærfolket, nenetsarar, utgjer om lag 20 % av folkemengda i området<sup>77</sup>. Nenetsarane er eit urfolk som tradisjonelt har drive med reindrift. Dei viktigaste næringane i regionen er utvinning av olje og gass, samt reindrift.<sup>78</sup>

## **Republikken Komi**

Komi er den einaste regionale eininga i Barentsregionen utan kyst. Komi ligg sør for Arkhangelsk fylke og Nenets autonome område. Det bur 1,14 millionar innbyggjarar i republikken. Regionen er etnisk definert med utgangspunkt i titulærfolket komi som utgjer rundt ein fjerdedel av folketalet<sup>79</sup>. Komiane er eit finsk-ugrisk folkeslag. I tillegg til russisk, som er det offisielle språket i alle russiske regionar, er også komi-språket offisielt språk i republikken.

Viktige næringar i regionen er mellom anna utvinning av kól, olje og gass.<sup>80</sup> Energisektoren er også dominerande når det gjeld industrien. Her står produksjonen av bensin og diesel for 55 % av den totale produksjonen.<sup>81</sup>

## **Den russiske delen av Barentsregionen**

---

<sup>77</sup> Vserossijskaja perepis' naselenija 2002 goda, 2002, 4.2. *National composition for regions of the Russian Federation*, <http://perepis2002.ru/index.html?id=87> lest 18.mai 2008

<sup>78</sup> Hønneland, 2005: 29

<sup>79</sup> Vserossijskaja perepis' naselenija 2002 goda, 2002, 4.2. *National composition for regions of the Russian Federation*, <http://perepis2002.ru/index.html?id=87> lest 18.mai 2008

<sup>80</sup> Hønneland, 2005: 29

<sup>81</sup> Lausala & Valkonen, 1999: 167

Den russiske delen av Barentsregionen dekkjer eit stort område med liten folketettleik. Det finst ei rekke fellestrekks mellom desse regionane. Ein openberr likskap er den nordlege orienteringa til regionane. Mykje av Barentsregionen ligg nord for Polarsirkelen og regionen har også eit barskt klima med både tundra og taiga. Med unntak av Kola-fjorden er alle andre store hamner i regionen islagde om vinteren.

Den russiske delen Barentsregionen er svært rik på naturressursar. Dette gjeld særskilt mineral-, skog-, bio- og energiressursar. I boka «*Regional'naja ekonomika Rossii*»<sup>82</sup> blir dei russiske nordområda karakteriserte som eit «naturressurslager». Denne ressursrikdommen gjev grunnlag for mykje av den økonomiske aktiviteten i regionen. Industrien her er også nært knytt til prosessering av råmaterialer som mellom anna fisk, olje, tømmer. Dette gjer regionen også svært sårbar for fluktureringar i råvarereprisar på verdsmarknaden, men det er samstundes mogleg for dei å dra nytte av høgkonjunkturar på råvaremarknaden.<sup>83</sup>

Befolkinga i regionen samansett av fleire folkegrupper. Russarar er likevel den dominante folkegruppa og er også den talmessig største gruppa i alle regionane, også i dei tre etnisk definerte regionane – Nenets, Karelia og Komi.

### **3.3 Bakgrunnen for Barentssamarbeidet**

Her vil eg gje eit oversyn over historia til dei russiske regionane som deltek i Barentssamarbeidet i lys av norsk-russiske kontaktflater. Sidan desse kontaktflatene først og fremst handlar om kystnære regionar vil det såleis høva seg med ein fokus på dei russiske fylka Murmansk og Arkhangelsk.

#### **Norsk-russiske relasjonar og Pomortida**

Kysten langs Barentshavet og Kvitsjøen var på 800-talet skattlagd av Ottar frå Hålogaland. Området kom seinare inn under den russiske interessenfæren til den russiske bystaten

---

82 Kistanov & Kopylov, 2006

83 Ibid. 341

Novgorod og det kom til konfliktar mellom nordmenn og russarar. Novgorod er ein by som ligg ved Ilmen-sjøen sør for St. Petersburg. Novgorod og Kiev i dagens Ukraina er rekna som fødestaden til den russiske sivilisasjonen. På 1100-talet kom dei fyrste russarane til dette nordlege området.<sup>84</sup> Russarane som busette seg i området blei kalla pomorar. Pomor er uteidd av «pomorje» som tyder «langs kysten», det vil seia; «folk som bur ved kysten».

Nord-russarar og nordlendingar hadde heilt sidan vikingtida handla med kvarandre. Kontakten mellom desse nådde høgdepunktet i perioden 1814-1917.<sup>85</sup> Hjørnestenen i handelen mellom dei russiske pomorane og folka i Nord-Noreg var bytehandel, der russiske kornprodukt blei byta mot norsk fisk. Frå 1700-talet av fram til den russiske revolusjonen i 1917 blei det drive utstrekkt handel mellom pomorane i Russland og Nord-Noreg så langt sør som til Bodø. På 1840-talet vitja vanlegvis mellom 300 og 350 pomor-skip Finnmark og Troms årleg.<sup>86</sup> Det er dette som blir kalla pomorhandelen. Pomorane reiste frå Kolahalvøya og områda rundt Kvitsjøen til Nord-Noreg. Som eit resultat av dette oppstod eit pidginspråk kalla russe-norsk som blei bruk i handelen. I 1859 fekk også dei første nordmennene hove til å busetja seg langs kysten av Kolahalvøya og med tida auka den norske innvandringa monaleg.<sup>87</sup>

### **Oktoberrevolusjonen og utviklinga av dei sovjetiske nordområda**

Etter Oktoberrevolusjonen i 1917 vendte mange av nordmennene tilbake til Noreg, medan dei som var att blei deporterte til andre område i 1939. Svært få overlevde deportasjonen.<sup>88</sup> I dette området var det gode tilhøve for dei norske nybyggjarane å驱va med fiske og jakt og mange busetjingar hadde fleire hundre innbyggjarar. Den største av desse var det som i dag heiter Tsyptnavalok på austsida av Fiskarhalvøya.<sup>89</sup>

Namnet på byen Murmansk kjem frå «*murman*», som russarane i dette området kalla nordmennene, medan ordet for «nordmann» på moderne russisk «*norvezjets*». Murmansk by er nokså ung i historisk samanheng. Byen blei ikkje grunnlagd før i 1916 «*Romanov na*

---

84 Niemi, 1992

85 Nielsen, 1994 i Stokke & Tunander, 1994: 87

86 Ibid. 93

87 Ibid. 97

88 Ibid. 97

89 Jentoft, 2001

*Murmane»* i samband med utbygginga av jernbana frå Petrozavodsk i Karelen til dagens Murmansk ved Barentshavet. Byen blei etter Oktoberrevolusjonen døypt om til Murmansk, fordi «Romanov» var namnet på tsarfamilien.

Under den fyrste verdskriga skulle forsyningar og utstyr frå Storbritannia, Frankrike og USA førast inn til Murmansk til bruk i krigen mot sentralmaktene. Den fyrste sovjetiske femårsplanen blei sett i verk i 1929 og tok sikte på ei rask industrialisering av Sovjetunionen.<sup>90</sup> Med denne steig folketalet kraftig og industrien i nordområda blei intensivt bygd ut. Tyske flyåtak påførte Murmansk store skadar under den andre verdskriga, då byen framleis var ei strategisk viktig innfartsåre for forsyningar frå dei allierte under den andre verdskriga.

Medan Murmansk er meir prega av den sovjetiske perioden har Arkhangelsk ei mykje eldre historie å visa til i form av å ha vore ein del av det tradisjonelle russiske kjerneområdet. Byen Arkhangelsk blei grunnlagd allereie på 1500-talet med bakgrunn i trelasthandel med engelskmenn, før dette budde det jegerar og munkar i området. Dei lokale russiske innbyggjarane i regionen er tradisjonelt kjent som pomorar og skilte seg frå «vanlege» russarar i tradisjonar, kultur, dialekt og at ved dei dreiv fiske.<sup>91</sup>

Byen spelte ei sentral rolle gjennom å vera den viktigaste hamnebyen til Russland fram til grunnlegginga av St. Petersburg i 1704. Arkhangelsk var ein viktig by for pomorhandelen og for krigsinnsatsen under den fyrste og andre verdskriga. Fram til den andre verdskriga baserte tilflyttinga til dei sovjetiske nordområda seg i stor grad på tvangsflytting av mellom anna fangar frå sør til nord.<sup>92</sup> Seinare nytta dei sovjetiske styresmaktene andre midlar for å stimulera til auka tilflytting til nordlege strøk. Dei innførte mellom anna eit polartillegg som på russisk blir kalla *poljarka*. *Poljarkaen* var ei godtgjersle for dei som arbeidde i nordlege område. Denne bestod i korte trekk av lengre ferie, høgare løn og pensjon, betre forsyningar og lågare pensjonsalder. I somme yrke kunne ein til og med gå av med pensjon allereie ved 45

---

90 Sakwa, 2008: 6

91 Brunstad m.fl., 2004: 19-20

92 Hønneland, 2005: 26

år som kvinne og ved 50 år som mann.<sup>93</sup>

Både Murmansk og Arkhangelsk var og er viktige byer for den russiske marinen og militæret er såleis ein viktig del av økonomien i nord.<sup>94</sup> Industrien utvikla med mellom anna utbygging av jern- og aluminiumsverk, samt atom- og vasskraft. Innbyggjartalet heldt fram med å auka kraftig også etter den andre verdskrigen som ein del av utviklinga av dei sovjetiske nordområda.

## **Område til marknadsøkonomi**

Mange av investeringane i området i sovjettida ville ikkje funne stad under marknadsøkonomiske tilhøve.<sup>95</sup> Mange av foretaka i nord fekk difor store problem på 1990-talet, då marknadsøkonomien blei gradvis innført meir enn 60 år etter den første femårsplanen i 1928. Trass i fallet i industriproduksjonen på rundt 40 % mellom 1990 og 2000, har regionen framleis ein sentral plass i den russiske økonomien, med mellom anna 20 % av stålproduksjonen.<sup>96</sup> Når det gjeld infrastrukturen i nord har planøkonomisystemet ført til at regionane har betre kommunikasjonar mot St. Petersburg, Moskva og verdsmarknaden, enn det dei har med kvarandre.<sup>97</sup>

Etter oppløysinga av Sovjetunionen fall innbyggjartalet i det som i dag utgjer den russiske delen av Barentsregionen kraftig. Frå 1989 til 2002 sank folketalet i Murmansk og Arkhangelsk med 24 og 15 prosent, og i republikkane Karelia og Komi 19 og 10 prosent.<sup>98</sup> Den kraftige nedgangen i Murmansk kan ein sjå i samanheng med at regionen i all hovudsak blei bygd opp under planøkonomiske tilhøve. Utvandringa åleine står for nesten heile denne reduksjonen. I 1996 var den naturlege befolkningsveksten -3,9 per 1000 innbyggjarar, medan migrasjonen var på -28 per 1000 innbyggjarar.<sup>99</sup>

---

93 Hønneland, 2005: 26

94 Ibid. 31

95 Brunstad m.fl, 2004: 57

96 Kistanov & Kopylov, 2006: 342

97 Brunstad m.fl, 2004: 57

98 Ibid. 29

99 Lausala & Valkonen, 1999: 67, 69

Saman med dette er det høveleg å retta merksemd mot at det er stor skilnad i kjøpekraft per innbyggjarar i den russiske delen av Barentsregionen. Komi og Murmansk er relativt velståande i russisk samanheng, der begge ligg mellom 10 og 12 prosent over gjennomsnittleg kjøpekraft i den europeiske delen av Russland. Karelen ligg tjue prosent under gjennomsnittet, medan Arkhangelsk ligg nærare 40 prosent under. Det er såleis store skilnader innan regionen når det gjeld kjøpekraft per innbyggjar. Ein viktig grunn til at Arkhangelsk fylke og Karelen kjem relativt dårlig ut har å gjera med ugunstige marknadstilhøve, sterke konkurranser frå utlandet og låg etterspurnad etter varer frå tømmer- og maskinbyggingsindustrien.<sup>100</sup>

Nordområda i den europeiske delen av Russland er relativt sentralt plasserte samanlikna med nordområda i den asiatiske delen av. Den europeiske delen spelar ei viktig rolle for Russland på grunn av den geografiske lokaliseringa og dei isfrie hamnene. Etter oppløysinga av Sovjetunionen mista Russland fleire viktige hamner ved Østersjøen og Svarthavet og andre område. Dette saman med auka transportkostnader legg til rette for at dei russiske nordområda vil få ei monaleg større rolle for Russland enn det dei har i dag.<sup>101</sup>

### **Gorbatsjov tek til orde for internasjonalt samarbeid**

Den øvste leiaren av Sovjetunionen – Mikhail Gorbatsjov – kunngjorde i 1985 starten på dei velkjente reformprosessane *glasnost* og *perestrojka*. *Glasnost* tyder openheit, medan *perestrojka* tyder restrukturering. Bakgrunnen for reformene var stagnasjonen i den sovjetiske økonomien og dei problema dette ført med seg. I lys av reformprosessen som materialiserte seg det som kan kallast opptakten til Barentssamarbeidet med Gorbatsjov si tale i Murmansk 1987. Bakgrunnen for talen og tildelinga var innsatsen til Murmansk under andre verdskrigene. For denne blei byen tildelt Lenin-ordenen og gullstjerna som både er rekna som prestisjefulle utmerkingar i Russland. Smirnov skriv i si bok om Barentssamarbeidet at helt av Sovjetunionen og heltebyar er nært knytt til krigsinnsatsen mot Nazi-Tyskland under den andre verdskrigene. Murmansk blei kraftig bomba under krigen og er berre overgått av

---

100 Kistanov & Kopylov, 2006: 351

101 Ibid. 341

Stalingrad i bombeintensitet.<sup>102</sup> I samband med tildelinga talte Mikhail Gorbatsjov også om regionalt samarbeid i nordområde på tvers av grensene frå den kalde krigen.

Gorbatsjov presenterte eit program i seks delar som galdt internasjonalt samarbeid i nordområda. Dette omfatta i hovudsak: atomfri sone i Nord-Europa, reduksjon av sjømilitær aktivitet i nordlege havområde, samarbeid kring rasjonell ressursutnytting i Arktis, vitskaplege studiar av Arktis, miljøvern i nordområda og opna Den nordlege sjøvegen (også kalla Nordaustpassasjen) for internasjonal skipsfart.<sup>103</sup> Dersom ein kategoriserer desse momenta ser ein at det er tale om internasjonalt samarbeid innanfor fred, økonomi, (vitskapleg) utveksling, miljø og infrastruktur. Dersom ein legg til kultur og (utdannings-) utveksling ligg dette nært opp til det skulle koma til å bli hovudsatsingane i Barentssamarbeidet.

Initiativet til regionalt samarbeid var ein del av den politiske strategien til Gorbatsjov. Sovjetunionen hadde ikkje teknologien som var nødvendig for å kunna vinna ut ressursar i Barentshavet og måtte difor samarbeida med andre land. I staden for å venda seg til USA kunne Sovjetunionen like gjerne venda seg til dei skandinaviske landa eller Canada. Eit slikt samarbeid ville vore mykje mindre politisk komplisert, då Sovjetunionen hadde eit mindre spent tilhøve til desse landa samanlikna med USA.<sup>104</sup> Talen kan såleis sjåast som ei viktig drivkraft for det internasjonale samarbeidet i nordområda. På den andre sida kan talen også tolkast i eit anna lys.

Smirnov med sin diplomatiske bakgrunn ser talen meir i lys av internasjonale relasjonar. Det hadde kome skuldingar frå Vesten i 1986 om «kommunistisk ekspansjon og propaganda» under eit toppmøte på Island, i tillegg var 70-årsjubileet for Oktoberrevolusjonen nært foreståande. Dette kravde at det blei gjort tiltak og teke initiativ internasjonalt.<sup>105</sup> I lys av internasjonale relasjonar kan talen til Gorbatsjov tolkast meir som ein freistnad på å letta spente relasjonar med Vesten. Somme initiativ Gorbatsjov presenterte i talen blei faktisk

---

102 Smirnov, 1998: 30

103 Gorbatsjov, Mikhail, 1987 i Keskitalo, 2004: 43 & Smirnov, 1998: 37-38

104 Horensma, 1991: 179 i Keskitalo, 2004: 42-43

105 Smirnov, 1998: 37

realiserte. I 1989 kunne Gorbatsjov konstatera at ei rekke tiltak for avspenning og fred, i tillegg til at ein vitskapleg miljøkonferanse i 1988 i Leningrad var gjennomført.<sup>106</sup> Det må likevel peikast på at mykje av det som Gorbatsjov proklamerte i 1987 ikkje var realisert.

## **Jeltsin blir president**

Sommaren 1991 blei Boris Jeltsin valt til den første presidenten av Russland. Landet var då framleis ein del av Sovjetunionen som fyrst blei oppløyst eit halv år seinare. Før oppløysinga freista konservative kommunistar, utan hell, å kuppa makta i august 1991. Etter oppløysinga av Sovjetunionen godtok det internasjonale samfunnet Russland som arvtakaren til Sovjetunionen. Problema var av ein slik karakter at Russland hadde problem med ein mjuk overgang til marknadsøkonomi. Då regjeringa til Jeltsin overtok makta frå det sovjetiske styret, var landet i praksis konkurs. Styresmaktene såg seg difor naudsynte til å gjennomføra ein såkalla sjokkterapi på økonomien. Denne metoden var allereie prøvd ut i Aust-Europa, men var likevel svært upopulært.<sup>107</sup>

Jeltsin sette to hovudmål for den russiske utanrikspolitikken i 1991. Det første målet var å sikra gunstige, eksterne vilkår for politiske og økonomiske reformer heime. Det andre målet var å takla arven frå den kalde krigen og bryta ned konfrontasjonsstrukturar.<sup>108</sup> På denne måten var den uttalte russiske utanrikspolitikken med på å skapa gunstige vilkår for det komande Barentssamarbeidet. Dette samarbeidet hadde òg som mål å samarbeida på tvers av tidlegare skilje, i tillegg til at det skal bidra til mellom anna økonomisk utvikling.

I 1992 underteikna utanriksministrane til Noreg og Russland – Thorvald Stoltenberg og Andrej Kozyrev – ein protokoll for eit arbeidsprogram om samarbeid og kontakt. Programmet la stor vekt på økonomisk samarbeid mellom dei nordlege regionane i Noreg og Russland, samt at det var ønskeleg at lokale styresmakter oppretta kontakt med kvarandre på tvers av grensene. Kort tid etter, under eit møte mellom regionale leiarar frå Nord-Noreg, Murmansk og Arkhangelsk, lanserte Stoltenberg Barentsregionen som politisk omgrep. På dette møtet

---

106 Ibid. 40

107 Ibid. 41-42

108 Kozyrev, 1994 i Sakwa, 2008: 368

blei det danna ei arbeidsgruppe som skulle fremja bilateralt samarbeid mellom Noreg og Russland. Finske Lappland og svenske Norrbotten län slutta seg seinare til denne arbeidsgruppa. I ein tale på toppmøte i KSSE<sup>109</sup> same år priste Jeltsin arbeidet som initiativet til Stoltenberg hadde resultert i. Arbeidet med å skipa Barentsregionen som organisasjon haldt fram og hausten 1992 blei det avgjort at Barentsregionen skulle skipast i 1. januar 1993.<sup>110</sup>

## Kirkeneserklæringa og entusiasme

Under skipinga i Kirkenes presenterte Stoltenberg samarbeidet på fylkesplan som svært viktig for å skapa ei kjensle av felles identitet i regionen tufta på den rike kulturhistoriske arven. Han understreka at det å oppretta Barentsregionen ikkje var noko anna enn å normalisera situasjonen i nord og at dette var ein historisk sjanse som det var naudsynt å ta. Kozyrev gav støtte til Stoltenberg og la på si side stor vekt på samarbeid om utvinning av petroleumsressursar, miljøsamarbeid, utvikling av små og mellomstore foretak, transport og den nordlege sjøvegen. Den nordlege sjøvegen (Nordaustpassasjen) er ei transportrute som gjer det mogleg å segla langs kysten av nordlege Russland til Japan frå Europa. Denne ruta er monaleg kortare enn den via Suez-kanalen i Egypt, men er problematisk å halda open på grunn av store mengder is.<sup>111</sup>

På bakgrunn av Kirkeneserklæringa og støtta på ministernivå vedtok regionale leiarar i Barentsregionen å skipa eit eige regionråd. Målet med dette var, etter utsegn frå Thorvald Stoltenberg, at hovudstadane på den eine sida kunne leggja til rette for samarbeid i nord. På den andre sida var det dei som budde i regionen som måtte fylla samarbeidet med innhald. Det var nettopp denne delen av samarbeidet bør basera seg på.<sup>112</sup>

På 1990-talet var det stor entusiasme i samarbeidet. Geir Hønneland, ein sentral, norsk forskar på Barentssamarbeidet, har døypt denne perioden for «den store Barentsbegeistringa».<sup>113</sup> Forskarar, politikarar og andre engasjerte aktørar arbeidde aktivt for å gje Barentssamarbeidet eit historisk, kulturelt, geografisk og politisk innhald. Det blei vist til at dette området var ein

109 KSSE er forkorting for «Konferansen for sikkerhet og samarbeid i Europa»

110 Smirnov, 1998: 42-43

111 Ibid. 45-46

112 Ibid. 48

113 Hønneland & Jensen, 2008: 17

naturleg region. Til dømes nytta ein pomorhandelen som eit prov på dette. 70 år med sovjetisk styre blei sett på som eit unntak, medan utstrekkt kontakt innan denne regionen var regelen. Det var stor optimisme i samarbeidet.<sup>114</sup>

Det er ikkje så rart at desse aktørane ofte dreg fram pomorhandelen og den felles fortida for å legitimera eksistensen til og den vidare utviklinga av Barentssamarbeidet. Pomorhandelen har mange relevante komponentar som kan nyttast til dette. Til dømes har ein den kulturrelaterte komponenten med at det oppstod eit eige pidginspråk – russenorsk – som folk nytta i handelen mellom nordmenn og russarar. Den geografiske komponenten kjem i form av at denne handelen fann stad i sjølve Barentsregionen og ikkje mellom det som den gongen var hovudstadane – København og St. Petersburg. Som historisk komponent kan ein peika på at både handelen og kontakten var strekt ut over eit relativt langt tidsrom.

### **Negative tendensar og ny entusiasme**

Etter entusiasmen i byrjinga oppstod det Hønneland har kalla «elendighetsdiskursen»<sup>115</sup> eller eventuelt «fiaskodiskursen».<sup>116</sup> Dersom ein ser på dette perspektivet blei det her nesten einsidig fokusert på fattigdom og prostitusjon.<sup>117</sup> Ein spurde seg om det ikkje var på tide å leggja til side dei store visjonane i samarbeidet og heller satsa meir på folk-til-folk-samarbeid. Rundt 2005 oppstod ei ny «nordområdeefori» som minna om «Barentsbegeistring» på tidleg 1990-tal.<sup>118</sup> Diskursen rundt utsiktene til norsk deltaking i utviklinga av Stockmann-feltet var ein viktig grunn til dette. Eit anna moment som kan vera verdt å nemna er auka velstand på den russiske sida av grensa og auka russisk finansiering av samarbeidsprosjekt. Samarbeidsprosjekta ber i dag i liten grad preg av å vera humanitære prosjekt retta mot den russiske delen av Barentsregionen.

Ein kan på mange måtar seia at entusiasmen for samarbeidet er aukande. StatoilHydro har blitt med i utviklinga av Stockmann-feltet saman med Gazprom og Total, om lag 20 år etter

---

114 Ibid. 110

115 Rowe & Hønneland, 2007: 113

116 Hønneland & Jensen, 2008: 112

117 Rowe & Hønneland, 2007: 113

118 Hønneland & Jensen, 2008: 161

Gorbatsjov si tale i Murmansk, er samarbeidet om utvinning av naturressursar i gang.

### **3.4 Organiseringa av Barentssamarbeidet**

Her vil eg gjennomgå korleis Barentssamarbeidet er organisert på regionalt og mellomstatleg nivå. Eg vil først gjennomgå Barents euro-arktiske råd og deretter Barents regionråd.

#### **Det euro-arktiske Barentsrådet**

Det euro-arktiske Barentsrådet, heretter Barentsrådet, består av representantar frå utanriksdepartementa i Danmark, EU-kommisjonen, Finland, Island, Noreg, Russland og Sverige. Formannskapet i Barentsrådet roterer mellom Finland, Noreg, Russland og Sverige kvart andre år. På utanriksministernivå er det møte kvar gong formannskapet roterer mellom landa. Noreg hadde, i kraft av å vera landet som tok initiativ til Barentssamarbeidet, det første formannskapet i 1993 før Russland tok over i 1995. Russland tok på ny over formannskapet i 2007 frå Finland og held dette fram til 2009 når Sverige tek over. I tillegg til dei faste medlemmane er det ni land med observatørstatus i Barentsrådet. Desse er Canada, Frankrike, Tyskland, Italia, Japan, Nederland, Polen, Storbritannia og USA<sup>119</sup>.

Mellom møta på utanriksministernivå kvart andre år møtest embetsmenn frå dei seks medlemslanda og EU-kommisjonen 4-5 gonger i året. Denne gruppa heiter «Committee of Senior Officials» (CSO) og er underlagt Barentsrådet. CSO driv på denne måten samarbeidet til vanleg og har mandat til å skipa og starta opp arbeidsgrupper. Observatørstatar kan også ta del i CSO<sup>120</sup>.

Det er oppretta ein del arbeidsgrupper innan Barentssamarbeidet. Ein del av desse er knytte til Barentsrådet, medan andre igjen er knytte til regionrådet. Det finst også grupper som er knytte til både Barentsrådet og regionrådet. Gruppene arbeider med problemstillingar innanfor ulike samarbeidskategoriar i Barentssamarbeidet. Arbeidsgruppene som er oppretta under

---

119 Barents Euro-Arctic Council, *Barents Euro-Arctic Council*, <http://www.beac.st/?Deptid=25226> lest 11.november 2008

120 Barents Euro-Arctic Council, *Committee of Senior Officials (CSO) of the Barents Euro-Arctic Council*, <http://www.beac.st/?Deptid=25867> lest 11.november 2008

Barentsrådet er: økonomisk samarbeid, tollsamarbeid, miljø, ungdom, transport og redningstenester. Når det gjeld felles arbeidsgrupper for Barentsrådet og regionrådet er det oppretta grupper for helse og relaterte sosiale spørsmål, forskning og utdanning, energi og kultur. Hausten 2008 var det i tillegg lagt fram forslag om å oppretta ei felles arbeidsgruppe for turisme. Under regionrådet er det oppretta grupper for miljø, kommunikasjon, ungdom og investeringar og økonomisk samarbeid.<sup>121</sup> Det finst i tillegg ei eiga arbeidsgruppe for urfolk som har ei rådgjevande rolle i Barentsrådet og regionrådet.<sup>122</sup>

## Barents regionråd

Barents regionråd, heretter regionrådet, bestod per 1993 av dei tre nordlegaste fylka i Noreg, Lappland i Finland, Norrbotten i Sverige og Arkhangelsk, Karelen og Murmansk i Russland. I ettertid har Oulu og Kainuu i Finland, Västerbotten i Sverige og Komi og Nenets i Russland blitt med slik at det i dag er tretten medlemsregionar.

Opprettinga av regionrådet stadfestar kor viktig det er med lokal kunnskap i det regionale samarbeidet. På same måte som i Barentsrådet roterer formannskapet også her kvart andre år mellom dei tretten medlemsregionane. På den andre sida har regionrådet møte to gonger i året i motsetnad Barentsrådet som har møte kvart andre år.<sup>123</sup> Regionrådet har også eit organ under seg – regionkomiteen. Komiteen har møter på jamn basis og førebur møta til regionrådet. I tillegg til dette implementerer dei avgjerder som er fatta i regionrådet.<sup>124</sup>

Det er tydeleg at det regionale nivået er spelar ei sentral rolle i den praktiske delen av Barentssamarbeidet. For det første kan ein, til dømes, visa til utsegna til Thorvald Stoltenberg om at det er regionane som bør fylla samarbeidet med innhald, for det andre ser ein at møtefrekvensen på det regionale nivået er mykje høgare, noko som kan tyda på at arbeidet er

---

121 Barents Euro-Arctic Council, *Barents working groups and activities*, <http://www.beac.st/?Deptid=25227> lest 11.november 2008

122 Barents Euro-Arctic Council, *Working Group of Indigenous Peoples*, <http://www.beac.st/?Deptid=26084> lest 4.mai 2009

123 Barents Euro-Arctic Council, *Barents Regional Council*, <http://www.beac.st/?Deptid=25231> lest 11.november 2008

124 Barents Euro-Arctic Council, *Barents Regional Committee*, <http://www.beac.st/?Deptid=25869> lest 11.november 2008

meir praktisk retta fordi slikt gjerne fordrar hyppigare møte.

### **3.5 Oppsummering**

I dette kapittelet har me sett nærmere på dei russiske regionane som deltek i Barentssamarbeidet og den russiske delen av Barentsregionen under eitt. Denne delen av Barentsregionen har eit stort geografisk omfang, det finst ei rekke relativt store byar, men regionen har likevel liten folketettleik. Økonomien baserer seg i stor grad på naturressursar og industrien baserer seg i stor grad på foreidling av desse. Militærret spelar også ei viktig rolle som sysselsetjar, likeins verftsindustrien. Russarar er den dominerande folkegruppa i regionen. Befolkinga er likevel samansett av fleire lokalt forankra folkegrupper som urfolket nenetsarar, samt vepsarar, karelalarar, komi.

Eg gjorde også greie for bakgrunnen til Barentssamarbeidet, der pomorhandelen og kontaktane denne medførte var eit viktig moment for samarbeidet og norsk-russiske relasjonar. Kontakten var sterkt redusert etter Oktoberrevolusjonen fram til oppløysinga av Sovjetunionen. Mikhail Gorbatsjov tok for alvor til orde for internasjonalt samarbeid i nordområda i 1987 og presenterte også eit samarbeidsprogram, som delvis blei realisert. Det er også klart at dei europeiske nordområda i Russland kjem til å spela ei viktigare rolle i framtida. Etter skipinga av Barentssamarbeidet i 1993 rådde ein stor entusiasme i arbeidet. Då resultata ikkje svarte til forventningane forsvann noko av entusiasmen og medførte eit større fokus på folk-til-folk-samarbeid. Dei siste åra har det vore positive tendensar i samarbeidet med mellom anna med aukande russisk finansiering, samt store utsikter i samband med Stockmann-feltet i Barentshavet.

Barentssamarbeidet er organisert på to nivå – eit mellomstatleg og eit regionalt – i form av Barentsrådet og regionrådet. Arbeidsgrupper er underlagte Barentsrådet eller regionrådet, men også arbeidsgrupper som sorterer under både nivå. Det finst også ei urfolksarbeidsgruppe som har rådgjevande status i begge råda. Det regionale samarbeidsnivået spelar ei viktig rolle i Barentssamarbeidet ved at mykje av arbeidet har ein praktisk karakter.

## **Kapittel 4**

### **Den føderale russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008**

#### **4.1 Innleiing**

I dette kapittelet går eg gjennom den russiske føderale haldninga til Barentssamarbeidet i dei åtte første åra etter tusenårsskiftet. Tidsperioden 2000-2008 samsvarar med dei to presidentperiodane til Vladimir Putin. Bakrunnen for denne avgrensinga er det gitt grunn for i kapittel 1. Gjennomgangen er bygd opp slik at ei kjelde – i form av til dømes ein tale, intervju eller artikkel – vil bli summert opp og drøfta i lys av problemstillinga til masteroppgåva. Kva var den russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008? For å freista å svara på problemstillinga vil det vera nyttig å operera med nokre hjelpestørsmål. Eg nyttar difor hjelpestørsmål i drøftinga som: Kva er prioritete til føderale styresmakter? Kva vil føderale styresmakter prioritera i det vidare samarbeidet? Kva erfaringar har føderale styresmakter med Barentssamarbeidet?

Dette kapittelet dannar også bakgrunn for å testa hypotesen: Det er samanheng mellom den russiske haldninga til Barentssamarbeidet og innstramminga innan føderale-regionale tilhøve under presidentskapet til Vladimir Putin? Denne hypotesen kjem eg derimot tilbake til i kapittel seks.

#### **4.2 2000 – Russiske erfaringar og prioriteringar ved tusenårsskiftet**

I mars år 2000 tok Russland over formannskapet i Barentsrådet etter Finland. I samband med dette, vil eg gå gjennom ein artikkel og tale som kastar ljós over den russiske haldningane under den sjuande sesjonen eller møtet i Barentsrådet. Desse to fyrste publikasjonane blir gjennomgått relativt grundig. Dette er gjort slik at det blir lettare å sjå den seinare utviklinga på bakgrunn av desse.

Under sesjonen stadfesta deltararlanda i Barentssamarbeidet at dei ville styrka det internasjonale samarbeidet i nord med å fokusera på å realisera prosjekt i dei russiske områda.<sup>125</sup> Dei russiske prioriteringane for det regionale samarbeidet lista opp slik:

«[...] vidareføra av investeringsprosjekt, eit breiare spekter for verksemada til dei regionale sentra innanfor samarbeid på energiområde [...], innføra moderne skogbruksmetodar, utvikla transportinfrastruktur, inkludert den nordlege sjøvegen, utvida samarbeidet innan miljøvern-spørsmål[...].»<sup>126</sup>

I tillegg blei også aktualiteten til den multilaterale avtala om atomprogrammet – MNEPR – nemnt.<sup>127</sup> På møtet slutta deltararane seg til Barentsprogrammet som galdt samarbeid på det regionale samarbeidsnivået for perioden 2000-2003. Dette omfattande programmet omhandla industri, infrastruktur, utdanning, helse, miljø, velstandsauke, kultur og urfolk.<sup>128</sup> Kva var så dei russiske prioriteringane ved tusenårsskiftet?

Dersom ein jamfører dei russiske prioriteringane som blir presenterte i sitatet over med det meir generelle Barentsprogrammet er det mogleg å sjå kva samarbeidsområde som skilte seg ut. Ved å kategorisera desse prioriteringane, ser ein at Russland presenterte økonomisk og industriell utvikling, samt infrastruktur og miljøspørsmål som prioriterte samarbeidsområde under sesjonen. Det ser såleis ut til at Russland ikkje ønskte eit sterkare fokus på område som helse, utdanning, økonomisk utvikling, kultur og urfolk. Det er likevel lite som tyder på at Russland ønskte å avslutta samarbeidet på ikkje-prioriterte område. Derimot kan ein ikkje sjå bort frå at Russland ønskte eit mindre fokus på ikkje-prioriterte område. Eit meir samansett bilet av prioriteringane til Russland er derimot mogleg å sjå i den påfølgjande talen til den russiske viseutanriksministeren.

---

125 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – O sed'moj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona.*

126 Ibid.

127 MNEPR - Multilateral Nuclear Environment Programme in the Russian Federation. MNEPR er ein avtale om bistand til Russland på atomtryggleiksområdet. Det kongelige norske utanriksdepartementet, *St.meld. nr. 30 (2004-2005) Muligheter og utfordringer i nord,* <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/regpubl/stmeld/20042005/Stmeld-nr-30-2004-2005-/4.html?id=407561> lest 10. februar, 2009

128 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – O sed'moj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona.*

## Talen til den russiske viseutanriksministeren under den sjuande sesjonen

I samband med det at Russland tok over formannskapet heldt den russiske viseutanriksministeren Jevgenij Gusalov ein tale i Barentsrådet. Slike talar ber ofte preg av eit varsamt diplomatisk språk. Likevel kan ofte det som blir sagt vera like interessant som det som ikkje blir sagt.

Først og fremst lét ikkje Gusalov det gå usagt at Russland sette pris på Barentssamarbeidet, særskilt fordi prosjekta er retta mot Russland. Det vil i praksis seiia at Russland tek del i næraast alle samarbeidsprosjekta. Dette rekna Gusalov som eit unikt trekk ved Barentssamarbeidet. Han ytra også at det var naudsynt å gje samarbeidet større oppgåver. På det organisatoriske planet sette viseutanriksministeren pris på at samarbeidet involverte så vel sentrum i føderasjonen som dei russiske regionane i Nord. Då det galdt vidare russiske satsing på samarbeidet viste viseutanriksministeren til at samarbeidet hadde prova seg levedyktig gjennom «ei praktisk saksorientering». Dette kan tolkast til at Russland erfarte at prosjekt faktisk blei realiserte gjennom samarbeidet. Vidare viste han til at Barentssamarbeidet ligg nært opp til eit Europa utan skiljelinjer.<sup>129</sup> Dette heng gjerne saman med at Russland i mange samanhengar ser seg som den andre halvdelen av Europa.<sup>130</sup>

Gusalov meinte også at mykje allereie var utretta gjennom Barentssamarbeidet. Dei russiske nordområda var ikkje lenger «terra incognita» for dei nordiske naboane til Russland. På den eine sida var det gjort konkret framgang innan energisamarbeidet. Det norske initiativet «rein produksjon»<sup>131</sup> og innføring av finske skogbruksmetodar var døme på det. På den andre sida ytra Gusalov:

«Me skal vera oppriktige. Det er liten merkbar framgang til betring av den økonomiske, sosiale og miljømessige situasjonen i Nordvest-Russland, dette ville me ha sett meir av.»<sup>132</sup>

---

129 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie E.N.Gusalova*

130 Melloni, Gabriella, 2008, *Russlandsavdelingens årskonferanse – The Return of Russia*, Konferanse ved NUPI: Oslo

131 Undergruppa «Rein produksjon og berekraftig forbruk» ligg per 2008 under arbeidsgruppa for miljø og er fokuserer på å promotera reinare produksjon, energieffektivitet og eit berekraftig forbruk. Ein av dei viktigaste oppgåvene er sanering av «hotspots».

Barents Euro-Arctic Council, *Working Group on Environment (WGE)*, <http://www.barentsinfo.org/?Deptid=25674> lest 11.mai 2009

132 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie E.N.Gusalova*

Ved tusenårsskiftet var det framleis endringar på mange område i Russland etter at Sovjetunionen blei oppløyst i 1991. Grunnen til at det var så lite framgang på områda Gусаров refererte til i sitatet over var det at dei pågåande endringane i Russland ofte blei feilaktig tolka som ustabilitet. Han peika difor på at det framleis blei lagt vekt på å yta bistand til nordvestrussiske regionar. Viseutanriksministeren meinte bistanden tente dei russiske regionane, men at det var behov for å utvikla eit breiare og meir likestilt internasjonalt samarbeid. Med dette sikta han nok til det at Russland måtte bli oppfatta som ein likeverdig partnar. Av denne årsaka meinte Gусаров at ein i Barentssamarbeidet måtte satsa på store prosjekt som var fordelaktige for begge sider.<sup>133</sup> Russland var også særskilt interessert i å utvikla den nordlege sjøvegen, men den økonomiske aktiviteten burde likevel ikkje gå på akkord med det skjøre miljøet i nordområda. Viseutanriksministeren vurderte det regionale miljøsamarbeidet som positivt, men var på den andre sida uroa over den svake framgangen for MNEPR.<sup>134</sup>

Gусаров var kritisk til at ein såg på problemstillingane i nordområda som ein isolert del av den europeiske utviklinga. Derimot meinte han at ein burde sjå på regionen som ein integrert del av denne utviklinga. Her sikta viseutanriksministeren til at EU skulle ta omsyn til prioritetane til partnarlanda i EU sin «nordlege dimensjonen» - ND.<sup>135</sup> Til slutt er det også verdt å nemna at Russland såg regionrådet som sjølve lokomotivet i Barentssamarbeidet. Dette tyder på at dei føderale styresmaktene oppfatta det regionale samarbeidsnivået på ein positiv måte og som viktig for å driva samarbeidet framover. Viseutanriksministeren ytra også at Barentsprogrammet for 2000-2003 gav eit godt grunnlag for konkret utvikling av industri og infrastruktur, utdanningssystem, helse, kultur og interaksjon mellom urfolk.<sup>136</sup>

Det er tydeleg at Russland hadde ei generell interesse i å vidareutvikla Barentssamarbeidet ved tusenårsskiftet. For det første fordi alle prosjekta er retta mot Russland, for det andre at

---

133 Les: Russland på den eine sida og dei nordiske landa i Barentssamarbeidet på den andre.

134 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie E.N.Gусарова*

135 «Northern Dimension» er eit EU-program som dekkjer deler av Barentsregionen. EU, Island, Norge og Russland, samt Barentsrådet, Austersjørådet, Nordisk ministerråd og Det arktiske rådet er deltagarar.

Programmet samfinansierer generelt saman med deltagarane, samt internasjonale og private institusjonar.

Referanse: *Northern Dimension Policy Framework Document*,

[http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/11865\\_doc\\_download1.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/11865_doc_download1.pdf) lest 9. februar, 2009

136 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie E.N.Gусарова*

det involverer både regionale og føderale styresmakter, for det tredje at samarbeidet er praktisk orientert og til slutt at samarbeidet er eit førebilete for eit integrert Europa.

Russland hadde særskilt positive erfaringar med prosjekta «rein produksjon» og skogbruk. Her er det verdt å leggja merke til at Russland ikkje nemnde arbeidet innan folk-til-folksamarbeidet innan kultur og utdanning på 1990-talet. Dette samarbeidet blei etter tusenårsskiftet trekt fram av norske styresmakter som legitimering av alle midla som var nytta på mellom anna næringssamarbeid.<sup>137</sup> På denne måten oppfatta Noreg folk-til-folksamarbeidet som eit framgangsrikt samarbeidsområde. Sidan Russland ikkje trekte fram dette, kan det tyda på at Russland la liten vekt på å vidareutvikla den kulturelle komponenten av samarbeidet. Økonomi, infrastruktur og miljø er dei temaa Gusalov i all hovudsak la vekt på i talen. Når ein jamfører dette med dei russiske prioriteringane i artikkelen<sup>138</sup> som høyrer til talen, stemmer dette naturleg nok godt overeins.

Av meir negative erfaringar, er det tydeleg at Russland var ikkje nøgd med framgangen innan den økonomiske, sosiale og miljømessige delen av Barentssamarbeidet. Dette viste Gusalov tydeleg via sitatet. Russland tykte såleis at det hadde vore for lite fokus på den økonomiske delen av Barentssamarbeidet. I tillegg vil det vera nærliggjande å tru at dei økonomiske resultata av samarbeidet på 1990-talet ikkje hadde svara til dei forventningane ein hadde hatt. Dette ser i allefall ut til å ha vore norske styresmakter si erfaring. I ein artikkel i «Aftenposten Morgen» uttala politisk rådgjevar i UD at Russland hadde vore eit vanskeleg område å investera i og at ting tok lenger tid enn ein hadde trudd.<sup>139</sup> Grunnane til at Russland ønskete meir fokus på økonomisk samarbeid kan sjølv sagt vera mange. Det er likevel verdt å merka seg den sterke negative økonomiske veksten i Russland på 1990-talet og krakket i 1998 som bakgrunn for fokuset på økonomisk relatert samarbeid.

Russland sette pris på bistanden frå dei andre landa i Barentssamarbeidet og meinte bistanden

---

137 Hønneland, 2005: 52 & 128

138 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – O sed'moj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona.*

139 Aftenposten Morgen, 26.februar 2000: 24, *UD har brukt 1,1 milliarder i Russland – Svidd bort på meningsløse luftslott*

tente dei nordvestrussiske regionane. Viseutanriksministeren likevel at nykelen var eit samarbeid med Russland som likeverdig partnar med store gjensidig gagnande prosjekt. Dette viser at Russland heller ønskte å trekke til seg investeringar i staden for bistand. Haldninga til utanlandsk bistand ser likevel ut til å vera todelt, i allefall på slutten av 1990-talet. Guvernøren i Murmansk – Jurij Evdokimov – uttala i 1998 at dei kunna klara seg utan humanitærhjelp, medan han samstundes bad om bistand frå dei skandinaviske landa.<sup>140</sup> Det at Russland heller ville trekke til seg investeringar kan også sjåast i samanheng med at president Vladimir Putin i år 2000 erklærte at Russland hadde vore og ville forbl ei stormakt.<sup>141</sup> Oppfatninga av eit land som tek imot bistand heng därleg saman med det å oppfatta eit land som ei stormakt. Det å trekka til seg investeringar kan også sjåast på som eit steg i retning av å jamna ut skilnadene i levestandard mellom Russland og dei nordiske partnarlanda. Det er også klart at gjensidig gagnande investeringar heilt klar representerer eit meir likeverdig tilhøve mellom to samarbeidspartnarar, enn det overføring av bistand til dei eine parten gjer.

Slik det går fram av talen til viseutanriksministeren ser det ut til føderale styresmakter vurderte måten samarbeidet var organisert på som positiv, særskilt på det regionale nivået. Russland stilte seg også positiv til Barentsprogrammet for 2000-2003 som omfatta både industri, infrastruktur, utdanning, helse, kultur og urfolk. Dette kan tyda på at føderale styresmakter også var opne for andre samarbeidsområde enn økonomisk relaterte. På den andre sida hørde arbeidsgruppene for både urfolk, utdanning og kultur inn under det regionale nivået i 2000, med etterhald om at organiseringa i 2000 var lik den av 1998 og 2003.<sup>142</sup>

Dei russiske erfaringane slik dei kjem i talen til Gusarov var såleis at Russland erfarte Barentssamarbeidet som praktisk orientert. I tillegg var mykje konkret utretta, til dømes innanfor energisamarbeidet. På den andre sida ville Russland sett større sosial, økonomisk og miljømessig framgang i dei nordvestrussiske regionane. Den russiske haldninga slik ho kjem fram i talen til Gusarov ser ut til å ha vore ei generell interesse for vidareutvikling av samarbeidet i form av store gjensidig gagnande prosjekt utan bistandsaspekt som gjerne gjekk

---

140 Hønneland, 2005: 117

141 Bacon & Wyman, 2006: 152

142 Smirnov, 1998: 50 & Hønneland, 2005: 49

på akkord med ønsket om å framstå som ei stormakt og likeverdig partnar. Det går fram av både artikkelen og talen at Russland prioriterte sterke satsing på økonomisk samarbeid.

### **4.3 2001 – Vidare fokus på økonomisk samarbeid**

2001 var året då Sverige tok over formannskapet i Barentsrådet på den åttande sesjonen i Barentsrådet. I samband med dette heldt den russiske utanriksministeren ein tale, i tillegg til at det russiske utanriksministeriet publiserte ein artikkel i samband med sesjonen. Eg vil først gå gjennom artikkelen under og deretter talen. Kva seier artikkelen om dei russiske prioriteringane og erfaringane?

I den russiske delegasjonen på møtet var representantar for dei nordvestrussiske regionane, samt representantar for atomenergi- og transportministeriet til stades. Eit interessant moment er at ein representant for det nordvestlege føderale distriktet<sup>143</sup> også var til stades i form av den leiande føderale inspektøren for Murmansk fylke. Under møtet understreka deltakarane at Barentssamarbeidet spelte ei viktig rolle for berekraftig utvikling av Barentsregionen, samt at samarbeidet var ein monaleg faktor for betra stabilitet og fred i Europa.<sup>144</sup>

På sesjonen var deltakarane samde i tilrådingane for samarbeid innan økonomi, handel, toll, energi, transport, den nordlege sjøvegen, og ungdomspolitikk. Det er ikkje konkret presisert i artikkelen kva tilrådingane går ut på og kven som kjem med dei, men det gjeld sannsynlegvis ei felles semje hjå møtedeltakarane. Deltakarane merka seg spesielt framgangen innan helse samt utdannings- og forskarutveksling. Det kjem ikkje klart fram av artikkelen om dette gjeld dei russiske deltakarane eller alle deltakarane. Ut over dette la deltakarane på møtet særskilt vekt på miljøsamarbeid gjennom å førebygga drivhuseffekten, verna det biologiske mangfaldet og innföra moderne skogbruksmetodar. Dei sa seg også nøgd med forhandlingane kring atomsamarbeidsavtala MNEPR. Til slutt stadfesta rådet at Barentssamarbeidet var retta

---

143 Som nemnt i kapittel to blei sju føderale distrikt oppretta i 2000 med kvar sin fullmekting representant for den russiske presidenten. Målet med dette var å styrka sentrum av føderasjonen. Hovudoppgåva til representantane var å sjå til at regionale lover var i samsvar med føderale. Referanse: Isaev & Baranov, 2008: 64-65

144 Diplomatitsjeskij vestnik, 2001, *Ofitsial'nye materialy – Vos'maja sessija Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona*

inn mot berekraftig utvikling av Barentsregionen, løysing av sosioøkonomiske, miljømessige og andre vitale problemstillingar i Nordvest-Russland.

Slik det bør gå fram av presentasjonen av artikkelen er han av ein relativt generell karakter og noko mindre konkret på kva Russland ønskjer av samarbeidet. Dersom ein jamfører Russland sine prioriteringar med artikkelen til den sjuande sesjonen<sup>145</sup> i Barentsrådet er det mykje likt. Dette kan tyda på at den generelle russiske haldninga, slik ho kjem fram i artikkelen, ikkje har endra seg nemneverdig på bakgrunn av formannskapsperioden. Moderne skogbruksmetodar, den nordlege sjøvegen, økonomisk og miljømessig samarbeid er særskilt nemnt i artikkelen. Dersom ein jamfører dette med dei russiske prioriteringane frå 2000, er dei generelt sett dei same. På den andre sida blir ungdomspolitikk nemnt. Det at ein representant for det nordvestlege føderale distriktet til stades på møtet ymtar om at Barentssamarbeidet var av interesse for administrasjonen til det nordvestlege føderale distriktet. Kva syner talen til utanriksminister Igor Ivanov om russiske erfaringar og prioriteringar?

## Russiske erfaringar og prioriteringar på den åttande sesjonen i Barentsrådet

Innleiingsvis ytra Ivanov at Russland sannsynlegvis ikkje hadde fått gjort alt slik ein ønskte under formannskapsperioden. På den andre sida peika han på at Barentssamarbeidet var i utvikling med mål om å skapa stabilitet og velstand i Barentsregionen. Russland var også meir enn nokon gong overtydd om at regionalt samarbeid var eitt av dei mest effektive svara på utfordringar som følgje av globalisering og tryggleik i Europa. Ivanov uttala vidare at Russland nå såg fruktene av styrkinga av tilliten og kontakten mellom folk i Barentsregionen. I denne samanhengen viste han til Noreg sin oppreten under Kursk-ulykka<sup>146</sup>. I 2001 havarerte den russiske atomubåten Kursk i Barentshavet med eit mannskap på 118 personar. Etter først å ha avslått utanlandske hjelpe medlemmer bad Russland om hjelpe frå Noreg og Storbritannia. Alle ombord omkom i havariet. Om organiseringa av Barentssamarbeidet ytra utanriksministeren at det hadde lykkast å danna ein tilstrekkeleg utvikla samarbeidsstruktur på relativt kort tid.<sup>147</sup>

145 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – O sed'moj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona.*

146 NTBtekst, 26.12.2000, *Kronologi over Kursk-ulykken*

147 Diplomatitsjeskij vestnik, 2001, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova 15 marta*

Ivanov uttala at Russland hadde under formannskapsperioden sin blitt av den oppfatninga at det var på tide å gje Barentssamarbeidet nye og større oppgåver. Slik Russland såg det, var hovedoppgåva å gradvis jamna ut gapet i levestandarden mellom landa i Barentssamarbeidet. Utanriksministeren argumenterte med at dette var fullt og heilt i samsvar med Kirkenes-erklæringa frå 1993 om å auka livskvaliteten for folk i nord. Til dette vona Russland at finansiering frå europeiske land og organisasjoner og særleg via EU sin «Nordlege dimensjonen» ville framkunda oppstarten av konkrete prosjekt i Barentssamarbeidet. Vidare la Ivanov også vekt på at russiske styresmakter hadde gjort konkrete steg for å betra investeringsklimaet i Russland. I tillegg ville Russland halda fram med arbeidet for å trekkja til seg både utanlandske og nasjonale investorar til dei russiske nordområda. Russland ville også gradvis leggja til rette for realisering av prioriterte investeringsprosjekt for den russiske delen av Barentsregionen som var avtalte gjennom Barentssamarbeidet. For samarbeidet om infrastruktur la Ivanov vekt på det å snarleg fullføra grenseovergangane ved Borisoglebsk og Salla til høvesvis Noreg og Finland, arbeida mot organisert kriminalitet og bruka den nordlege sjøvegen.<sup>148</sup>

Eit særtrekk ved Barentssamarbeidet som Ivanov kasta ljós over var måten det retta seg mot folk sine konkrete behov. Som eit døme på det viste han til kontroll og vaksinering av 79 000 barn i Arkhangelsk fylke. Utanriksministeren vigde også taletid til miljøsamarbeidet som blei karakterisert som ein basis for berekraftig utvikling i Barentsregionen. Som i talen til Gusarov frå 2000 viste også Ivanov her til at spesialistar hadde blitt kursa i energieffektivitet gjennom programmet «rein produksjon». Ivanov viste også til framgang i MNEPR-forhandlingane. Til slutt i talen kom utanriksministeren inn på at Barentssamarbeidet sameiner lokale og sentrale krefter til prosjektrealisering. Han var overtydd om at det å styrka den vertikale maktfordelinga,<sup>149</sup> samt det å oppretta det nordvestlege føderale distriktet, ville koma til å fremja lokale initiativ og optimalisera statleg ressursbruk til hjelp for ei allsidig utvikling av Barentsregionen.<sup>150</sup>

---

148 Diplomatitsjeskij vestnik, 2001, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova 15 marta*

149 Den vertikale maktfordelinga/Den utøvande vertikalen: «[...] transmisjonsbeltet mellom sentralt og lokalt nivå som kommunistpartiet hadde stått for i sovjetiden, men som nå var forpurret av de direktevalgte (les: potensielt egenrådige) guvernørene».

Referanse: Hønneland 2006: 88

150 Diplomatitsjeskij vestnik, 2001, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova 15 marta*

Russland hadde i løpet av formannskapsperioden erfart at dei ikkje hadde fått gjort alt slik dei ønskte. Ivanov trekte også fram at det var på tide at Barentssamarbeidet fekk nye og større oppgåver, slik også den russiske viseutanriksministeren Gusarov kom inn på under den sjuande sesjonen i Barentsrådet i år 2000. Det at den russiske representanten repeterer nettopp slike innstillingar treng ikkje tyda at haldninga til saka er nøyaktig den same. Repeterte utsegn kan derimot tyda at ein ikkje ser den naudsynte framgangen på området eller at ein ønskjer endå meir fokus på nye og store oppgåver enn det det har vore. Dette kan såleis tyda på at Russland framleis var interessert i ei omfattande utvikling og satsing på Barentssamarbeidet. På den andre sida er det mogleg at Russland ønskte eit endå større fokus på store oppgåver eller at Russland såg at samarbeidet ikkje gjekk i ønskt retning.

Økonomisk relatert samarbeid er det Ivanov vigde mest plass på i talen. Det tyder på at auka fokus på økonomisk utvikling gjennom Barentssamarbeidet framleis var minst like viktig for Russland i 2001 som i 2000. Å jamna ut den sosioøkonomiske skilnaden mellom landa i Barentsregionen såg Russland som den viktigaste oppgåva til Barentssamarbeidet. Dette er gjerne ikkje så rart, då grensa mellom Noreg og Russland, også per 2009, representerte eit stort skilje i levestandard. I talen viste Ivanov difor at Russland reint konkret nå hadde betra investeringsklima og grenseinfrastruktur. Auka russisk fokus på økonomisk samarbeid heng også klart saman med den rolla Putin ville det russiske diplomatiet skulle spela. I ein tale til utanriksministeriet i 2001 bad han diplomatiet om å leggja meir vekt på økonomiske interesser i samhandlinga med utlandet.<sup>151</sup>

Ivanov trekte, likeins Gusarov i 2000, fram programmet «rein produksjon» som døme på eit positivt samarbeidsprosjekt. Russland såg også ut til å vera særskilt nøgd med effektiviteten innan dette programmet. Grunnen til det kan vera at eit slikt program ikkje berre gjev miljømessig vinst, men også økonomiske via mellom anna høgare energieffektivitet – redusert bruk av energiressursar. Ivanov legg mellom anna vekt på kontroll- og vaksinasjonsprogrammet som blei utført i Arkhangelsk fylke. Med 79 000 involverte barn må dette kunna seiast å vera eit stort prosjekt, likeins må bygginga av grenseovergangane ved Borisoglebsk og Salla også sjåast på som store prosjekt. Det er såleis verdt å merka seg at Ivanov

---

151 Sakwa, 2008: 372

utelukkande drog fram store prosjekt som døme på positivt samarbeid. Det bør difor vera klart at det er just slike prosjekt Russland ønskte fleire av då Ivanov ytra at det er på tide med større oppgåver for Barentssamarbeidet.

Eit anna moment er at den konkrete kritikken slik som i talen til Gusarov året før er borte hjå Ivanov. Det kritiske aspektet kan likevel vanskeleg seiast å vera heilt borte, då Russland viste at dei ønskte å fokusera meir på det økonomiske samarbeidet. Samstundes er det mogleg at Russland ikkje ville stilla seg sjølv i eit negativt ljós, då det var nettopp Russland som hadde hatt formannskapet i Barentsrådet i perioden. Ivanov kom også inn på kva rolle dei nye føderale distrikta skulle spela i Barentssamarbeidet. Dei skulle «fremja lokale initiativ og optimalisera statleg ressursbruk». Det er likevel vanskeleg å sjå kva slags argumentasjon som ligg til grunn for korleis det å styrka *den vertikale maktfordelinga* reint konkret skal gje støtte til dette. I alle høve er den uttalte føderale haldninga at dei føderale distrikta vil ha positiv innverknad på Barentssamarbeidet.

Den russiske haldninga slik ho kan tolkast i lys av talen til Ivanov ser såleis ut til å ha vore ei generell interesse for å vidareutvikla Barentssamarbeidet, men at Russland ville ha fleire store prosjekt av den typen Ivanov gav døme på i talen. Når det gjeld kva type samarbeid Russland hadde fokus på, er det tydeleg at økonomisk relatert samarbeid var det viktigaste og at ein framleis ønskte meir fokus på dette. Dette er også i tråd med talen som Putin, der han bad utanriksministeriet om å fokusera meir på økonomisk samarbeid i diplomati. Det sterke fokuset på økonomisk relatert samarbeid er også påfallande stort når ein jamfører det med folk-til-folk-samarbeidet. Til samanlikning ytra den svenske utanriksministeren, Anna Lindh, under det same møtet at folk-til-folk-samarbeidet utvikla seg hurtig, samstundes som ho fokuserte meir på små prosjekt.<sup>152</sup>

---

152 Barents Euro-Arctic Council official website, *Statement by Mrs Anna Lindh, Foreign Minister of Sweden, incoming chair* [http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/463\\_doc\\_StatementSweden2001.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/463_doc_StatementSweden2001.pdf) lest 11.februar, 2009

## **4.4 2002 – Russland og EU sin «nordlege dimensjon» - like prioriteringar, like problem?**

I 2002 fann ein ministerkonferanse om EU-programmet «Den nordlege dimensjonen» stad, der den russiske viseutanriksministeren heldt ein tale. Denne kastar ljós over Russland si haldning til dette programmet. Relevansen den «nordlege dimensjonen», heretter ND, har til Barentssamarbeidet går eg gjennom under. Korleis såg Russland på ND samanlikna med Barentssamarbeidet?

Den nordlege dimensjonen er eit prosjekt mellom EU, Island, Noreg og Russland, der Barentsrådet er ein av aktørane. ND er relevant for Barentssamarbeidet fordi programmet finansierer samarbeidsprosjekt i mellom anna Nordvest-Russland.<sup>153</sup> I tillegg er EU-kommisjonen eit av medlemmane i Barentsrådet. Målet med å gå gjennom denne talen er å skapa eit meir samansett bilet av den russiske haldninga til Barentssamarbeidet.

Innleiingsvis gav Gusarov honnør til Finland for å ha teke initiativ til ND i 1997 og stilte seg positiv til at også land utanfor EU hadde vore med å utforma ND. Viseutanriksministeren ytra at ND spelte ei nøkkelrolle i arbeidet for å driva det internasjonale samarbeidet i Nord-Europa framover. Dette hadde medlemmane i både Barentsrådet og Austersjørådet<sup>154</sup> merka seg. Gusarov viste likevel til at ND somme tider blei skulda for å vera eit altfor abstrakt konsept for mannen i gata. Viseutanriksministeren parerte dette med at det faktisk var mykje handgripeleg som blei realisert gjennom ND innan helse-, politi-, utdannings- og industrisamarbeid. Gusarov uttalte at mellomfolkeleg samarbeid på to plan (regionalt og mellomstatleg) gjekk hand i hand. Han var difor takksam for bistanden til dei nordvestrussiske regionane gjennom ND. Vidare ytra han at Russland dei to siste åra hadde hatt høve til å gje sitt bidrag for å løysa problem i både Barentsregionen og Austersjøregionen. Bakgrunnen for dette er at Russland hadde hatt formannskapet i begge organisasjonane. For folk i Austersjøregionen og Barentsregionen, sa Gusarov, var nytta synleg og samarbeidet

---

<sup>153</sup> EU-kommisjonen, 2007, *The Northern Dimension – Overview*  
[http://ec.europa.eu/external\\_relations/north\\_dim/](http://ec.europa.eu/external_relations/north_dim/) lest 12. januar, 2009

<sup>154</sup> Austersjørådet er ein internasjonal samarbeidsorganisasjon, der alle landa som grensar til Austersjøen, inkludert Noreg, er medlemar.

hadde akkumulert styrke.<sup>155</sup>

Om den komande handlingsplanen i ND for 2004- ytra Gusalov at ein må ta omsyn til innspel frå alle involverte partar:

«Når du les dei offisielle dokumenta, sit du stundom att med eit inntrykk av at initiativet avgrensar seg til miljø og samarbeid innan informasjonsteknologi og kamp mot organisert kriminalitet.»<sup>156</sup>

Viseutanriksministeren meinte likevel at denne typen samarbeid var viktig, men at det var ikkje grunnlag for å retta all fokus mot dette. I den siste tida hadde Russland sett at fokuset hadde gått bort frå spørsmål som utvikling av infrastruktur, grensesamarbeid, energi og den sosiale sfæren. Gusalov hevda vidare at ein ofte ikkje tok omsyn til dei russiske framlegga og viste til at nesten alle dei russiske framlegga til Luxembourg-konferansen hadde «forsvunne i lause lufta». Dette uroa Russland, særleg i samband med arbeidet den nye handlingsplanen.<sup>157</sup>

Eit anna problem den russiske representanten trekte fram, var den manglende mekanismen for å velja ut og realisera prosjekt i ND. Viseutanriksministeren kalla dette for mangel på etablerte speleregler som framkalte auka forventningar og misnøye med formatet til det dåverande samarbeidet. Gusalov peika på at dette gjorde det vanskeleg å realisera mykje av dei førebuingane dei nordvestrussiske regionane hadde gjort. Vidare meinte viseutanriksministeren at det var naudsynt å koordinera samarbeidet med dei tre største internasjonale organisasjonane<sup>158</sup> retta mot samarbeid i nord. Til slutt uttala Gusalov at Russland alltid hadde støtt og hatt forståing for ND og at subregionalt samarbeid kunne vera eit viktig bidrag for å skapa eit felles europeisk sosioøkonomisk rom.<sup>159</sup>

Russland underteikna ein samarbeids- og partnerskapsavtale med EU allereie i 1994, men på grunn av krigen i Tsjetsjenia førte ikkje EU på sin signatur før i 1997.<sup>160</sup> På denne måten stod

---

155 Diplomatisjeskij vestnik, 2002, *Ofitsial'nye materialy – 3-ja ministerskaja konferentsija po «Severnemu izmereniju» ES v Grenlandii*

156 Ibid.

157 Ibid.

158 Arktisk råd, Austersjørådet og Barentsrådet

159 Diplomatisjeskij vestnik, 2002, *Ofitsial'nye materialy – 3-ja ministerskaja konferentsija po «Severnemu izmereniju» ES v Grenlandii*

160 Sakwa, 2008: 385

mykje av samarbeidet mellom EU og Russland meir eller mindre på vent i tre år som ein protest på krighandlingane. Som Gusarov ytra innleiingsvis, tok heller ikkje EU (via Finland) initiativ til ND før i 1997. Relasjonane mellom Russland og Europa var spente, men var ikkje prega av isolasjon. Til dømes blei Russland teke opp som medlem i Europarådet i 1995 medan den første krigen i Tsjetsjenia framleis var i gang. Årsaka til dette var at Europarådet heller ville integrera enn isolera.<sup>161</sup>

Slik det kjem fram innleiingsvis i talen, er Russland nøgd med det geografiske nedslagsfeltet til ND som inkluderer både land i og utanfor EU. Russland ser det også sjølv sagt som positivt at dei også har fått vera med å utforma ND. Russland ser nytta av ND gjennom at mykje positivt har blitt realisert gjennom programmet. Den generelle russiske oppfatninga ser på den eine sida ut til å vera at ND er eit positivt prosjekt for Russland som dei sjølve har høve til å bli høyrde i. På den andre sida poengterte Russland at dei ikkje er samde i kva grad ein skulle leggja vekt på dei ulike typane samarbeid i ND. Den russiske haldninga til prioriteringane, ser ut til å vera at ND fokuserte for mykje på samarbeidsområde som miljø, IT og organisert kriminalitet i den komande handlingsplanen. Desse ytringane kan samanliknast med dei frå sesjonane i Barentsrådet som er gått gjennom ovanfor. Fellestrekket her er at Russland viser at dei vil ha meir fokus på økonomisk relatert samarbeid. I dette tilfellet galdt det infrastruktur, grensesamarbeid og energi, i tillegg til sosialt relatert samarbeid. Russland kritiserte måten forslaga deira til handlingsplanen for 2004- blei møtte på denne konferansen. Det blir ikkje nemnt kva desse forslaga gjekk ut på, men det er nærliggjande å tru at dei handla om prioriteringar i samarbeidet.

Russland var ikkje nøgd med måten prosjekt blei valde ut og realiserte på. Det er tydeleg at Russland ønskte mekanismar i ND som kunne betra dette. Slik det kjem fram av talen til Gusarov ser grunnen ut til å vera at Russland erfarte at forslaga til dei russiske regionane ikkje blir tekne omsyn til. Det er gjerne difor Russland uttalte at dei ønskte koordinering med større internasjonale organisasjonar i området som til dømes Barentsrådet.

Den russiske haldninga slik ho kan tolkast i lys av talen til Gusarov verkar å vera generelt

---

161 Sakwa, 2008: 385

positiv til at Russland får ta del i utforminga av ND og at samarbeidet med EU er i gang. På den andre sida følte Russland at ND ikkje tok omsyn til forslaga deira. På liknande vis som i tidlegare russiske taler i Dipvest går det relativt tydeleg fram at ein ønskjer å fokusera meir på økonomisk relatert samarbeid. Som ein skilnad frå dei andre talane som kan relaterast Barentsrådet direkte, var talaren tydeleg uroa over den retninga ND såg ut til å ta. Det er i tillegg interessant at Russland viste til store organisasjonar for samarbeid i Nord, mellom anna Barentsrådet, i argumentasjonen for å skapa ein påliteleg fungerande «Nordleg dimensjon». Dette er med å visa at Russland såg med positive auge på måten Barentssamarbeidet var organisert. Dette ymtar også om at Russland hadde ein sterkare posisjon i sjølve Barentssamarbeidet enn i ND.

#### **4.5 2003 – 10 års Barentssamarbeid, russiske nasjonale interesser og positive tendensar**

I 2003 fylte Barentssamarbeidet 10 år. I samband med dette er det publisert ein artikkel og eit intervju i Dipvest. Russland sitt tilhøve til mellom anna Noreg og Barentssamarbeidet blei diskutert i det russiske føderasjonsrådet<sup>162</sup>. I tillegg publiserte Dipvest ein artikkel og ein tale om den niande sesjonen i Barentsrådet.

#### **Markeringa av 10 års Barentssamarbeid**

I forkant av markeringa for 10-årsjubileet til Barentssamarbeidet er det publisert eit intervju<sup>163</sup> med pressetalsmannen for det russiske utanriksministeriet i Dipvest. I tillegg er det publisert ein relativt kort artikkel i etterkant av markeringa.<sup>164</sup> Intervjuet kastar ljos over russiske prioriteringar, erfaringar, haldningar o.l. før markeringa, medan artikkelen går inn på desse etter markeringa. Kva erfaringar hadde så Russland med ti års Barentssamarbeidet?

---

162 Föderasjonsrådet: Andrekammeret i den föderale forsamlinga/parlamentet med to representantar frå kvar region.

163 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s vstrejszej glav pravitelstv stran-tsjlenov Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) 8 janvarja*

164 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Zasedanie Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona*

Under møtet for markeringa fann ei meiningsutveksling karakterisert som omstendeleg og konstruktiv stad. Før møtet uttala Russland seg om prioriteringane sine. Desse var sosioøkonomisk utvikling i dei russiske nordområda og Nordvest-Russland, i tillegg til å løysa miljøproblem, samt atom- og stråletryggleik. Under møtet la deltarane særskilt vekt på økonomisk samarbeid, sosiale og miljømessige spørsmål. Det går ikkje fram av artikkelen kven av deltarane på møtet som la særleg vekt på desse spørsmåla. Likevel viser nok artikkelen til den uformelle meiningsutvekslinga mellom møtedeltatarane. Mot slutten av viser derimot artikkelen at statsministrane framheva særskilt samarbeidsområde som økonomi, transport, kriminalitet, helse, ungdom, kultur, krisesituasjonar, atom- og miljøtryggleik.<sup>165</sup> Dette indikerer ei meir generell vektlegging av samarbeidsområda.

Under møtet vurderte statsleiarane verksemda til Barentsrådet i løpet av dei siste ti åra som verdifull. Både før og under møtet la Russland vekt på at Barentssamarbeidet var til for å skapa stabilitet, tillit, godt naboskap og utvikla gjensidig gagnande kontaktar. Dette skjedde både på mellomstatleg nivå og via direkte kontakt mellom dei deltagande regionane i Barentssamarbeidet. I intervjuet viste det russiske utanriksministeriet til at det har lykkast å skapa ein samarbeidsorganisasjon der både statlege og ikkje-statlege element deltok og at Barentssamarbeidet bidrog til den europeiske integrasjonsprosessen. Under markeringa skulle statsministrane i Noreg og Russland, Kjell Magne Bondevik og Mikhail Kasjanov, opna grenseovergangen Borisoglebsk-Storskog.<sup>166</sup> Det er liten tvil om at Russland sette pris på dette. I intervjuet uttala pressetalsmannen at Russland såg på opninga som eit døme på effektivt bilateralt samarbeid som tente den handelsøkonomiske utviklinga og mellomfolkelege kontaktar.<sup>167</sup>

Oppsummert handla den generelle meiningsutvekslinga ved markeringa såleis særleg om økonomi, sosiale spørsmål og miljø, medan statsministrane i Barentsrådet særleg framheva ei generell utvikling av Barentssamarbeidet. Dei russiske erfaringane etter 10 års samarbeid var generelt positive og viste at Russland var interessert i å utvikla samarbeidet vidare. Dette

<sup>165</sup>Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Zasedanie Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona*

<sup>166</sup>Ibid.

<sup>167</sup>Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s vstretelej glav pravitelstv stran-tsjlenov Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) 8 janvarja*

indikerer såleis at den russiske haldninga var generelt positiv. Likevel går det fram at Russland hadde ei merkbart større interesse for å fokusera meir på økonomisk samarbeid, samt sosiale og miljømessige spørsmål.

## Russiske nasjonale interesser

I april 2003 heldt viseutanriksminister Vladimir Tsjizjov ein tale i føderasjonsrådet om «Russland sine nasjonale interesser og erfaringar med internasjonalt samarbeid i Nord-Europa». Dette innlegget er interessant fordi det seier noko om både Russland sitt tilhøve til dei nordiske landa og dei russiske interessene og erfaringane både generelt og gjennom Barentssamarbeidet. Korleis framstilte Russland posisjonen sin i høve til ND samanlikna med den i Barentssamarbeidet?

Tsjizjov byrjar innlegget sitt med å stadfesta at dei nordiske landa hadde eit særskilt tilhøve til Sovjetunionen. Finland hadde, slik Tsjizjov karakteriserte det, eit spesielt tilhøve til Sovjetunionen, Sverige var nøytralt, medan Danmark og Noreg ikkje tillét utplassering av utanlandske styrkar og atomvåpen. På den andre sida hadde dei nordiske landa den siste tida gjort ein del val som ikkje var positive for Russland. Her nemnte viseutanriksministeren mellom anna at Sverige hadde sluttå kalla seg nøytrale, Noreg tillét utanlandske styrkar aust for den 24 breiddgrad og hadde sett radaren «Globus II» i drift. I tillegg hadde Finland gått over til å nytta utstyr av NATO-standard.<sup>168</sup> Denne radaren som ligg i Vardø som blir driven av den norsk etterretningstenesta til etterretning og forsking. Den norske e-tenesta hevdar radaren er under nasjonal kontroll, medan Russland meiner radaren er knytt til det amerikanske rakettforsvaret.<sup>169</sup> På denne måten bidrog radaren på ein negativ måte for relasjonane mellom Russland og Noreg.

---

168 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *V federal'nom sobranii Rossijskoj Federatsii – Vystuplenie zamestitelja ministra inostrannykh del Rossii V. A. Tsjizjova na parlamentskikh slusjanijakh «Natsional'nye interesy Rossii i opyt mezhdunarodnogo sotrudnictvija na Severe Evropy» 21 aprelja*

169 Forsvarsnett, 10.oktober, 2005, *Globus II er under nasjonal kontroll*, <http://www.mil.no/start/article.jhtml?articleID=108781> lest 13.februar, 2009, og

NRK Troms og Finnmark, 17.juli, 2000, *Russiske atomvåpen rettet mot Vardøradaren*, [http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_troms\\_og\\_finnmark/74204.html](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_troms_og_finnmark/74204.html) lest 13. februar, 2009

Likevel peika Tsjizjov på at dei økonomiske relasjonane mellom Russland og dei nordiske landa hadde utvikla seg positivt. Sverige og Finland var blant Russland sine største investorar og handelspartnarar. Slik Tsjizjov såg det, var tilhøvet til Noreg prega av at både Russland og Noreg er store petroleumseksporatar, samt av felles russisk-norsk forvalting av Barentshavet, delelinja og Svalbard. I løpet av det siste tiåret hadde direkte kontakt mellom russiske regionar og Nord-Europa blitt ein viktig del av tilhøvet til desse landa. Ministeren hadde også eit høveleg positiv syn på denne utviklinga.

«Me ser det som oppgåva vår, for der første, å skapa gunstige vilkår og, for det andre, i større monn å nytta regionane sitt potensial til å løysa nasjonale og utanrikspolitiske oppgåver.»<sup>170</sup>

Vidare uttala viseutanriksministeren at «Den nordlege dimensjonen» (ND) til EU ikkje var effektiv, men at ND hadde potensial til å bli eit effektivt instrument for å løysa problem i nord. Tsjizjov meinte at grunnen til dette var at mange prosjekt anten ville blitt realiserte utan ND eller så var ikkje prosjekta blant prioritetane til dei nordvestrussiske regionane. Russland peika her på at ND mangla eigna finansiering og administrasjon. Vidare uttala viseutanriksministeren nokså direkte at Russland insisterte på at ND skulle ta omsyn til dei russiske prioriteringane i arbeidet med handlingsplanen for 2004-2006.<sup>171</sup>

Til slutt kjem Russland si haldning til Barentssamarbeidet kjem meir direkte fram i talen. Tsjizjov uttala at regionale organisasjonar som mellom anna Barentssamarbeidet var eit monaleg bidrag til redusert spenning i Nord-Europa. Hovudideen, eller leiemotivet, med å delta i Barentssamarbeidet var å utvida handelsøkonomiske kontaktar, innføra energisparande teknologi, betra grense- og tollinfrastruktur, utvikla transport- og kommunikasjonssystem og verne den opphavlege kulturen til folka i dei russiske nordområda. Som viktige nyoppstarta prosjekt viser Tsjizjov til ei konsulentgruppe for forretningsverksemد og samarbeid innan krisesituasjonar.<sup>172</sup>

Dei nordiske landa sitt tilhøve til Sovjetunionen hadde, slik Tsjizjov framstilte det, ein del

---

170 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *V federal'nom sobranii Rossijskoj Federatsii – Vystuplenie zamestitelja ministra inostrannykh del Rossii V. A. Tsjizjova na parlamentskikh slusjanijakh «Natsional'nye interesy Rossii i opyt mezhdunarodnogo sotrudnitshestva na Severo-Vostochnoj Evropi»* 21 aprelja

171 Ibid.

172 Ibid.

positive militært relaterte moment som bidrog til å redusera spenninga. Den siste tida hadde derimot dei nordiske landa likevel gått bort frå desse tiltaka, noko som Russland erfarte som negativt. På den andre sida er ikkje militært samarbeid ein integrert del av Barentssamarbeidet. Det er likevel klart at det generelle tilhøvet til dei nordiske landa bør ha ein viss påverknad på Russland si haldning til samarbeidet. I tillegg er eitt av måla i Kirkenes-erklæringa frå 1993,<sup>173</sup> at Barentssamarbeidet skal bidra til fred og tryggleik internasjonalt.

Den russiske haldninga til det generelle økonomiske samarbeidet er at utviklinga er positiv. Dette seier ikkje noko om Barentssamarbeidet direkte, men er likevel ein indikator på at Russland registrerte positive tendensar. I motsetnad til dei fleste andre talane og artiklane i Dipvest, kjem ikkje den russiske talaren her med korkje indirekte eller direkte negativ kritikk av prioriteringa eller satsinga på den økonomiske delen i Barentssamarbeidet. Russland si haldning til Barentssamarbeidet blir framstilt på ein positiv måte i lys av samarbeidet gjennom ND. Dette saman med det at Russland karakteriserte relasjonane mellom Russland og Sovjetunionen som spesielt (les: mindre spent), ymtar om at landet hadde ein sterkare posisjon og meir positiv haldning til Barentssamarbeidet. Dette kan også tyda på at det var lettare for Russland å samarbeida med dei nordiske landa enn med EU. Det er også tydeleg at Russland fokuserte på at det økonomiske samarbeidet skulle spela ei viktig rolle i Barentssamarbeidet. Når ein ser på hovudideen til Russland for å delta i Barentssamarbeidet kan alle samarbeidsområda, utanom eitt, sjåast på som økonomisk relaterte. På den andre sida kom ikkje viseutanriksminister Tsjizjov med ønske om meir fokus på økonomisk relatert samarbeid slik som i tidlegare taler i dette kapittelet.

## **Positive tendensar under den niande sesjonen i Barentsrådet**

I forkant av den niande sesjonen i Barentsrådet publiserte Dipvest eit intervju med ein pressetalsmann for russisk UD. På dagsordenen for sesjonen stod ei rekke ulike tema<sup>174</sup>.

---

<sup>173</sup> Barents Euro-Arctic Council, 2009, *Declaration Cooperation in the Barents Euro-Arctic Region Conference of Foreign Ministers in Kirkenes, 11.1.1993*,  
[http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/459\\_doc\\_KirkenesDeclaration.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/459_doc_KirkenesDeclaration.pdf)  
lest 20. januar, 2009

<sup>174</sup> I artikkelen er grense- og økonomisk samarbeid, utvikling av handel og investeringar, auka energieffektivitet, menneskesmugling, miljøvern, atom- og strålingssamarbeid, redningstenester, ungdoms- og kulturutveksling lista opp.

Pressetalsmannen oppsummerte vidare kort kva Barentssamarbeidet handla om. Meir spesifikt presenterte han to trekk som gjorde Barentssamarbeidet til eit positivt prosjekt for Russland. For det første fordi fokuset og orienteringa mot konkrete resultat karakteriserte samarbeidet. For det andre fordi samarbeidsprosjekta først og fremst retta seg mot den russiske delen av Barentsregionen. Dette gjorde Barentssamarbeidet til eit verdifullt instrument for å løysa mellom anna økonomiske og miljømessige problem i Nordvest-Russland, samt å auka velstanden blant innbyggjarane her. Også i denne artikkelen peikar den russiske representanten på at organiseringa av Barentssamarbeidet er særeigen. Med særeigen meiner talsmannen at kontakten på mellomstatleg nivå utfyller kontakten mellom dei administrative einingane gjennom Barents regionråd.<sup>175</sup>

Pressetalsmannen oppsummerte også det ein hadde lykkast å gjennomføra i løpet av det nå 10 år gamle Barentssamarbeidet. Innleiingsvis trekte han fram både det at samarbeidet var utvida geografisk ved at republikken Komi blei medlem i 2002, i tillegg til at samarbeidet heile tida blei fylt med meir innhald. Som døme på slikt «påfyll» peika pressetalsmannen på område som redningstenester, utdanning, ulovleg migrasjon, ungdom og kultur. Talsmannen karakteriserte miljøsamarbeidet som eit av dei mest dynamiske samarbeidsområda. I denne samanhengen lista han opp ei rekke suksessfulle prosjekta.<sup>176</sup> Vidare såg Russland seg nå nøgd med at fokuset på den økonomiske delen av Barentssamarbeidet hadde auka. Til dette viste pressetalsmannen til ei rekke prosjekt innan det økonomiske samarbeidet.<sup>177</sup> Til slutt kom han inn på helsesamarbeidet, der han presenterte ein monaleg nedgang i tuberkulosetilfelle i tillegg til generell nedgang i talet på infeksjonstilfelle.<sup>178</sup>

Det ser ut til å vera liten tvil om at Russland generelt set pris på ideen bak Barentssamarbeidet. Dette er klart ved at prosjekta først og fremst er retta mot Russland og fokuserer på konkrete resultat. Som me har sett i dei andre artiklane, tyder ikkje det at prosjekta er retta

175 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s sessiej Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskaja regiona 30 sentjabrja*

176 Rekonstruksjon av foretak, kombinatet Petsjenganikel, prosjektet «rein produksjon», sanering av særskilt miljøskadde stader (hotspots), nasjonalparkar, økoturisme og så vidare, i tillegg til MNEPR som er ei multilateral avtale som skulle gje høgare atom- og stråletryggleik i Nord-Russland.

177 Opning av grenseovergangen Storskog-Borisoglebsk, opprettiging av ein transportsone i Barentsregionen, prosjekt innan skogbrukssektoren, arbeidet for kommersiell bruk av Den nordlege sjøvegen osv.

178 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s sessiej Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskaja regiona 30 sentjabrja*

mot Russland, at Russland er nøgd me alle prosjekta. I ein del av dei andre publikasjonane har Russland ofte kome med kritikk mot at fokuset på økonomisk samarbeid har vore for lite. Det er likevel lite slik kritikk å spora i dette intervjuet. Derimot må det jo understrekast at pressetalsmannen uttala at Russland såg seg nøgd med at fokuset på den økonomiske delen av samarbeidet nå hadde auka. Dette indikerer ei haldningsendring, der Russland faktisk ikkje har vore nøgd med den økonomiske delen av samarbeidet tidlegare, men at haldninga til det nå har endra seg.

Når det gjeld andre samarbeidsområde som helse og miljø, blei erfaringane med desse positivt framstilt i intervjuet ved at pressetalsmannen viser til konkrete resultat. I motsetnad til karakteristikken av det økonomiske samarbeidet er det vanskeleg å lesa ut noko anna frå desse utsegnene enn at Russland var generelt positive til dei. Eit anna viktig moment for Russland var at samarbeidet stadig hadde blitt fylt med nytt innhald. Dette tyder på at Russland var generelt interessert i at Barentssamarbeidet skulle vidareutviklast. Som i ein del av dei tidlegare publikasjonane, viser også denne at Russland gjennom dei føderale styresmaktene var positive til det arbeidet som blir gjort på det regionale nivået i Barentssamarbeidet.

Den russiske haldninga, slik ho kom fram i dette intervjuet, er generelt positiv til det samarbeidet som hadde blitt utført gjennom Barentssamarbeidet dei første ti åra. Det er likevel klare tendensar til at den russiske haldninga hadde endra seg. Endringa er tydeleg ved at Russland var nøgd med vektlegginga av den økonomiske delen av Barentssamarbeidet.

### **Russland ønskjer eit sterkare økonomisk samarbeid**

Både under den åttande og niande sesjonen i høvesvis 2001 og 2003 tala dåverande utanriksminister Igor Ivanov. Talen som blir gjennomgått her omhandlar den niande sesjonen er ikkje berre interessant fordi han er ei oppfølging av talen under den åttande sesjonen, men også fordi Ivanov er relativt klar på kva Russland ønskjer med Barentssamarbeidet. På kva måte ville Russland promotera det økonomiske samarbeidet?

Innleiingsvis stadfesta Ivanov at det hadde lykkast å skapa ein imponerande samarbeidsstruktur i løpet av fartstida til Barentssamarbeidet. Det var difor på tide med nye oppgåver for Barentssamarbeidet, først og fremst på område som handels- og investeringssamarbeid, energi, petroleumsutvinning og transportinfrastruktur. Ministeren ytra at den stabile politiske og økonomiske situasjonen i Russland nå skapte føresetnader for eit djupare samarbeid på slike område. Vidare rekna Russland bidraget til det svenske formannskapet for å utvikla den økonomiske delen av samarbeidet som positivt. Som konkrete steg for denne utviklinga peika Ivanov på at ei konsulentgruppe for forretningsverksemd hadde byrja å fungera, samt at ein komité for tollsamarbeid hadde blitt oppretta.<sup>179</sup>

Russland var også nøgd med at Barentsrådet framleis prioriterte å utforska det økonomiske potensialet til Barentsregionen. Utanriksministeren rekna det likevel som naudsynt å kollektivt arbeida for å trekkja til seg meir økonomisk verksemd. Ivanov såg det såleis som naudsynt å konstatera at Russland ikkje følte at andre land i Barentssamarbeidet gav tilstrekkeleg merksemd til prosjektforslag frå russiske regionar. Som døme på dette peika utanriksministeren på arbeidet for å modernisera russiske flyplassar i Barentsregionen til internasjonal standard.<sup>180</sup>

Ivanov meinte at det var naudsynt å vurdera å redusera den totale mengda samarbeidsprosjekt. Poenget med dette skulle, i følgje ministeren, vera å fokusera på dei prosjekta som var viktigast for den økonomiske utviklinga av regionen i prioritert rekjkjefølgje. Russland ville difor ha fleire prosjekt som skapte betre vilkår for økonomisk verksemd i Barentsregionen. Som døme på dette viste han mellom anna til eit transportprosjekt mellom Russland, Sverige og Finland. I tillegg understreka utanriksministeren at Russland var nøgd med at samarbeidet innan skogdrift var aktivisert.<sup>181</sup>

Russland var sterkt overtydd om at framtida til Barentsregionen på mange måtar var avhengig av i kva grad ein ville lykkast med å utnytta petroleums- og bioressursane i Barentshavet.

---

179 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova na sessii 3 oktjabrja*

180 Ibid.

181 Ibid.

Ivanov kritiserte dei andre deltakarlanda i Barentsregionen for å ikkje ta konkrete steg for å bidra til ta i bruk av Den nordlege sjøvegen. Utvinning av petroleumsressursar i Barentsregionen meinte utanriksministeren ikkje var mogleg å sjå føre seg utan å utvikla Den nordlege sjøvegen. Sjøvegen ville kunna skapa grunnlag for ei mangedobling av godstransporten og utvikla oljetransporten i samband med at ein ny oljeterminal skulle byggjast i Murmansk. Ministeren understreka at Russland var klar til å utvida samarbeidet innan redningstenester til havs, oljesøl og transporttryggleik.<sup>182</sup>

Det siste temaet Ivanov kom inn på var energi. Russland var interessert i å utvikla energieffektivitetssenter i den russiske delen av Barentsregionen. Prosjekt innan energieffektivitet, miljøvern og fornybar energi var særskilt aktuelle. Russland var spesielt interessert i å bruka russiske spesialistar til desse prosjekta. Som eit vellykka prosjekt på dette feltet viste Ivanov til prosjektet «rein produksjon» som allereie hadde gitt både økonomisk og miljømessig nytte.<sup>183</sup> Til slutt i talen kjem Ivanov med ei interessant utsegn:

«Avslutningsvis vil eg understreka, at den økonomiske delen av Barentssamarbeidet er og kjem til å vera ein av hovudprioritetane for Den russiske føderasjonen i samhandlinga med partnarane i Barentsregionen med mål om å føra folka våre nærare og saman løysa vanskelege oppgåver innan økonomisk kooperasjon.»<sup>184</sup>

Slik det går fram av talen til Ivanov ser den økonomiske delen av Barentssamarbeidet til å vera særskilt interessant for Russland og at det hovudsakleg var denne delen Russland tok til orde for å vidareutvikla. Den russiske sida hadde ei rekke forslag til å utvikla dette samarbeidet på fleire økonomisk relaterte område.<sup>185</sup> Russland argumenterte både med at samarbeidet nå var velorganisert og at den politiske og økonomiske situasjonen la betre til rette for denne typen samarbeid. I tillegg hadde Sverige gitt eit positivt bidrag i denne retninga, samt at økonomisk samarbeid var blant prioritetane til Barentsrådet. Det kan såleis tolkast til at Russland oppfatta at det faktisk var større fokus på økonomisk samarbeid i Barentssamarbeidet, enn tidlegare.

---

182 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova na sessii 3 oktjabrja*

183 Ibid.

184 Ibid.

185 Handels- og investeringssamarbeid, energi, petroleumsutvinning og transportinfrastruktur.

Likevel ville ein ta ytterlegare steg for å forsterka dette fokuset. Det mest oppsiktsvekkjande var nok at Russland ville redusera prosjektmengda for å prioritera dei som ville gjeve størst økonomisk vinst. I tillegg er utanriksministeren kritisk til at ein ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til russiske prosjektforslag og utviklinga av transportruta Den nordlege sjøvegen. Sjøvegen spelar ei viktig rolle i argumentasjonen til utanriksminister Ivanov, då utvinning av olje og gass ikkje var mogleg å sjå føre seg utan å utvikla denne transportruta. Samstundes ytra Ivanov at Barentssamarbeidet på mange måtar er avhengig av å utvikla av petroleumsfelta i Barentshavet. Det vil såleis seia at Barentssamarbeidet, etter argumentasjonen til Ivanov, på mange måtar avhengig av utviklinga av Den nordlege sjøvegen.

Talen viser at den russiske haldninga faktisk ikkje berre konsentrerer seg om økonomisk nytte av Barentssamarbeidet. Utanriksministeren viste også at Russland såg samarbeidet som eit viktig prosjekt med store framtidsutsikter, særleg når det gjeld økonomisk relatert samarbeid. I tillegg konkluderer Ivanov med at dette vil føra folka i Barentsregionen nærrare kvarandre. På den andre sida er det mogleg at ein ikkje ser det som eit mål i seg sjølv å føra folka i Barentsregionen nærrare kvarandre. Det er ikkje gitt at tettare økonomisk samarbeid vil føra folka i regionen saman i større grad enn samarbeid innan andre område som til dømes kultur, utveksling og urfolk. Derimot er det mogleg Russland rett og slett er mest interessert i å maksimera den økonomiske nytta av samarbeidet ved å maksimera fokuset på det som kan gje størst mogleg økonomisk vinst – økonomisk samarbeid.

Tidlegare publikasjonar i Dipvest har vist ein tydeleg tendens til at Russland ønskjer eit tettare økonomisk samarbeid. Den russiske haldninga til Barentssamarbeidet slik ho kjem fram i talen til Ivanov ser såleis ut til å vera at endå tettare økonomisk samarbeid var og kom til å vera hovudprioriteten til Russland. I tillegg registrerte Russland positive tendensar innan denne typen samarbeid. Talen seier lite om andre typar samarbeid som helse, kultur, urfolk, utveksling osv. Det er også klart at Russland vil «ofra» andre typar samarbeid for å fokusera meir på økonomisk relatert samarbeid.

## **Eit lite opphold**

Dette kapittelet omfattar ei stor mengd materiale. For å få eit betre oversyn over kapittelet høver det seg med eit lite opphold for å oppsummera funna til nå. Ved tusenårsskiftet var det klart at prioriteringane til Russland i hovudsak var økonomisk relaterte, men også sosialt samarbeid og miljøspørsmål i Barentssamarbeidet. Russland viste også til gode erfaringar med samarbeid innan energieffektivitet. I tillegg er det viktig å peika på at Russland også såg ut til å vera generelt interesserte i å vidareutvikla samarbeidet med store gjensidige positive prosjekt. På den andre sida ville Russland sett større sosial, økonomisk og miljømessig framgang i den russiske delen av Barentsregionen. Russland ville også at bistandsaspektet i Barentssamarbeidet skulle bort.

Etter å ha gjeve frå seg formannskapet i 2001, fokuserte Russland framleis på å styrka den økonomiske delen av Barentssamarbeidet. I 2002 kom den russiske haldninga til «Den nordlege dimensjon» (ND) til EU betre fram. Russland var positive til å vera med på utforminga av ND, men følte derimot at dei ikkje blei høyrde. Det var også tydeleg at Russland ønskte at ND skulle fokusera meir på økonomisk samarbeid, og viste til Barentsrådet i argumentasjonen for å skapa ein påliteleg fungerande ND.

Dei russiske erfaringane etter 10 års Barentssamarbeid i 2003 var generelt sett positive, også for den økonomiske delen av samarbeidet. Likevel foreslo Russland å redusera talet på prosjekt for å fokusera ytterlegare på økonomisk samarbeid. Dei positive tendensane blei også stadfesta via dei russiske nasjonale interessene som blei presenterte i føderasjonsrådet.

## **4.6 2004 – Ny utanriksminister, ny dagsorden?**

I 2004 blei Sergej Lavrov utnemnt til utanriksminister i Russland og vitja kort tid etter utnemninga Noreg. I samband med besøket er det publisert to korte intervju med ein pressetalsmann for Det russiske utanriksministeriet – MID – i Dipvest og på MID sin nettstad.

Det eine<sup>186</sup> intervjuet går inn på norsk-russiske tilhøve, medan det andre<sup>187</sup> går særskilt inn på temaet økonomi. Begge intervjuet kjem også kort inn på Barentssamarbeidet. Kva synet materialet frå visitten om Barentssamarbeidet?

I det første intervjuet karakteriserer pressetalsmannen dei norsk-russiske relasjonane med ord som stabilitet og dynamikk. Visitten til Lavrov skulle gje ytterlegare impulsar for å vidareutvikla samarbeidet på det politiske, handelsøkonomiske, miljømessige og kulturelle området. Pressetalsmannen ytra at det norske formannskapet i Barentsrådet gav omfattande hove til samhandling mellom Noreg og Russland. Handelsøkonomisk samarbeid og investeringssamarbeid var område det blei lagt særskild vekt på, uttala talsmannen på spørsmål om kva tyding det handelsøkonomiske området hadde for Russland og Noreg. Når det galdt andre område ville ein diskutera mellom anna delelinja i Barentshavet og realisering av miljørelaterte prosjekt. I tillegg ville ein leggja vekt på felles utvinning av naturressursar i nordlege havområde.<sup>188</sup>

Det andre intervjuet er noko spesiell i forma. Intervjuet inneholder ingen spørsmål, men i tittelen på dokumentet går det fram at det er eit intervju fordi det inneholder frasen «Svar [...] på spørsmål frå massemedia». Samarbeidet mellom landa utvikla seg steg for steg både på mellomstatleg og regionalt nivå. Handelen mellom landa hadde nådd eit rekordnivå på 1,2 milliardar dollar. I tillegg blei det realisert rundt 60 prosjekt gjennom Barentssamarbeidet i Nordvest-Russland. Vidare går det fram av intervjuet at energisektoren og då særskilt utvinning av petroleumsressursar var ein viktig del av dagsordenen. Når det gjeld atomprogrammet MNEPR, hadde Russland gode erfaringar med arbeidet til nå.<sup>189</sup>

---

186 Diplomatitsjeskij vestnik, 2004, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s vizitom ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S. V. Lavrova v Norvegiju 31 maja*

187 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2004, *Otvet ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii A.V.Jakovenko na vopros SMI po ékonomitsjeskoj sostavlajusjtsjej vizita Ministra inostrannykh del Rossii S.V.Lavrova v Norvegiju*

188 Diplomatitsjeskij vestnik, 2004, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s vizitom ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S. V. Lavrova v Norvegiju 31 maja*

189 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2004, *Otvet ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii A.V.Jakovenko na vopros SMI po ékonomitsjeskoj sostavlajusjtsjej vizita Ministra inostrannykh del Rossii S.V.Lavrova v Norvegiju*

Under visitten til utanriksministeren skulle ein diskutera ei rekkje tema for norsk-russisk samarbeid, også kulturrelaterte saker. Dette ymtar om at kulturelt samarbeid, i tillegg til økonomisk og miljørelatert samarbeid, faktisk var blant prioritetane til Russland. Dette står i motsetnad til Igor Ivanov sin tale under den niande sesjonen i Barentsrådet i 2003.<sup>190</sup> I den talen sit ein att med eit inntrykk av at økonomisk relatert samarbeid nærmest er den einaste prioriteten til Russland. Sjølv om intervjuet i hovudsak handla om norsk-russiske relasjoner, kan det relaterast til Barentssamarbeidet, då flesteparten av temaene for visitten handlar om samarbeidsområde som også er relevante for Barentssamarbeidet.

Det andre intervjuet går heller ikkje direkte inn på Barentssamarbeidet i særleg grad. Generelt sett gjev intervjuet eit positivt bilet av det økonomiske tilhøvet mellom Noreg og Russland og at dette utviklar seg både på regionalt og mellomstatleg nivå. Prosjekt som blir realiserte via Barentssamarbeidet blir også positivt framstilte, men intervjuet går derimot ikkje nærmare inn på dette. Atomprogrammet MNEPR har blitt diskutert i ei rekkje andre artiklar i Dipvest, og er såleis også relevant for Barentssamarbeidet, blir også positivt framstilt.

Den russiske haldninga til Barentssamarbeidet slik ho kjem fram i desse intervjuene, ser ut til å vera at dei russiske prioriteringane også omfattar andre samarbeidsområde enn økonomisk relatert samarbeid. Økonomisk samarbeid framstår likevel som det viktigaste satsingsområdet for Russland. Det kjem også fram at samarbeidet hadde ein monaleg framgang både på mellomstatleg og regionalt nivå og at Barentssamarbeidet sett i lys av relasjonane mellom Noreg og Russland bidreg til noko av framgangen.

## 4.7 2005 – Ein breiare innfallsinkel

Til den tiande sesjonen i Barentsrådet er det publisert eit omfattande materiale som handlar om Barentssamarbeidet. Det er publisert fem talar av den russiske utanriksministeren Sergej Lavrov på nettstaden til MID. Den første omhandlar Barentssamarbeidet generelt, medan dei fire påfølgjande talane omhandlar samarbeidsområda urfolk, sosial og humanitær utvikling, økonomisk utvikling og miljø. Etter at eg har gått gjennom dette materialet, vil eg sjå nærmare

---

190 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova na sessii 3 oktjabrja*

på ein tale Lavrov heldt om «Den nordlege dimensjonen» til EU. Kva endringar er det mogleg å sjå i den russiske haldninga samanlikna med tidlegare publikasjonar?

## Den tiande sesjonen i Barentsrådet

Innleiingsvis gav Lavrov ein positiv karakteristikk av Barentssamarbeidet. Russland sette særskilt pris praktisk orienterte prosjekt, særleg dei som samsvarer med interessene til innbyggjarane i Barentsregionen. Ministeren peika også på at ein stor del av prosjekta likeins samsvarer med interessene til dei russiske regionane. Lavrov ytra at Barentsrådet først og fremst var skipa for å betra miljøet, men at det økonomiske, sosiale og humanitære samarbeidet i dag utvikla seg langsmed målet om eit betra miljø. Arbeidet mot organisert kriminalitet og menneskehandel var i ferd med å bli eit viktig aspekt i samarbeidet, samstundes som grunnlaget for felles arbeid mot terrorruslar var lagt.<sup>191</sup>

Lavrov uttalte at problema for urfolk i Russland i dag på mange måtar hang saman med den sovjetiske måten å utvikla dei arktiske områda. Denne baserte seg på ein industriell modell som ofte ikkje tok omsyn til den menneskelege faktoren. Eit anna problem var dårleg føderal koordinering fram til 2004, då fleire ulike ministerium hadde ansvaret for urfolksspørsmål. Ministeriet for regional utvikling hadde nå fått ansvaret, og ville fokusera på å integrera den tradisjonelle urfolksøkonomien i den moderne økonomien og samtidig verna den opphavlege kulturen. Ut over dette ville Russland sjå til andre land i Barentssamarbeidet sine erfaringar med slike spørsmål.<sup>192</sup>

Lavrov uttalte at resultata av den sosiale og humanitære utviklinga via Barentssamarbeidet var velkjente. Han presiserte ikkje dette ytterlegare, men det er klart at Russland oppfatta resultata som monalege. Denne typen samarbeidet var verdifullt i seg sjølv, samtidig som resultata

---

191 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005,  
*Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossii C.V.Lavrova po itogam 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona, g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda*

192 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005,  
*Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «Korennye narody», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda*

skapa ein god atmosfære for andre typar samarbeid. Russland var nøgd med resultata til arbeidsgruppa for helse og sosiale spørsmål, særleg framgangen i arbeidet mot AIDS. Lavrov såg med interesse på utvidinga av helse- og sosialsamarbeidet i ND. Russland ville òg samarbeida med Austersjørådet mot kriminalitet og utvida krisesituasjonssamarbeidet. Han ønskte utvidinga av samarbeidet innan kultur og utveksling velkommen og rekna ungdomssamarbeidet som ei sterk side i Barentssamarbeidet. Til dette skulle Noreg og Russland bidra konkret ved å inngå ein avtale om forenkla visumprosedyrar.<sup>193</sup>

Russland såg Barentssamarbeidet som eit reelt bidrag til eit Europa utan skiljelinjer, altså eit integrert Europa. Dei russiske interessene med Barentssamarbeidet var ikkje berre å fremja økonomisk vekst, men at samarbeidet også skulle hjelpe å integrera Russland med dei nordeuropeiske partnarane sine. Lavrov var også positiv til å slå saman arbeidsgrupper i Barents- og regionrådet for å betra effektiviteten. For å ytterlegare betra effektiviteten ville han analysera korleis ein kunne unngå at arbeidet gjennom Barents- og regionrådet også blei gjort via ND – såkalla dublering. Det økonomiske samarbeidet var viktig for Russland, her presenterte utanriksministeren tal som viste ei kraftig auke i investeringar og handel med andre andre land i Barentsregionen. Som konkret tiltak for å bidra ytterlegare, ville Russland koordinera vegbyggingsprosjektet «*Vostok – Zapad*»<sup>194</sup> med Barentssamarbeidet. Industri-samarbeidskonferansen «*Barentsevo promysjlenoe partnerstvo*», framheva Lavrov som eit positivt tiltak for det økonomiske samarbeidet i Barentsregionen. Utanriksministeren foreslo også å utarbeida ein handlingsplan for økonomisk samarbeid, slik det var gjort i Austersjøsamarbeidet.<sup>195</sup>

Historisk sett hadde miljøsamarbeidet vore eit viktig moment for å skipa Barentssamarbeidet ved byrjinga av 1990-talet, og var på denne måten framleis ein viktig faktor i Barents-

193 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005,  
*Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «Sotsial'noe i gumanitarnoe razvitiye», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda*

194 «*Vostok – Zapad*» tyder «aust – vest». Slik det kjem fram av talen, er dette eit prosjekt som skal betra den horisontale infrastrukturen i Barentsregionen.

195 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005,  
*Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «ekonomitsjeskoe razvitiye», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda*

samarbeidet. Dei skandinaviske partnarane til Russland hadde skipa eit «ad hoc»-fond for å realisera miljøprosjekt i dei russiske nordområda. Dette initiativet prisa Russland høgt og arbeidde med å finna kjelder til å samfinansiera fondet med. Problematikken rundt atom- og strålingstryggleik var sentral, og Lavrov meinte det var viktig å halda fram med samarbeidet på dette området. Russland ville arbeida for å gjera verksemda til arbeidsgruppa «rein produksjon» meir konkret.<sup>196</sup>

Russland såg på denne måten framleis ut til å ha ei generelt positiv haldning til Barentssamarbeidet, særskilt fordi samarbeidet hadde ein praktisk prosjektpunkt i tråd med interessene til dei russiske regionane. Eit særskilt interessant moment i talen er at Lavrov ikkje berre ytra at Barentssamarbeidet blei skipa for å betra miljøet, men også at miljøsamarbeidet var ein viktig faktor i Barentssamarbeidet. I tidlegare talar fokuserte Russland mykje på dei miljømessige og økonomiske effektane av arbeidet gjennom «rein produksjon», men også på samarbeidet via MNEPR og såkalla «hotspots». Det kjem tydeleg fram av talen at Russland ser på Barentssamarbeidet som svært viktig og ønskte også å i større grad bidra med økonomiske midlar til det.

Reforma som galdt urfolksspørsmål seier lite om kva haldningar Russland har til Barentssamarbeidet. Det er likevel klart at Russland ville sjå etter erfaringar frå dei nordiske nabolanda. Det kjem også fram at Russland var generelt nøgd med den sosiale, helsemessige og humanitære utviklinga i Barentssamarbeidet. Humanitær utvikling bør her tolkast som ein samlekategori for kultur, ungdomssamarbeidet, utveksling og liknande. Russland stilte seg også positiv til eit breiare samarbeid mot kriminalitet. Eit interessant moment er at Russland såg med interesse på utvidinga av helse- og sosialsamarbeidet via ND. I talen til viseutanriksminister Gusarov i 2002<sup>197</sup> meinte Russland at fokuset på, mellom anna, den sosiale sfæren var for lite. Her ser ein ei tydeleg endring i den russiske haldninga til dette.

---

196 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005,  
*Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoy sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «zasjtsjita okružajusjtsjej sredy», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda*

197 Diplomatitsjeskij vestnik, 2002, *Oftsial'nye materialy – 3-ja ministerskaja konferentsija po «Severnemu izmereniju» ES v Grenlandii*

Det er også nytt at Russland ønskte eit utvida kultursamarbeid velkommen. Dette står i motsetnad til utanriksminister Igor Ivanov sin tale under den niande sesjonen i 2003, der han foreslo å fokusera på dei prosjekta som gav størst økonomisk vinst.<sup>198</sup> Det er derimot liten tvil om at den økonomiske delen av Barentssamarbeidet er viktig for Russland. Eit nytt moment i talane er at Russland seier tydeleg i frå om at økonomisk vekst ikkje er det einaste dei prioriterer. I talane kjem det også fram at Russland er generelt nøgd med det økonomiske samarbeidet.

Slik det går fram av publikasjonane om den tiande sesjonen i Barentsrådet, er det mogleg å sjå visse endringar i den russiske handlinga. Det er nå tydeleg at Russland ønskte meir ut av samarbeidet enn størst mogleg økonomisk vinst ved at ein tydeleg ville prioritera andre område enn berre det økonomiske samarbeidet. Dette viste Russland på ein konkret måte ved å gje uttrykk for at landet ville freista å nytta eigne midlar for å samfinansiera til dømes eit miljøfond. Det mest påfallande momentet er det at Russland samtykte med at kultursamarbeidet skulle prioriterast. I alle høve har Russland til ein viss grad ei annan tilnærming til samarbeidet. Når Russland her viser større interesse via bruk av finansielle midlar, gjev det potensielt større høve til gjera at samarbeidsprosjekt blir gjennomførte slik ein sjølv ønskjer. Det er også klart at den russiske sida i høgare grad framstår som ein meir likeverdig partnar ved å skyta inn pengar i prosjekt saman med den nordiske sida.

## **ND går Russland sin veg**

Ein ministerkonferanse om «Den nordlege dimensjonen» - ND - til EU fann stad i 2005, der den russiske utanriksministeren Sergej Lavrov heldt ein tale. Kva endringar er det mogleg å sjå i den russiske haldninga jamfør talen til viseutanriksminister Gusarov i 2002 om dimensjonen?<sup>199</sup>

Den russiske haldninga til ND hadde på den eine sida vore positiv sidan initiativet blei skipa i 1999. På den andre sida, uttala Lavrov, hadde det oppstått ein del spørsmål om omsynet til

198 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova na sessii 3 oktjabrja*

199 Diplomatitsjeskij vestnik, 2002, *Ofitsial'nye materialy – 3-ja ministerskaja konferentsija po «Severnemu izmereniju» ES v Grenlandii*

interessene til Russland og dei russiske regionane. Russland var nå nøgd med at det hadde lukkast å reformera ND og at den optimale balansen mellom interessene til Russland og EU var oppnådd med felles innsats. Utanriksministeren ytra i denne samanhengen at:

«[...]dokumentet om «Den nordlege dimensjonen» som gjeld frå 2007, skil seg radikalt frå dei føregåande. Me er nøgde med at mange av prioriteringane og dei prinsipielle tilnærmingane våre kjem til uttrykk i han.»<sup>200</sup>

Til den dagelege drifta av samarbeidet skulle det skipast ei arbeidsgruppe som mellom anna skulle arbeida med avtalte forslag om prioriterte prosjekt. Det vil seia prosjekt som Russland og EU var samde om å gje prioritet til. I denne gruppa meinte utanriksministeren det var logisk at russiske ekspertar skulle inngå. ND skulle koordinerast med andre nordlege regionale organisasjonar, som mellom anna Barentssamarbeidet, for å minimera dublering av verksemd og optimalisera ressursbruken. Av samarbeidsområde med dei beste utsiktene nemnde Lavrov først og fremst økonomi, handel og investeringar, næring, energi, transport og kommunikasjon. Det går vidare fram av talen at forskings-, utdannings-, sosial-, miljø-, atom-, og helsesamarbeid var dei viktigaste samarbeidsområda, i tillegg til folk-til-folksamarbeid.<sup>201</sup>

Russland hadde gode erfaringar med miljøsamarbeidet som frå byrjinga hadde vore tufta på eit likestilt og balansert grunnlag. Erfaringane frå dette samarbeidet fortente ytterlegare merksemd i det vidare arbeidet. Lavrov uttalte at Russland var prinsipielt interessert i helse- og sosialsamarbeid, men det var naudsynt med reformer for å auka effektiviteten. Utanriksministeren gjekk ikkje nærare inn på dette og viste til at den russiske haldninga mange gonger hadde blitt ytra på ekspertrivå.<sup>202</sup>

Mykje ser ut til å ha utvikla seg slik Russland ønskte jamfört med haldninga til ND i 2002. Den gongen var Russland uroa over at EU ikkje tok nok omsyn til russiske forslag. Slik det kjem fram av talen ser dette ut til å ha endra seg ettersom Russland var med og utforma ND-

---

200Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Vystuplenie Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S.V.Lavrova na ministerskoj konferentsii po «Severnomu izmereniju», Brüssel', 21 nojabrja 2005 goda*

201 Ibid.

202 Ibid.

programmet som skulle gjelda frå 2007. Det går også tydeleg fram av talen at Russland er nøgd med dei framtidige samarbeidsområda som innebar meir satsing på økonomisk relatert samarbeid. Dette står i motsetnad til dei russiske ytringane frå 2002, der Russland hadde inntrykk av at fokuset i ND hadde gått bort frå slikt samarbeid. Altså, slik det kjem fram av denne talen ser den russiske haldninga til ND ut til å gått i positiv retning, jamført med haldninga i 2002. På denne måten gav Russland uttrykk for ei meir positiv haldning også til ND. Slik det går fram av kjeldematerialet, framstår den russiske sida som ein meir likeverdig partnar etter å ha fått gehør for prioriteringane sine.

## **4.8 2006 – Ny føderal lov om NGOar i Russland**

I dette delkapittelet drøftar eg ei ny føderal lov om ikkje-statlege organisasjonar, heretter NGO, i lys av Barentssamarbeidet. Relevansen til samarbeidet er måten denne lova regulerte overføring av finansielle midlar til organisasjonar i Russland. Til dette har eg nytta ein artikkel frå nyhendenettstaden NEWSru.com og svara til utanriksminister Sergej Lavrov under ein pressekonferanse om norsk-russiske relasjonar.

I 2006 vedtok russiske styresmakter ei ny føderal lov som regulerte arbeidet til NGOar i Russland. I korte trekk innebar lova at verksemda til ikkje-statlege organisasjonar ikkje måtte stri med russiske nasjonale interesser og krav om å gjera greie for alle midlar organisasjonen mottok frå utlandet. Det vil seia korleis organisasjonen nytta midlane, kven som mottok midlar. Lova gav også styresmaktene høve til å stoppa midlar til NGOar i Russland. Russland mottok også kritikk frå utanlandske statsleiarar og presse. Somme representantar frå utanlandske og russiske NGOar kritiserte lova for at ho øydela for utviklinga av det sivile samfunnet i Russland, i tillegg såg somme på lova som eit trekk for å hindra ein «fargerevolusjon» i Russland. I forkant av vedtaket om denne lova hadde det vore revolusjon i tre tidlegare sovjetrepublikkar – Georgia, Kirgisitan og Ukraina. Den mest kjente av desse er gjerne oransjerevolusjonen i Ukraina. Russiske styresmakter hevda på si side at lova var retta mot utanlandsk finansiering av terroristiske og ekstremistiske grupperingar.<sup>203</sup> Den russiske utanriksministeren hevda ut over dette at vilkåra i lova likna lover i, til dømes, USA, Finland,

---

<sup>203</sup> NEWRru.com, 18.jan, 2006, *Inopressa: Putin podpisal zakon ob NPO, tsjto by obyzdat' pravozasjitsjnikov*, [http://www.newsru.com/russia/18jan2006/npo\\_print.html](http://www.newsru.com/russia/18jan2006/npo_print.html) lest 10.mars, 2009

Frankrike, Israel osv.<sup>204</sup>

For Barentssamarbeidet sin del omfatta denne lova organisasjonar som søkte om midlar frå, til dømes, det norske Barentssekreteriatet. Lova måtte nødvendigvis føra til nye administrative barrierar for organisasjonar som fekk midlar gjennom Barentssamarbeidet. Ei slik handling frå russiske styresmakter er nok ikkje direkte retta mot Barentssamarbeidet. Derimot påverkar dette alle organisasjonar som mottok midlar frå utlandet. Dette gjeld nok særleg organisasjonar som driv med mellom anna humanitært, samfunnsmessig og miljørelatert arbeid, då det nok finst ein god del slike organisasjonar som får midlar frå utlandet.<sup>205</sup> Den nye lova kan såleis sjåast på som eit negativt moment for den generelle russiske haldninga til Barentssamarbeid.

## 4.9 2007 – Russiske prioriteringar i formannskapet

Russland tok over formannskapet i Barentsrådet under den tiande sesjonen. Til sesjonen og formannskapet er det publisert mellom anna ein tale og eit formannskapsprogram for perioden 2007-2009. Kva endringar kan ein spora i den russiske haldninga til Barentssamarbeidet samanlikna med førre gong Russland hadde formannskapet (2000-2001)?

### Ellevte sesjon i Barentsrådet og det russiske formannskapsprogrammet

Talaren, utanriksminister Sergej Lavrov, fokuserte naturleg nok mykje på den komande formannskapsperioden til Russland, der landet ville halda fram med å satsa på berekraftig utvikling i samsvar med miljøet og med fokus på sosioøkonomiske faktorar. Lavrov ytra også at Russland ville stø urfolkssamarbeidet. Vidare i talen gjekk utanriksministeren inn på ulike delar av Barentssamarbeid.<sup>206</sup>

204 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2006, *Stenogramma vystuplenija i otvetov na voprosy SMI Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S.V.Lavrova po itogam peregovorov s Ministrom inostrannykh del Norvegii I.Garom Stere, Moskva, 17 fevralja 2006 goda*

205 Tufta på eigne inntrykk etter gjennomgangen av arkivmaterialet til Barentssekreteriatet frå år 2000-2008. Eit elektronisk oversyn over prosjekt som har fått støtte finst på heimesidene til det norske Barentssekreteriatet: <http://www.barents.no/granted-by-us.292852-41747.html> lest 10.mars, 2009

206 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii, 2007, *Vystuplenie Ministra inostrannykh del Rossijskoj*

Lavrov rekna det som viktig å sikra folk lik tilgang til helse- og utdanningstenester, samt høve til utveksling i utlandet. Altså, kort sagt, folk-til-folk-samarbeid. Russland ville difor stø to byrå i Murmansk som arbeidde med urfolksspørsmål og ungdomssamarbeid. I miljøsamarbeidet ville Russland halda fram med å sanera såkalla hotspots/særskilt miljøskadde stader, i tillegg til å halda fram med arbeidet gjennom programmet «Rein produksjon». Vidare ville Russland betra både den fysiske infrastrukturen mellom landa i Barentssamarbeidet og administrative og tekniske prosedyrar knytte til grenseovergangar. Russland ville også arbeida for å utvikla redningssamarbeidet gjennom felles internasjonale øvingar. Arbeidet med møte gjennom industrisamarbeidskonferansar i «*Barentsevo promysjlennoe partnerstvo*» ville halda fram. Saman med regionrådet planla det russiske formannskapet å arrangera to internasjonale festivalar i høvesvis Karelen og Arkhangelsk fylke. Russland ville også arbeida vidare med etableringa av Det internasjonale Barentssekretariatet. Dette sekretariatet skulle etablerast for å auka effektiviteten i Barentssamarbeidet og betra kontinuiteten mellom formannskaps-periodane. Til slutt ytra Lavrov at Russland ville vurdera å auka den russiske finansieringa av Barentssamarbeidet.<sup>207</sup>

I programmet er alle dei ulike samarbeidsområda presenterte og overlappar i høg grad talen til Lavrov. Programmet går nærare inn på dei fleste områda, der både helse-, kultur-, urfolks-, ungdoms-, miljø-, transport-, toll- og krisesituasjonssamarbeid blir presenterte. Programmet er såleis veldig generelt, men stadfestar likevel at Russland generelt sett vil prioritera berekraftig utvikling i samsvar med miljøet og med fokus på sosioøkonomiske faktorar, i tillegg til å stø urfolkssamarbeidet.<sup>208</sup>

Utsegne til Lavrov og det russiske programmet viser at Russland på den eine sida hadde definerte prioriteringar, og på den andre ein brei innfallsvinkel til Barentssamarbeidet. Dette treng ikkje syna at Russland såg på den økonomiske delen av samarbeidet som mindre viktig. Derimot er dette med å stadfesta at Russland prioriterte fleire område av samarbeidet. Under den niande sesjonen i 2003 blei det stadfesta at økonomisk samarbeid var høgst prioritert.<sup>209</sup>

---

Federatsii S.V.Lavrova na 11-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona, g.

Rovaniemi, 15 nojabrja 2007 goda

207 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii, 2007, *Vystuplenie Ministra inostrannykh del Rossijskoy Federatsii S.V.Lavrova na 11-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona, g. Rovaniemi, 15 nojabrja 2007 goda*

208 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2007, *Programma Predsedatel'stva Rossijskoj Federatsii v Sovete Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona na 2007 – 2009 gody*

209 Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Oftsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova na sessii 3 oktjabrja*

Den gongen foreslo Russland å fokusera på prosjekt som ville gjeve maksimal økonomisk vinst.

Den russiske haldninga etter den tiande sesjonen<sup>210</sup> i 2005 samsvarer godt med haldninga under sesjonen i 2007. Utviklinga ser såleis ut til å gå mot at Russland ville satsa på meir enn miljø og økonomisk samarbeid. Når det gjeld den generelle russiske satsinga på Barentssamarbeidet er det viktig å understreka at Russland ville bidra med meir midlar til samarbeidet. Dette ymtar om ei generelt større satsing på heile samarbeid. Lavrov presiserte derimot ikkje særskilte område Russland vil bidra med meir midlar til.

Programmet for formannskapsperioden syner likeins til talen til Lavrov, at Russland hadde ein brei innfallsinkel til Barentssamarbeidet. I tillegg til prioriteringane som blir fastslåtte i talen og programmet, kan ein for 2007 sjå til andre kjelder frå det russiske utanriksministeriet. I 2007 publiserte ministeriet det ein gjerne kan kalla eit strategidokument som generelt synte russiske utanrikspolitikken i høve til andre land, regionar og organisasjonar med meir. I dokumentet finst russiske prioriteringar for Barentssamarbeidet i form av «tilrådingar»:

«Innanfor rammene av BEAR er det i første rekke formålstenleg å konsentrera seg om prosjekt som gjeld; å sanera av «hotspots» i den russiske delen av regionen, bidra maksimalt til å gjera samarbeidet innan det nye samarbeidsformatet - «Barentsevo promysjlennoe partnerstvo» djupare, styrka samarbeidet mellom redningstenestene.»<sup>211</sup>

Slik det går fram av dokumentet, har Russland meir konkrete prioriteringar i tillegg til dei meir generelle som kjem fram i talen og programmet. Her prioriterer Russland utvalde prosjekt innan miljø- og industrisamarbeidet, samt redningstenestesamarbeid generelt.

Førre gong Russland hadde formannskapet i Barentsrådet var frå 2000-2001. Talen viseutanriksminister Jevgenij Gusarov heldt ved oppstarten av den russiske formannskapsperioden i 2000 tyda på at Russland ville satsa mest på miljø, infrastruktur og økonomisk

---

210 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Vystuplenie Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S.V.Lavrova na ministerskoj konferentsii po «Severnomu izmereniju», Brussel', 21 nojabrja 2005 goda*

211 Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2007, *Obzor vnesjnej politiki Rossijskoj Federatsii*

samarbeid.<sup>212</sup> Dersom ein ser talen som innleiinga til den russiske formannskapsperioden, hadde Russland likevel ei anna haldning ved innleiing av perioden i 2000 enn i 2007. Rett nok prioriterer Russland miljø og økonomisk samarbeid i, men den russiske innfallsvinkelen til samarbeidet er mykje breiare enn i 2000.

Dette ymtar om ei dreiling i samarbeidet, der Russland fokuserer meir på eit endå breiare Barentssamarbeid frå russisk side frå 2005 og 2007. Dei utalte prioriteringane ligg derimot generelt sett innanfor kategoriene miljø- og økonomisk samarbeid. I tillegg framstår redningstenestesamarbeid som viktig. Fokuset på samarbeid innan redningstenester kan relaterast tett opp til det at Russland ønskte å gjera Den nordlege sjøvegen til ei attraktiv alternativ transportrute til Asia. Redningstenester er nok også ein viktig del av det å utvikla infrastrukturen som trengst for å vinna ut petroleumsressursane i Barentshavet.

Når Russland inviterer til eit breiare samarbeid kan det også sjåast på som ein måte å skapa velvilje hjå dei nordiske partnarane. Velviljen kan potensielt føra til at partnarane er generelt meir interesserte i å skyta inn pengar samarbeidsprosjekt. Røynslene frå 1990-talet viste at det var det økonomiske samarbeidet viste seg å vera vanskelegare å få til å fungera enn forventa. På denne måten kan dette sjåast som eit ledd i det å trekke til seg meir investeringar. Den russiske haldninga slik ho kjem fram under den tiande sesjonen i Barentsrådet er såleis at Russland framleis fokuserte på sosialt og økonomisk samarbeid, men hadde i tillegg ein mykje breiare innfallsvinkel til dei andre delane av Barentssamarbeidet. Russland vurderte også å satsa generelt meir på samarbeidet ved å auka midlane til det. Ved å gjera dette framstod også Russland til ein viss grad som ein meir likeverdig samarbeidspartnar.

År 2008 er ikkje ført opp som eit eige punkt, då eg ikkje har funne publikasjonar frå MID som i monaleg grad kunne kasta ytterlegare ljós over problemstillinga.

---

212 Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie E.N.Gusarova*

## **4.10 Oppsummering**

I innleiinga til dette kapittelet presenterte eg spørsmål om prioriteringar og erfaringar til føderale styresmakter i høve til Barentssamarbeidet. Etterpå gjekk eg gjennom ei rekke publikasjonar frå det russiske utanriksministeriet i lys av desse spørsmåla.

I dette kapittelet viste eg at føderale styresmakter fokuserte relativt mykje på den økonomiske delen av Barentssamarbeidet i perioden 2000-2003. Etter dette gjekk dei i større grad over til å prioritera eit mykje breiare samarbeid i perioden 2004-2007. Materialet synte samstundes at det økonomiske samarbeidet likevel var høgast prioritert i tidsrommet 2000-2008. 2006 framstår som unntaket som stadfestar regelen ved at føderale styresmakter skapte administrative barrierar for mellom anna NGOar som mottok midlar frå utlandet, også via Barentssamarbeidet. Ei årsak til det store fokuset på økonomisk samarbeid kan hengja saman med at det russiske diplomati blei bede om å fokusera på Russland sine økonomiske interesser med utlandet. Det er også tydeleg at auka økonomisk utvikling i seg sjølv er viktig for Russland når eg legg det store gapet i levestandard mellom den russiske og nordiske sida til grunn. Føderale styresmakter gav uttrykk for at ikkje berre miljørelatert samarbeid, men også andre typar ikkje-økonomisk samarbeid var viktige for Russland. Ein slik samarbeidsstrategi kan sjåast på som ein måte å trekkja til seg meir finansar på, fordi det også gjerne skaper godvilje hjå dei nordiske samarbeidspartnarane. På denne måten er partnarane til Russland gjerne meir villige til å finansiera mindre risikable ikkje-økonomiske samarbeidsprosjekt, gitt dei mindre gode erfaringane med det økonomiske samarbeidet på 1990-talet. Det er også klart at tiltak som hevar energieffektiviteten i Russland er med på å redusera energikostnadene hjå russiske foretak, som igjen medfører økonomisk vinst. Russland har også erklært at landet til fulle vil oppfattast som ei stormakt i verdssamanhang. Dette kjem også til uttrykk i Barentssamarbeidet, der Russland siktar etter å bli oppfatta som ein likeverdig samarbeidspartner. Mykje tyder også på at stormakta Russland heller ville trekkja til seg utanlandske investeringar, enn å framstilla til dømes Nordvest-Russland som eit område som treng utanlandsk bistand.

I kjeldematerialet fann eg at føderale styresmakter i tidsrommet mellom år 2000 og 2002 gav direkte uttrykk for negative røynsler med Barentssamarbeidet. Årsakene til dette verkar å vera

at styresmaktene erfarte at framgangen i samarbeidet var for svak. Det andre momentet var at føderale styresmakter erfarte at dei hadde låg påverknadskraft i høve til EU sin «Nordlege dimensjon», og på denne måten ikkje blei oppfatta som ein likeverdig samarbeidspartnar. Eg synte likevel med kjeldematerialet at dei føderale styresmaktene generelt sett var positive til Barentssamarbeidet. Dei negative ytringane fall derimot stort sett bort etter 2002, og i både 2003 og 2005 gav dei klart uttrykk for positive tendensar i det økonomiske samarbeidet. Dette syner såleis at føderale styresmakter var, generelt sett, var meir positive til Barentssamarbeidet frå og med 2003.

Kjeldematerialet viste i det store og det heile at den føderale russiske haldninga blei meir positiv til Barentssamarbeidet mellom år 2000 og 2008. Det var fleire grunnar til dette. Først er det nærliggjande å visa til Russland har hatt ei rivande økonomisk utvikling med høg oljepris som ein viktig faktor. Denne utviklinga bør i seg sjølv ha ført til at landet blei til ein meir likeverdig samarbeidspartnar. Eit rikare Russland kan også sjåast på som ein viktig grunn til at dei føderale styresmaktene viser auka interesse ved å i høgare grad finansiera prosjekt saman med dei nordiske partnarane. For det andre er det klart at Russland ville ha gode relasjonar med framtidige partnarar til å samarbeida om utvinninga av petroleumsressursane i Barentshavet.

## **Kapittel 5**

### **Den russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008**

#### **5.1 Innleiing**

I dette kapittelet vil eg sjå nærmere på den russiske regionale haldninga til Barentssamarbeidet. Eg kjem først til å gjennomgå mellom anna kjelder frå Barents regionkomité og Barents regionråd, deretter eigne intervju. Tidsperspektivet er i utgangspunktet det same som i kapittel fire – 2000-2008, men kjeldematerialet fokuserer likevel mest på perioden 2000-2003. Hjelpestørsmåla i dette kapittelet er: Kva er prioriteringane til regionale aktørar? Kva erfaringar har regionale aktørar med Barentssamarbeidet? Samsvarer haldningane til dei regionale aktørane med den føderale haldninga? med problemstillinga; Kva var den russiske haldninga til Barentssamarbeidet 2000-2008?

#### **5.2 2004 – Diskusjon om arbeidsgrupper og formannskap**

Som me såg i kapittel fire hadde den økonomiske delen av Barentssamarbeid høg prioritet hjå føderale styresmakter. Under eit møte i regionkomiteen i februar 2004 blei det foreslått å oppretta ei regional arbeidsgruppe for økonomisk samarbeid. I Barentssamarbeidet finst det ei rekke arbeidsgrupper både på regionalt, «felles» og nasjonalt nivå. Felles arbeidsgrupper sorterer under både det nasjonale og regionale nivået i Barentssamarbeidet som har ansvar for ulike delar av samarbeidet som mellom anna kultur, miljø, handelshindringar, økonomi, transport. Dei russiske representantane i komiteen stilte seg negative til dette. Grunnane for dette var at det ville føra til at samarbeidsstrukturen blei meir komplisert og at det ville føra til den nye gruppa arbeidde parallelt med den mellombelse ad-hoc-gruppa «Joint Investment Window». <sup>213</sup> Det ville også vera vanskeleg å finansiera den nye gruppa. <sup>214</sup>

---

213 Joint Investment Window - «Det er et prosjekt som ser på etablerings utfordringer for små og mellomstore bedrifter i Russland.» (Abelsen, 2004: 38)

214 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 4 February 2004, Murmansk*

Utsegnene viser at dei russiske representantane faktisk var skeptiske til å oppretta ei ny arbeidsgruppe, sjølv om dette galdt økonomisk samarbeid. Dette treng ikkje indikera at dei ikkje ønskte meir økonomisk samarbeid, derimot ser den viktigaste grunnen ut til å vera at det blir for mykje byråkrati. Det må på den andre sida understrekast at «ad-hoc» indikerer at JIW skulle vera eit mellombels prosjekt som skulle avviklast etter ei viss tid. Argumentet om parallelt arbeid måtte såleis seiast å vera lite relevant når JIW likevel skulle avviklast etter ei viss tid. Regionkomiteen samla seg i april om forslaget om å skipa ei ny permanent arbeidsgruppe for investeringar og økonomisk samarbeid.<sup>215</sup> Allereie i juni same år fann det første møtet i den nyoppredda arbeidsgruppa for investeringar og økonomisk samarbeid stad.<sup>216</sup> På den eine sida går derimot ikkje fram av møteprotokollane kvifor dei russiske regionane endra mening. På den andre sida kan det tenkast at dei såg ei permanent slik arbeidsgruppe som den beste løysinga for det vidare økonomiske samarbeidet i regionen.

Kapittel fire viste at føderale styresmakter såg på ungdomsspørsmål som eit viktig samarbeidsområde. Under eit møte i regionkomiteen etterlyste den norske representanten for arbeidsgruppa for ungdomsspørsmål – Laila Dalhaug – ei meir aktiv russisk deltaking i arbeidsgruppa for ungdomsspørsmål. Problemet var at russiske representantar ikkje hadde delteke på møte utanom oppstartsmøtet.<sup>217</sup> Grunnen til den låge deltakinga kjem ikkje fram av protokollen, men det kan tenkast at det er ei prioriteringssak for dei russiske regionane. Uansett viser det at Russland ikkje har vore aktive i ungdomssamarbeidet via arbeidsgruppa. Det er også mogleg at dei russiske medlemmane i gruppa såg få praktiske resultat av arbeidet, slik ein rapport frå 2007 skulle koma til å visa med at dei russiske regionane såg få praktiske resultat av arbeidet.<sup>218</sup> Dersom ein definerer praktiske resultat som effektivitet, vil det seia at låg effektivitet var ei årsak til labert oppmøte.

På det organisatoriske planet var det i september 2004 uklart kven som skulle overta formannskapet i regionrådet og -komiteen etter Västerbotten i Sverige. I utgangspunktet skulle Arkgangelsk fylke overta, men Västerbotten hadde problem med å få eit sikkert svar frå

215 Barents Euro-Arctic Region, *Möte i Barents regionråd, 27-28 april 2004, Rovaniemi*

216 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 2-3 June 2004, Zapolyarny*

217 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 2-3 June 2004, Zapolyarny*

218 Barents Euro-Arctic Region, *Towards more Effective Regional Barents Cooperation, Report of the Ad-Hoc Group on Organisational Changes 14.5.2007: 24* [http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc\\_Group\\_Report\\_ENG.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc_Group_Report_ENG.pdf) lest 31.mars 2009

Arkhangelsk på grunn av omorganisering i den regionale administrasjonen. På grunn av dette hadde formannskapet i Västerbotten kontakta administrasjonen i Karelen om å overta formannskapet.<sup>219</sup> I desember same år var det klart at Arkhangelsk ikkje kunne påta seg ansvaret for formannskapet. Samstundes kom Arkhangelsk med eit forslag om at dei kunne ta ansvaret for formannskapet i ei av dei økonomiske arbeidsgruppene, til dømes skogbruksgruppa. Karelen overtok difor formannskapet i regionrådet med visse finansielle og tekniske etterhald. Møteprotokollen skildrar ikkje etterhalda meir konkret enn dette, men det er nærliggjande å tru at den regionale administrasjonen trong hjelp med slike utfordringar då det var relativt kort tid tid overtakinga i november 2005.<sup>220</sup>

På generelt grunnlag kan det seiast at formannskap i organisasjonar og andre einingar representerer eit godt høve til i høgare grad å påverka samarbeidet i den retninga ein sjølv ønskjer. Det ser likevel ut til at den regionale administrasjonen i Arkhangelsk, trass i dette, ikkje såg dette som tilstrekkeleg gunstig å overta formannskapet. Derimot kan det sjå ut til at Arkhangelsk var meir interessert i å påverka skogbrukssamarbeidet på det regionale samarbeidsnivået. Skogdrift er ein viktig del av den regionale økonomien i Arkhangelsk fylke og stod i 1998 for 36 % av den industrielle produksjonen og 80 % av eksportinntektene til regionen.<sup>221</sup> Det ser såleis ut til at Arkhangelsk fann det meir gunstig å heller påta seg ansvaret for ei arbeidsgruppe som i høg grad kan seiast å vera sentral i den regionale økonomien. For Karelen sin del er skogbruk også viktig og rekna som den viktigaste næringa i den regionale økonomien.<sup>222</sup> Det regionale samarbeidet var på denne måten generelt sett høgare prioritert ved at den regionale, karelske administrasjonen gjekk med på å overta formannskapet i staden for Arkhangelsk.

### **5.3 2005 – Søknad om medlemskap medfører reorganisering**

2005 var starten på ein langvarig omorganiseringsprosess av Barentssamarbeidet. Bakgrunnen for dette var at den finske regionen Nordre Karelen fleire gonger hadde søkt om å bli medlem av Barents regionråd, og siste gong i slutten av 2004. Tidlegare søknader frå denne regionen

219 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 8 September 2004, Umeå*

220 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 8 December 2004, Kaajani*

221 Lausala & Valkonen, 1999: 161

222 Hønneland, 2005: 29

hadde blitt avvist hovudsakleg fordi regionen ikkje oppfylte krava jamfør eit vedtak i regionrådet frå 1993:

**The present BEAR membership criteria are (Item BRC 33/1993):**

1. The region has to lie north of the Polar circle, or be touched by it
2. The region has to have borders with at least one existing member of the cooperation
3. Established members are guaranteed membership if they should fall outside this definition due to administrative or structural changes within the country in question
4. Observers are not to be represented in the organs of regional administrative cooperation. But observers, like other parties, are welcome to participate in various projects undertaken within Barents Cooperation.<sup>223</sup>

Nordre Karelen oppfylte ikkje krav nummer 1. I tillegg til dette var det vedteke eit moratorium etter at republikken Komi blei tekne opp som medlem i 2002 om at ingen nye regionar skulle takast opp som medlem før 2007. Representantane i regionkomiteen var stort sett samde om at Nordre Karelen ikkje skulle takast opp som medlem av Barentsrådet utan vidare. På den andre sida var regionkomiteen samd om at Nordre Karelen kunne samarbeida med arbeidsgrupper der dei hadde særskilt kompetanse eller interesse. Representanten frå Murmansk fylke – Jevgenij Galkin – etterlyste ein analyse av kva positive endringar i det regionale samarbeidet etter at Komi hadde blitt medlem. Galkin meinte det var naudsynt å tydeleggjera korleis nye medlemmar kunne vera positivt og at samarbeidet ikkje trøng nye medlemmar. Både Galkin og representantar frå Finland og Noreg var i tillegg samde om at organisatoriske endringar måtte vurderast før eventuelle nye regionar kunne takast opp som medlem av Barentsregionen.<sup>224</sup>

Utsegna til representanten får Murmansk syner skepsis mot å utvida Barentssamarbeidet både på russisk og skandinavisk side. Det er nærliggjande å tru at motivet bakom skepsisen for dei allereie deltagande regionane var at fokuset på nettopp deira region skulle bli redusert. Galkin ymta også om at det var uklart kva positive effektar medlemskapen til Komi hadde medført. Det syner såleis at Murmansk hadde negative erfaringar med at samarbeidet var utvida til å omfatta Komi. Når det gjeld Murmansk fylke, kan det ekstra fokuset på negative erfaringar og organisatoriske problemstillingar gjerne forklarast med at Murmansk fylke er den russiske

---

223 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 21-22 February 2005, Bodø*

224 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 21-22 February 2005, Bodø*

regionale eininga som har den største prosjektaktiviteten i Barentssamarbeidet.<sup>225</sup> Grunnen er gjerne at Murmansk er skeptisk til dette fordi det potensielt kunne ført til redusert fokus på Murmansk fylke, som er rekna som eit av kjerne områda, i Barentssamarbeidet. På den andre sida kunne nye regionar i Barentssamarbeidet ført til betre høve til å få midlar frå EU.<sup>226</sup>

Søknaden til Nordre Karelen ser ut til å ha vore noko av grunnen til at regionkomiteen foreslo å oppretta ei ad-hoc-gruppe for organisatoriske endringar, som skulle fungera til vinteren 2006, seinare same år.<sup>227</sup> I regionkomiteen var det klart at eitt av problema for Barentssamarbeidet var å motivera til deltaking og representasjon. Den norske sida ytra både at dei ville få fortgang i prosessen og oppretta eit internasjonalt barentssekreariat i Kirkenes og at det var problem med liten russiske deltaking på møte i regionrådet og -komiteen. Den finske leiaren for ad-hoc-gruppa – Esko Lotvonen – hadde følgjande å seia om situasjonen:

«Lack of motivation from the Russian side is obvious, but Finland has the same problem. Norway is active in Barents Co-operation mostly because it has its own resources. However, it is important to bring all the Barents countries to the same level.»<sup>228</sup>

Eventuelle russiske kommentarar til sitatet er ikkje protokollførte, men det er ikkje usannsynleg at dei russiske regionane har noko av den same haldninga til den noko overivrighe norske representasjonen. På den andre sida handlar dette gjerne meir om makttillhøva innanfor den skandinaviske leiren, der dei svenske og finske regionane er redde for at dei skal koma for skeivt ut i høve til eit internasjonalt Barentssekreariat i med for stor norsk påverknad. For den russiske sida er det ikkje sikkert ein såg det som negativt at Noreg eventuelt ville få større påverknad. I tillegg ville eit internasjonalt Barentssekreariat potensielt kunna bidra på ein måte dei russiske regionane kunne dra nytte av. Når det gjeld motivasjonsaspektet går det ikkje klart fram av protokollen kvifor Russland hadde låg motivasjon. Utan at det skal bli for mykje spekulasjon kan det vera nærliggjande å peika på at dei russiske regionane eventuelt hadde låg påverknadskraft og at regionane hadde problem med å finansiera møtedeltakinga. I tillegg skulle ein rapport frå 2007 visa at dei russiske regionane opplevde at arbeidet produserte få praktiske resultat,<sup>229</sup> slik at problemet igjen kan relaterast til låg effektivitet.

225 Finn referanse. Hønneland kanskje, årsrapport for 2006 eller 20007 frå Barentssekreariatet.

226 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 21-22 February 2005, Bodø*

227 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 8 June 2005, Syktyvkar*

228 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 8 September 2005, Luleå*

229 Barents Euro-Arctic Region, *Towards more Effective Regional Barents Cooperation, Report of the Ad-Hoc Group on Organisational Changes 14.5.2007: 24* [http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc\\_Group\\_on\\_Organisational\\_Changes\\_14.5.2007.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc_Group_on_Organisational_Changes_14.5.2007.pdf)

## **5.4 2006 – Internasjonalt Barentssekreariatet, Noregs hjarteborn?**

I 2006 heldt omorganiseringsprosessen gjennom ad-hoc-gruppa fram. Den finske leiaren for gruppa – Esko Lotvonen – presenterte ein rapport om eit meir effektivt regionalt Barentssamarbeid. Dei norske kommentarane til dette var at rapport la for lite vekt på det som etter dei norske representantane si meining var det viktigaste – Det internasjonale Barentssekreariatet. Den finske Oulu-regionen stilte seg tvilande til argumenta for å oppretta eit internasjonalt Barentssekreariat. Jevgenij Galkin frå Murmansk såg Det internasjonale barentssekreariatet i samband med nasjonale sekretariat som neppe ville skipast i Russland med det første. På grunn av usemjua, gjekk regionkomiteen difor inn for å ytra generell støtte til å skipa eit internasjonalt Barentssekreariat.<sup>230</sup> Etter møtet i regionkomiteen peika det finske formannskapet i Barentsrådet på at det var naudsynt med konsensus rundt organisasjonsspørsmåla. Representantane frå Murmansk og Arkhangelsk stilte seg bak forslaget om å skipa eit internasjonalt Barentssekreariat, slik at utsegnene til Murmansk og Arkhangelsk utgjer grunnlaget for den russiske haldninga til internasjonalt barentssekreariat.<sup>231</sup>

På hausten same år var konsensus for eit norsk forslag til eit internasjonalt Barentssekreariat oppnådd. På den andre sida ville det vera umogleg for dei russiske regionane å finansiera det, fordi det var umogleg å senda pengar ut av landet.<sup>232</sup> For å møta dei juridiske finansieringsproblema endra Noreg forslag til internasjonalt barentssekreariat. Desse endringane var frå den norske sida berre meint som formelle endringar, medan Finland oppfatta det som at rolla til regionane var redusert.<sup>233</sup> På grunn usemjua som hadde oppstått kom det inga endeleg avgjerd i denne saka i 2006 og mandatet til ad-hoc-gruppa for organisatoriske endringar blei forlenga.<sup>234</sup>

Den russiske haldninga til det norske forslaget om å skipa eit internasjonalt barentssekreariat i 2005 var noko uklar. I 2006 var det klart at også dei russiske regionane opent stødde det

---

Hoc Group Report ENG.pdf lest 31.mars 2009<--- sjekk sidetal

230 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, June 7 2006, Petrozavodsk*

231 Barents Euro-Arctic Region, *Zasedanie Barentseva regional'nogo soveta, 8 iyunja 2006 g., g. Petrozavodsk*

232 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, September 26 2006, Kirkenes*

233 Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, November 23 2006, Oulu*

234 Barents Euro-Arctic Region, *Møte i Barents regionråd, 24 november 2006, Oulu: 14*

norske forslaget. Det kom også fram at det snarare var juridiske problem som gjorde at dei russiske regionane ikkje kunne stø eit internasjonalt Barentssekreteriat, som den norske sida søkte å løysa med eit nytt forslag.

## **5.5 2007 – Mot eit meir effektivt og relativt begeistra samarbeid**

I dette delkapittel freistar eg å finna svar på om tendensen verkeleg gjekk mot eit meir begeistra Barentssamarbeid. Det vil seia at regionane har ei meir positiv haldning til Barentssamarbeidet. Først vil eg gjennomgå ein rapport frå arbeidsgruppa for organisatoriske endringar og deretter sjå nærmere møteaktiviteten på det regionale nivået.

Etter at rolla til regionane var betre framheva i eit nytt forslag gjekk regionkomiteen og -rådet inn for forslaget om å etablera eit internasjonalt barentssekreteriat,<sup>235</sup> som skulle fungera frå og med 2008. Mellom anna i samband med arbeidet for eit internasjonalt barentssekreteriat, utarbeidde arbeidsgruppa for organisatoriske endringar ein rapport under namnet «*Towards more Effective Regional Barents Cooperation*», heretter rapporten. Rapporten inneheld mellom anna eit samandrag av svara på spørjeundersøking frå finske, norske, russiske og svenske aktørar om mellom anna organisasjonen, nasjonale sekretariat, arbeidsgrupper og eit funksjonelt Barentssamarbeid.<sup>236</sup> Oppsummeringa av dei russiske svara kastar ljós over både problem, erfaringar og generelle haldningar til ulike aspekt av Barentssamarbeidet.

Rapporten byrjar noko dystert med at interessa for Barentssamarbeidet hadde vore dalande sidan skipinga i 1993. Noko av grunnen til dette hadde vore at arbeidet i liten grad produserte praktiske resultat. I tillegg var dei fleste prosjekta som regel av ein bilateral karakter, medan hovudprinsippet og ideen bak Barentssamarbeidet jo var multilateralt samarbeid. Samfunnsutviklinga i Russland hadde også gjort samarbeidet vanskelegare:

«In the view of constantly growing neccessity for economic growth and social development,

---


235 Barents Euro-arctic Region, *Møte i Barents regionråd, 6 september 2007, Tromsø*

236 Barents Euro-Arctic Region, *Towards more Effective Regional Barents Cooperation, Report of the Ad-Hoc Group on Organisational Changes 14.5.2007: 17-25* [http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc\\_Group\\_Report\\_ENG.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc_Group_Report_ENG.pdf) lest 31.mars 2009

Barents cooperation faded into the background of priority.»<sup>237</sup>

Sitatet syner at dei russiske aktørane oppfatta økonomiske og sosiale utfordringar som så store, at Barentssamarbeidet måtte nedprioriterast. Den negative økonomiske veksten før 1999 gjorde det vanskelegare for dei russiske regionane å prioritera eit aktivt Barentssamarbeid, og er sannsynlegvis ein del av bakgrunnen for bistandsaspektet i mange prosjekt på 1990-talet. Oppfatninga av arbeidet som lite effektivt har nok også gjort sitt til dette. Når det gjeld økonomisk vekst viser derimot figuren under relativt høg økonomisk vekst, etter dei økonomiske problema i 1998, frå 1999 til 2007, slik at deltaking i Barentssamarbeidet gjerne i større grad var eit spørsmål om prioriteringar:

**Figur 2: Økonomisk vekst i Nordvest-Russland 1998-2007**



Kjelde: Federal'naja sluzhba gosudarstvennoj statistiki, *Indeksy fizitsjeskogo ob"ema VRP v 1998-2007 godakh (v postojannykh tsenakh; v protsentakh k predydusjtsjemu godu)*,

[http://www.gks.ru/bgd/free/b01\\_19/IssWWW.exe/Stg/d000/din98-07.htm](http://www.gks.ru/bgd/free/b01_19/IssWWW.exe/Stg/d000/din98-07.htm) lest 3.april 2009

Nordvest-Russland samsvarer her med den russiske definisjonen av Nordvest-Russland. Det vil seia dei russiske regionane som deltek i Barentssamarbeidet og fylka Kaliningrad, Leningrad, Novgorod, Pskov, Vologda, samt byen St. Petersburg. Grafen som representerer Murmansk fylke, er teken med fordi han avvik rimeleg mykje frå gjennomsnittet for heile området. Det må likevel peikast på at Murmansk fylke saman med republikken Komi er dei

237 Ibid. 24

mest velståande russiske regionane i Barentssamarbeidet i høve til brutto regionalprodukt.<sup>238</sup> I motsetnad til sitatet over viser derimot ei evaluering av prosjektstøtta til Barentssekreariatet utført av NIBR<sup>239</sup>, at dei effektane av betra økonomiske tilhøve i Russland hadde bidrige positivt.<sup>240</sup> Den relativt høge økonomiske veksten og gunstige posisjonen burde i sin tur frigjort midlar som regionale styresmakter eventuelt kunne velja å nytta til Barentssamarbeidet. På denne måten kan det argumenterast for at bruk av midlar til Barentssamarbeidet i større grad baserte seg på prioriteringar i motsetnad til finansielle høve.

Rapporten syner at dei russiske regionane hadde problem med å finansiera ein del av prosjekta. Som vist tidlegare avhenger ikkje dei finansielle problema for dei russiske regionane berre av prioriteringar og vilje. Slik det går fram av møteprotokollane og rapporten, er det problematisk for regionale styresmakter, juridisk sett, å senda pengar ut av Russland. Til dømes er juridiske problem med å senda pengar ut av Russland tekne opp fleire gonger i samband med til dømes ungdomssamarbeidet og etableringa av Det internasjonale barentssekreariatet i Kirkenes, i tillegg blei slike juridiske problem tekne opp med jamne mellomrom i møteprotokollane. Dette vil seia at dei russiske regionane både måtte overvinna juridiske barrierar og løysa budsjettmessige utfordringar. På den andre sida syner årsrapporten til Det norske barentssekreariatet at russiske prosjektpartnarar i større grad var med og finansierte prosjekt.<sup>241</sup> Trass i juridiske problem var tendensen såleis at russiske aktørar tok større finansielt ansvar.

I rapporten var dei russiske regionane positivt innstilte til at Barentssamarbeidet skulle vera organisert i form av eit mellomstatleg og eit regionalt nivå. Som me såg i, til dømes, 2004, etterlyste den norske representanten større russisk deltaking i gruppa for ungdomsspørsmål.<sup>242</sup> I kapittel fire gjekk det klart fram at Russland var ute etter å oppnå konkrete resultat via Barentssamarbeidet, ved at russiske representantar fleire gonger viste til den praktiske orienteringa i Barentssamarbeidet. Likeins kapittel fire stadfestar rapporten at dei russiske regionane primært var ute etter å oppnå konkrete resultat og vurderte dei relativt nye felles

---

238 Kistanov & Kopylov, 2006: 351

239 Norsk institutt for by- og regionforskning

240 Holm-Hansen, Aasland & Dybtsyna, 2008: 62

241 Barentssekreariatet, 2007, *Årsmelding 2007*: 7

242 Barents Euro-arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 2-3 June 2004, Zapoljarny*

arbeidsgruppene og ad-hoc-grupper generelt, som gode verktøy for å skapa konkrete resultat.<sup>243</sup>

### **Eit relativt begeistra Barentssamarbeid?**

Den låge russiske deltakinga på møter i regionkomiteen og -rådet er konstatert både i rapporten her i 2007 og i regionkomiteen i 2005<sup>244</sup>. Den russiske deltakinga er altså definert som låg, men kor låg? Samsvarer utsegnene i rapporten med deltakinga på møter i regionkomiteen og -rådet? For å visa dette kan møtedeltakinga illustrerast i følgjande tabell:

**Tabell 1: Møtedeltaking i det regionale Barentssamarbeidet 2003-2008**

<b>Møtedeltaking i Barents regionkomité og -råd i prosent</b>							
<b>Region/land</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008 (mai)</b>	<b>2003-2008</b>
<b>Arkhangelsk</b>	0	57	29	100	80	100	61
<b>Karelen</b>	0	86	71	100	100	100	86
<b>Komi</b>	50	100	86	50	60	100	75
<b>Murmansk</b>	50	71	86	83	60	100	75
<b>Nenets</b>	100	14	29	67	80	100	50
<b>Russland</b>	50	66	60	80	76	100	69
<b>Finland</b>	100	100	95	94	87	100	95
<b>Noreg</b>	83	86	76	94	100	100	88
<b>Sverige</b>	100	100	93	100	90	100	96

Kjelde: Møteprotokollar frå Barents regionkomité og Barents regionråd 2003 til mai 2008

Dataa frå tabellen er samla inn ved å sjå kva regionar som var representerte på møta i regionkomiteen og -rådet mellom 2003 og 2008. Dataa tek utgangspunkt i at oppmøtet til ein offisiell representant for den regionale administrasjonen for kvar medlemsregion er protokollført. Fordi det først og fremst er oppmøtet til dei russiske regionane som er interessant her er ikkje tala alle tretten regionar oppgitt, men sortert etter land. Tala frå 2003 og 2008 baserer seg berre på høvesvis to og eitt møte, slik at perioden 2004-2007 har det

243 Barents Euro-Arctic Region, *Towards more Effective Regional Barents Cooperation, Report of the Ad-Hoc Group on Organisational Changes 14.5.2007*: 24 [http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc\\_Group\\_Report\\_ENG.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc_Group_Report_ENG.pdf) lest 31.mars 2009

244 Barents Euro-arctic Region, *Barents Regional Committee Meeting, 8 September 2005, Luleå*

beste datagrunnlaget med mellom fem og sju møte. For perioden 2003-2008 er det samla talet for oppmøtet til kvar region, til dømes 14 for Nenets, delt på talet for alle møta som blei arrangerte i løpet av 2003-2008, det vil seja 28. Nenets deltok såleis på 14 av 28 møte i løpet av heile perioden, altså ei møtedeltaking på 50 %.

Tabellen stadfestar at deltakinga til dei russiske regionane generelt sett har vore markant lågare i høve til dei nordiske partnarlanda. Medan representantane for dei nordiske regionane deltok på nesten alle møte, deltok dei russiske regionane i gjennomsnitt berre på mellom halvparten og to tredjedelar av møta frå 2003 til og med 2006. Utviklinga ser derimot ut til å mot større deltaking, med 80 % og 76 % deltaking i 2006 og 2007. Det er nok mogleg å sjå noko av mangelen på oppmøte i samanheng med at det er relativt kostbart å senda folk på møte. I tillegg viste rapporten frå arbeidsgruppa for organisatoriske endringar at russiske embetsmenn også har ansvar for saker utanfor Barentssamarbeidet, slik at dette kjem i konflikt med den daglege drifta.<sup>245</sup> Kan dette såleis tyda på at dei russiske regionane faktisk er på veg inn i ei ny «Barentsbegeistring»?<sup>246</sup>

Dersom ein ser på dei russiske regionane sitt oppmøte som indikator på «Barentsbegeistring», vil svaret vera ja – dei er meir begeistra. På den andre sida er oppmøtet til dei russiske regionane framleis markant lågare i høve til dei nordiske partnarane med om lag 20-25 %. Møtedeltakinga kan såleis nyttast som ein indikator på kor mykje dei russiske regionale administrasjonane verdset arbeidet i regionkomiteen og -rådet. Distribusjon av arbeidsoppgåvene til embetsmennene heng klart saman med dei regionale administrasjonane sitt syn på regionkomiteen og -rådet. Dersom deltaking i regionkomiteen og -rådet ikkje er høgt prioritert, prioriterer ein nok heller ikkje å senda folk dit. Spørsmålet dreier seg såleis til sjuande og sist om prioriteringar. Låg møtedeltaking treng likevel ikkje eine og åleine tyda at dei regionale administrasjonane har ei negativ haldning til å delta Barentssamarbeidet, men at incitamenta for å delta på desse møta manglar. Trenden ser likevel ut til at dei russiske regionane i større grad prioriterer deltaking i regionkomiteen og -rådet. Dette tyder i sin tur på

<sup>245</sup> Barents Euro-Arctic Region, *Towards more Effective Regional Barents Cooperation, Report of the Ad-Hoc Group on Organisational Changes 14.5.2007: 24* [http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc\\_Group\\_Report\\_ENG.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc_Group_Report_ENG.pdf) lest 31.mars 2009

<sup>246</sup> «Barentsbegeistring» viser til entusiasmen som rådde dei første åra etter skipinga av Barentssamarbeidet. Uttrykket blei presentert av Geir Hønneland i mellom anna boka *Barentsbrytninger* frå 2005.

at dei russiske regionane i større grad prioriterer og verdet arbeidet i regionkomiteen og -rådet. Ei meir positiv haldning til regionkomiteen og -rådet bør også ymta om ein positiv trend i haldninga til Barentssamarbeidet generelt. Altså, regionane har samla sett vore litt meir «begeistra» for Barentssamarbeidet dei siste åra enn dei føregåande åra. Så kva skilnader finst det så mellom dei russiske regionane som deltek i Barentssamarbeidet? Og, er det slik at alle regionane blei meir «begeistra»?

Karelen framstår som den klart mest ivrige møtedeltakaren. Ein viktig grunn til dette er nok at Karelen tok over formannskapet i regionkomiteen og -rådet for 2006 og 2007, slik at deira oppmøte var meir eller mindre obligatorisk. Eit ytterlegare argument for den karelske iveren er at regionen tok på seg formannskapet i staden for Arkhangelsk, som etter planen skulle gjort det. Arkhangelsk fylke framstår saman med Nenets autonome område som dei minst ivrige møtedeltakarane for heile perioden. Arkhangelsk avstod i tillegg frå å overta formannskapet, som indikerer ei viss nedprioritering av Barentssamarbeidet. På den andre sida må ein merka seg at den offisielle grunnen til at Arkhangelsk avstod frå å overta formannskapet var omorganisering av den regionale administrasjonen, som nok gjorde det vanskelegare å ta ansvaret for dette. Det er likevel eit spørsmål om prioriteringar, der formannskapet ikkje burde ha kome som ei overrasking på administrasjonen. Frå å nesten ikkje vera til stades i 2003-2005 gjekk både over til å vera nesten alltid til stades i 2006-2008. Tendensen var likevel at både Arkhangelsk og Nenets i mykje større grad deltok på møte, som igjen ymtar om at både regionar blei meir «begeistra» for Barentssamarbeidet. Murmansk og Komi har identisk oppmøte når det gjeld heile perioden 2003-2008. Sett bort frå det eine møtet i 2008, er Murmansk og Komi dei einaste regionane, der tendensen er svakare oppmøte over tid. For Murmansk sin del kjem dette noko overraskande, då det er svært mykje fokus på denne regionen, i allefall frå det norske Barentssekreariatet.<sup>247</sup> Det er vanskeleg å setja fingeren på noko konkret når det gjeld oppmøtet til Komi, men ei dalande interesse kan nok tyda på at samarbeidet ikkje har svara til forventningane og at regionen er relativt perifer, utan kyst og internasjonal grense.

Den generelle tendensen i haldninga til Barentssamarbeidet ser såleis ut til å vera positiv. For

---

247 Holm-Hansen, Aasland & Dybtsyna, 2008: 63

det første fordi regionane er generelt sett er meir positive til å prioritera Barentssamarbeidet. For det andre fordi den økonomiske veksten i Nordvest-Russland har bidrege på ein positiv måte. For det tredje viser den russiske sida meir interesse for samarbeidet ved å ta større økonomisk ansvar i prosjekta. På den andre sida var den russiske møtedeltakinga framleis relativt låg i høve til dei nordiske partnarregionane.

## **5.6 2008 – Forventningane til Barentssamarbeidet**

I 2008 blei berre éin møteprotokoll frå regionkomiteen gjort offentleg tilgjengeleg på nettstaden til Barentssamarbeidet. Etter å ha gått gjennom denne, vil eg ta for meg neste del av kapittelet som baserer seg på intervju med russiske aktørar i Barentssamarbeidet, før eg til slutt oppsummerer heile kapittelet under eitt.

Under eit møte i Barents regionråd i 2008 uttala regionane seg mellom anna om forventningane dei hadde til Barentssamarbeidet. Måten desse blei presenterte på ligg nært opp til måten ein gjerne ville presentert prioriteringar på. Det er viktig å poengtera at protokollen er ikkje ein uttømmande presentasjonen av prioriteringane til regionane, men han er likevel ein indikator på prioriteringane til dei russiske regionane.

Alle dei russiske regionane utanom Karelen la vekt på å vidareutvikla infrastruktursamarbeid anten til sjøs, i form av den nordlege sjøvegen, eller til lands, i form av jernbaneutbygging. Økonomisk og industrirelatert samarbeid framstod også som ei viktig interesse for alle dei russiske regionane utanom Nenets. Representanten for Nenets er, for øvrig, den einaste som nemner folk-til-folk-relaterte samarbeidsområde, som ungdoms- og urfolkssamarbeid. Nenets autonome område har relativt mange innbyggjarar med urfolksidentitet, der om lag 6 000 av innbyggjarane i regionen er nenetsarar.<sup>248</sup> Representantane for Arkhangelsk og Murmansk nemner i tillegg miljøsamarbeid som eit prioritert område.<sup>249</sup> På kva område samsvarer prioriteringane til dei russiske regionane med føderale prioriteringar?

---

248 Hønneland, 2005: 28

249 Barents Euro-arctic Region, *Møte i Barents regionråd, 29 maj 2008, Kuusamo*

Økonomisk og infrastrukturrelatert samarbeid framstod som dei viktigaste samarbeidsområda for dei russiske regionane. Fokuset på meir økonomisk samarbeid samsvarer med kapittel fire, der økonomisk samarbeid framstod som den fremste prioriteten til dei føderale styresmaktene. Infrastruktursamarbeid med fokus på å utvikla den nordlege sjøvegen framstod som viktig både for føderale og regionale styresmakter, medan Komi og Murmansk også fokuserte meir på jernbaneutbygging. Frå år 2004 hadde føderale styresmakter ein mykje breiare innfallsvinkel til Barentssamarbeidet, som også omfatta urfolkssamarbeid. Nenets er den einaste regionen som nemner urfolkssamarbeid som eit prioritert område, ei heller nemner dei andre regionane folk-til-folk-relatert samarbeid som eit område som treng meir fokus.

Dersom ein skal jamføra dei føderale og regionale prioriteringane, samsvarer desse først og fremst når det gjeld økonomisk samarbeid. Infrastruktursamarbeid samsvarer også, ved at dette området framstod som viktig for begge både det føderale og regionale nivået. Føderale og regionale styresmakter ser såleis ut til å ha samanfallande prioriteringar på dei mest sentrale områda, som økonomi- og infrastruktursamarbeid. I 2005 ønskte føderale styresmakter eit utvida kultursamarbeid velkommen, som ein del av ein breiare innfallsvinkel til Barentssamarbeidet. Slik det kjem fram av den aktuelle møteprotokollen frå 2008 ser dei russiske regionane derimot ikkje ut til å ha eit uttalt ønske om å leggja meir vekt på folk-til-folk-samarbeid. Nenets framstår likevel som unntaket som stadfestar regelen.

## **5.7 Intervju med informantar frå Murmansk fylke og Karelen**

I denne delen av kapittelet vil eg gjennomgå elleve intervju som blei gjennomførte under eit feltarbeid i Murmansk fylke og Karelen. Desse vil ikkje bli framstilte kvar for seg, men gjennomgått tematisk eller etter spørsmål. Det vil seia etter eit mønster som liknar intervjuguiden eg nytt under intervjeta. Guiden samsvarer i stor grad med hjelpestørsmåla eg nytt i kapittel fire om erfaringane og prioriteringane til russiske føderale styresmakter.

Alle informantane hadde ei leiande, sentral og/eller koordinerande rolle i prosjekt innanfor ulike prosjektkategoriar. Dette omfattar samarbeid innan forsking, kultur, miljø næring, utdanning og utveksling. Dei fleste hadde erfaring med Barentssamarbeidet frå 1990-talet

eller rundt tusenårsskiftet. Hovudgrunnen til at nettopp desse blei intervjuet var å sjå den russiske haldninga i eit meir regionalt, lokalt perspektiv. Under dei ulike punkta vil eg først oppsummere svara til dei informantane det er relevant å trekka inn. Deretter vil eg drøfta fellestrekks og ulikskapar mellom informantane mellom anna i lys av den føderale haldninga til Barentssamarbeidet slik ho kom fram i kapittel fire.

## **5.8 Informantane sine erfaringar med Barentssamarbeidet**

Spørsmåla om informantane sine erfaringar var både retta mot bestemte prosjektområde og mot generelle erfaringar med samarbeidet. Spørsmåla var lagt opp slik at informanten skulle fortelja om erfaringane og haldninga si i tida rundt dei første prosjekta dei var med på. Då intervjuet blei gjennomført var det ikkje klart at tusenårsskiftet skulle vera starttidspunktet for hovudproblemstillinga. Difor la eg opp spørsmåla slik at dei fokuserte på dei første prosjekta dei deltok i. For dei fleste var dette likevel anten på 1990-talet eller rundt tusenårsskiftet, slik at desse svara likevel kan relaterast til problemstillinga. Deretter blei same prosedyre følgt på nytt med fokus på nyare tid – 2008.

### **Det økonomiske samarbeidet**

I kapittel fire blei det vist at føderale styresmakter erfarte at det var for lite fokus på den økonomiske delen av Barentssamarbeidet. Forskar på nordområda, Geir Hønneland, peikar på at det er ei utbreidd oppfatning at næringssamarbeidet ikkje har svart til dei opphavlege forventningane og at samarbeidet etter tusenårsskiftet har vore avgrensa til folk-til-folk-prosjekt relatert til kultur og utdanning.<sup>250</sup> Det er viktig å understreka at dette ikkje provar at føderale styresmakter ikkje erfarte denne delen av samarbeidet som vellykka, men ymtar noko om fokuset dei hadde. Informanten i dette tilfellet var tilsett i eit konsulentfirma i Murmansk. På spørsmål om informanten si haldning til Barentssamarbeidet hadde endra seg i løpet frå tida rundt tusenårsskiftet, ytra han følgjande:

«Då det galdt kulturprosjekt var det enkelt, då det galdt businessprosjekt var det vanskelegare, nå er det lettare. Eg tykkjer samarbeidet er i ferd med å bli tettare, då meir skandinavar kjem til oss og

---

250 Hønneland, 2005: 52 & 128

russarar vil dit (Skandinavia – *min mrk.*). Partnerskapet har blitt tettare»<sup>251</sup>

Ved å setja kultursamarbeidet opp mot økonomisamarbeidet, viser informanten at det, etter hans mening, faktisk har vore ei endring i det økonomiske samarbeidet til det betre. I tillegg til å stadfesta at kultursamarbeidet var «enkelt». Med enkelt meiner nok informanten at det var lett å få kultursamarbeidet til å fungera i motsetnad til økonomisamarbeidet. Den positive endringa i erfaringa med økonomisamarbeidet samsvarer med funna i kapittel fire, som ymtar om at det var ei positiv utvikling innan økonomisamarbeidet frå 2000-2007. Men korleis stiller dette seg i eit større perspektiv?

Ein annan informant i eit innovasjonsfirma i Murmansk, som også har forska på regionalt samarbeid i Europa sette dette i eit interessant lys. Eit problem for Barentssamarbeidet er at det regionale nivået i Barentssamarbeidet må kunna konkurrera med det mellomstatlege. Spørsmålet ein då må stilla seg er om dei regionale banda innan Barentsregionen er sterke enn dei Oslo og Stavanger har med Moskva?

«Det økonomiske samarbeidet rundt Stockmann viser at når det kjem til petroleum og store pengar ordnar det seg.»<sup>252</sup>

I 2007 blei det klart at StatoilHydro saman med franske Total og russiske Gazprom skulle vinna ut dei enorme gassreservane på Stockmann-feltet i Barentshavet. Informanten meiner at ein får til prosjekt når store pengar er involvert på det mellomstatlege nivået.<sup>253</sup>

Informanten definerer altså Stockmann-samarbeidet som eit mellomstatleg prosjekt i Barentssamarbeidet. Det kan diskuterast i kva grad dette er eit mellomstatleg prosjekt i normal forstand. På den eine sida er både Gazprom og StatoilHydro private kommersielle aktørar. På den andre sida har den russiske og norske staten derimot store eigarinteresser i desse selskapa. Prosjektet er nok likevel i større grad eit mellomstatleg prosjekt enn eit regionalt, ved at det gjerne er aktørar i dei russiske og norske kjerneområda som samhandlar, ikkje aktørar i Barentsregionen. Uansett definisjon er det likevel klart at utbygginga av Stockmann-feltet per 2009 ennå ikkje har starta, slik at det ikkje er mogleg å vurdera om

---

251 Informant frå Murmansk – økonom tilsett i konsulentfirma, 11.september, 2008

252 Informant frå Murmansk – økonom tilsett i innovasjonsfirma, 11.september, 2008

253 Ibid.

Stockmann-prosjektet har vore vellukka.

### **Juridiske problem og generelle erfaringar i folk-til-folk-samarbeidet**

Folk-til-folk-samarbeid definerer eg som samarbeidsprosjekt med meir eller mindre direkte kontakt mellom folka i prosjektet, der økonomisk vinning ikkje er hovudmålet. Økonomisk vinning kan gjerne vera ein sekundæreffekt av samarbeidet, til dømes ved at folk knyttar kontaktar, auka kunnskapsnivå, o.l. Slike prosjekt er i vårt tilfelle elev- og forskarutveksling, språkopplæring og ungdomsprosjekt. Folk-til-folk-samarbeidet har vore framstilt som relativt vellukka samarbeidsområde av mellom anna norsk UD. På det generelle planet hadde informantane gode erfaringar med folk-til-folk-samarbeid, men dette tyder naturleg nok ikkje at alt er problemfritt. Fyrst vil eg gjennomgå eit juridisk problem ved eit konkret tilfelle og deretter meir generelle erfaringar i folk-til-folk-samarbeidet.

Nikolaj arbeider i den lokale administrasjonen for Murmansk by og hadde mellom anna arbeidd med eit internasjonalt innovasjonsprosjekt for ungdom – Innovation Circle Network.<sup>254</sup> Prosjektet kan seiast å liggja i skjæringspunktet mellom økonomisk og kulturelt samarbeid for ungdom, mellom anna ved at prosjektet legg mykje vekt på næringslivsrelatert verksemd og gründerverksemd for ungdom. Han jobbar likevel fyrst og fremst med ungdomssamarbeid.<sup>255</sup> Slik det kjem fram av intervjuet, har Nikolaj mykje positive erfaringar, men hadde likevel ei kritisk innstilling til visse aspekt av samarbeidet.<sup>256</sup>

I det internasjonale prosjektarbeidet hadde Nikolaj erfart noko av dei juridiske problema, som dei russiske representantane presenterte i regionkomiteen – utbetaling av midlar til utlandet. Administrasjonen i korkje Murmansk by eller fylke kunne til dømes ikkje delta i ein organisasjon, som fungerte som eit forum for å utveksla erfaringar og utarbeida nye prosjekt. Den årlege medlemsavgifta, som var på skarve 300 euro, hadde ikkje administrasjonen etter føderal lov utan vidare lov til å utbeta. For å kunna utbeta summen måtte leiaren for den aktuelle organisasjonen gjort reie for pengebruken til føderale styresmakter. Erfaringane til

254 Innovation Circle, <http://www.innovationcircle.net/> lest 14.april, 2009

255 Informant frå Murmansk – ungdomsprosjektkoordinator i den lokale administrasjonen, 13.september 2009

256 Ibid.

Nikolaj viser såleis at det ikkje berre er dei russiske representantane i regionkomiteen, som erfarer at føderal lov hindrar samarbeid.

I tilfellet til Nikolaj representerte dei administrative barrierane eit så stort problem at administrasjonen lét vera å bli medlem av ein internasjonal samarbeidsorganisasjon, som dei vurderte som fruktbar og finna andre kontaktflater.<sup>257</sup> Dette viser at administrasjonen i Murmansk ønskte eit utvida samarbeid med ein utanlandsk organisasjon, men at føderal lov gjorde dette problematisk. På den eine sida vurderer nok administrasjonen i Murmansk i større grad kva som er mest nyttig frå sak til sak – altså ei praktisk tilnærming. På den andre sida har nok føderal lov ei anna tilnærming til slike saker. Det kan til dømes vera at føderale styresmakter ikkje ønskjer at pengar skal forsvinna ut av regionen. Lova kan også vera meint eit vern mot korrupsjon for å hindra at offentleg tilsette sender pengar ut av landet til til dømes fiktive organisasjonar, som russiske styresmakter ikkje har kontroll over. Men kva generelle erfaringar hadde informantane med folk-til-folk-samarbeidet?

Nokre av informantane greidde ut om problem med å få midlar til samarbeidsprosjekt knytt til utvikling i prosjekt. Eg gjennomførte to intervju i Apatity, ein by i Murmansk fylke. Eitt med tilsette i ein miljøorganisasjon for barn<sup>258</sup> og eitt med tilsette ved ein skule<sup>259</sup>. Dei tilsette i miljøorganisasjonen erfarte ein negativ tendens i samarbeidet når det galdt finansiering og interesse frå nordiske partnarar.

«Me hadde også inntrykk av at skandinavane var nyfikne på dette nye landet i aust etter at grensene vart opna.[...] Nå er det mykje mindre interesse frå Skandinavia. Det er mykje meir papirarbeid.[...] Vilkåra for å få midlar har endra seg. I tillegg blir færre søknader innvilga frå dei finansieringskjeldene me har nytta.»<sup>260</sup>

Dei tilsette ved skulen hadde også erfart liknande problem. Dei mente at prioriteringane til Barentssekreariatet ikkje var riktige, då skulen ikkje lenger fekk midlar fordi det ikkje var utvikling i elevutvekslingsprosjekta skulen hadde fått midlar til tidlegare. Slik informantane

---

257 Ibid.

258 Informantar frå Apatity – økonom og lærar ved ein organisasjon som driv med miljøopplæring for barn, 16.september 2009

259 Informantar frå Apatity – rektor og lærar ved ein skule, 16.september 2009

260 Informantar frå Apatity – økonom og lærar ved ein organisasjon som driv med miljøopplæring for barn, 16.september 2009

definerte utvikling tyda dette at innhaldet i prosjektet ikkje endra seg. På den andre sida meinte dei at det hadde blitt lettare å samarbeida nå i høve til 1990-talet, på grunn av problem med finansiering.<sup>261</sup> Også på universitetsnivå erfarte ein informant frå Petrozavodsk problem med å få midlar til eit samarbeidsprosjekt innan språkopplæring over lengre tid. Grunnen til dette var den same som for skulen i Apatity – inga utvikling av innhaldet i prosjektet.<sup>262</sup> Ein tilsett ved Det russiske vitskapsakademiet i Petrozavodsk hadde liknande erfaringar, men ei anna tilnærming til den reduserte utanlandske interessa for prosjektstøtte. Han fokuserte meir på den hjelpa dei fekk frå Barentssekreariatet på 1990-talet med å etablera kontaktar med utanlandske forskrarar og forskingsinstitusjonar, og vurderte hjelpa som svært positiv. På denne måten var hjelpa frå Barentssekreariatet mest effektiv ved byrjinga, då mangelen på utanlandske kontaktar var størst. Av meir generelle erfaringar meinte han at forskingssamarbeidet på hans fagfelt fungerte veldig godt.<sup>263</sup> Einskilde informantar erfarte såleis at dei mista støtte fordi dei ikkje fornys innhaldet i prosjekta. På den eine sida er det klart at språkopplæring er viktig for ein betre integrert Barentsregion. På den andre sida er nok poenget med å gje støtte at prosjekta skal stå på eigne bein etter rimeleg tid. Det er likevel viktig å peika på at desse informantane hadde negative erfaringar med å skaffa midlar til sine prosjekt.

Fleire informantar stadfesta at Russland nå var ein meir likeverdig samarbeidspartner for dei nordiske partnarlanda i Barentssamarbeidet.

«Det er paritet mellom partane i Barentssamarbeidet nå. På 1990-talet var det ikkje slik.»<sup>264</sup>

På 1990-talet var det fleire bistandsprosjekt i Barentssamarbeidet, som nå nesten er borte. Det er også klart at ein ikkje sender bistand til ein likeverdig samarbeidspartner. For at Russland skulle oppfattast som ein likeverdig partnar i Barentssamarbeidet burde også Russland finansiera prosjekt saman med dei nordiske partnarane, slik Barentssekreariatet i 2007 faktisk peika på at var tilfellet. I tillegg er det nærliggjande i tru at Russland, som ein stormakt med internasjonal tyngde ville ha større fokus på prosjekt, der det låg meir i korta at Russland ønskte å bli oppfatta som ein meir likeverdig partnar. Grunnen til at det ikkje var paritet på

---

261 Informantar frå Apatity – rektor og lærar ved ein skule, 16.september 2008

262 Informant frå Petrozavodsk – lærar ved universitet

263 Informant frå Petrozavodsk – professor ved forskingsinstitutt, 18.september 2008

264 Informant frå Petrozavodsk – tilsett i den regionale administrasjonen, 18.september 2008

1990-talet kan såleis relaterast til bistands- og finansieringsaspekt i prosjekta. Det at Russland ønskete å bli oppfatta som ein likeverdig partnar kan relaterast til at president Vladimir Putin i 2000 presenterte ei sterk tru på Russland:

«Russia was and will remain a great power. It is preconditioned by the inseparable characteristics of its geopolitical, economic and cultural existence. They determined the mentality of Russians and the policy of the government throughout the history of Russia.»<sup>265</sup>

Sitatet viser at Russland på ingen måte ønskete å bli oppfatta som eit «vanleg» land, men som ein stormakt. Bacon og Wyman peikar på to kriterium som gjer at Russland fortener stormaktstatus. Desse er korkje tufta på økonomi eller kultur, derimot framhevar dei først og fremst to geopolitiske trekk som at landet er det største i verda og det kolossale, sovjetiske kjernefysiske arsenalet som nå er under russisk kontroll.<sup>266</sup> I eit slikt perspektiv skulle det gjerne berre mangla at Russland som stormakt ønskjer å framstå som ein likeverdig partnar i eit transnasjonalt, regionalt samarbeid som Barentssamarbeid.

## Erfaringane i eit generelt perspektiv

Når det gjeld informantane var det ikkje alle som hadde like gode erfaringar med Barentssamarbeidet. Informanten, kalla Nikolaj ovanfor, ytra at mange organisasjoner førestelte seg at det var kjempelett å få pengar til prosjekt frå Skandinavia. På den andre sida meinte Nikolaj at søknadsprosessen var lang og arbeidskrevjande og at ein bør vera spesialist på internasjonale prosjekt for å søkja. Informantar innanfor mellom anna utvekslingsprosjekt erfarte, som nemnt, problem med å få prosjektstøtte over lengre tid. Dette dannar neppe grunnlaget for å seia at språkutveksling er generelt blitt nedprioritert i Barentssamarbeidet. Derimot viser det at det gjerne er vanskeleg å få støtte til prosjekt over mange år utan å endra monaleg på innhaldet i det. I eit breiare perspektiv peika ein informant frå Murmansk på at språksituasjonen har betra seg monaleg. Mange fleire kan nå engelsk eller eit skandinavisk språk. Norsk er til dømes tredjespråk i Murmansk etter russisk og engelsk.<sup>267</sup> Problema med å få støtte til prosjekt kan også vera relatert til sjølve søknadsprosessen.

---

265 Bacon & Wyman, 2006: 152

266 Bacon & Wyman, 2006: 151-152

267 Informant frå Murmansk – økonom tilsett i innovasjonsfirma, 15.september 2008

Mange av informantane peika på fleire positive trekk ved utviklinga av Barentssamarbeidet. Det personlege inntrykket eg sat att med etter intervjuja, var at informantane stort sett hadde positive erfaringar med samarbeidet. Partane i Barentssamarbeidet framstår også i større grad som likeverdige samarbeidspartnarar. Dette kan ein sjå ved at humanitære prosjekt er nesten heilt borte og at begge partar har meir erfaring med samarbeid. Den russiske sida framstår også som ein meir likeverdig partnar ved at denne i større grad er med og finansierer samarbeidsprosjekt. I tillegg kan den uttalte stormaktstatusen indikera at Russland på generelt grunnlag vil oppfattast som ein likeverdig, internasjonal partnar.

## 5.9 Kvifor Barentssamarbeid?

Denne delen av kapittelet kastar ljós over svara til informantane om kva motiv dei meinte Russland og dei nordiske landa har for å samarbeida via Barentssamarbeidet. Dei nordiske landa tyder her Finland, Noreg og Sverige. Informantane blei spurta om motiva til begge sider slik at det er mogleg å sjå svara om russiske motiv i lys av motiver til dei andre landa i Barentssamarbeidet. På ein måte kan også svara knytast opp mot prioriteringar ved at motiva til ein viss grad viser kva landa ønskjer av samarbeidet. Svara kastar likevel i størst grad ljós over kvifor ein samarbeider via Barentssamarbeidet. Kva motiv meinte informantane dei nordiske landa og Russland hadde for å delta i Barentssamarbeidet?

Svara til informantane skilte seg generelt sett ut som tre typar – økonomisk vinst, stabilitet og geografi. Tre informantar meinte det fyrst og fremst var økonomiske motiv som var drivkrafta til den nordiske sida. Økonomen frå Murmansk som var tilsett i eit konsulentfirma meinte begge land hadde same motiv – utvikla seg og relasjonane med utlandet. Han meinte det var positivt å gå utanfor rammene av sin eigen marknad og at ein i alle høve burde utvikla relasjonane sine.<sup>268</sup> Ein administrerande direktør i ein miljøfond meinte særleg petroleumsrelatert aktivitet som transport, utvinning og utforsking var eit samarbeidsområde med store perspektiv – eller rettare sagt framtidsutsikter. Det å løysa miljøproblem, særleg radioaktivt avfall og andre problem, var også eit viktig motiv for den nordiske sida. For Russland meinte informanten at det mest sentrale motivet var at vitale problem blei løyste raskare, i tillegg til

---

268 Informant frå Murmansk – økonom tilsett i konsulentfirma, 11. september, 2008

at det var eit motiv i seg sjølv å trekka til seg finansar<sup>269</sup>

Informantane som var tilsette i ein miljøorganisasjon for barn i Apatity meinte også at miljøproblem var eit viktig motiv for dei nordiske Barentslanda. For Russland meinte dei at motivet var å auka velstanden, eller som ein seier det på russisk – «*khorosjo zhit'*». <sup>270</sup> Ein tilsett i den karelske, regionale administrasjonen peika på at Noreg nok ønskte ein stabil nabo i aust, vita kva som hender med til dømes atomubåtane, men at Noreg også var ute etter ein partnar i petroleumssektoren. Sverige på den andre sida hadde ein tradisjon for å vera nøytralt, medan Finland hadde mange prosjekt i grenseregionane mellom Russland og Finland. Informanten meinte også at Russland ønskte å ha gode relasjoner med Noreg pga. dei omstridde sonene i Barentshavet.<sup>271</sup>

Det var også andre informantar som meinte stabilitet var eit viktig motiv for dei nordiske landa. Ein annan økonom i eit *innovasjonsfirma* i Murmansk meinte motivet til Russland var generell utvikling, medan motivet til dei nordiske landa var at:

«Det er betre med ein god, føreseieleg nabo, enn ein fattig nabo som ikkje er føreseieleg.»<sup>272</sup>

Informanten ser såleis ut til å meina at økonomisk utvikling og stabilitet går hand i hand. Samstundes som Russland blir ein meir likeverdig partnar gjennom utvikling, blir Russland såleis også ein meir stabil nabo.<sup>273</sup> Prosjektkoordinatoren for ungdomsprosjekt – kjent som Nikolaj – tidlegare i kapittelet hadde ei liknande tilnærming:

«Landa i Barentsregionen har ein stor nabo som det er umogleg å ignorera.»<sup>274</sup>

Vedkomande nemnte ikkje stabilitet som motiv, men meiner folk i Barentsregionen først må forstå kvarandre og deretter tufta dette på felles *biznes* – forretningsverksemnd. Når det galdt Russland meinte han at til dømes russiske organisasjoner nok var meir interesserte i

---

269 Informant frå Murmansk – adm. dir. i miljøfond, 11. september 2008

270 Informantar frå Apatity – økonom og lærar ved ein organisasjon som driv med miljøopplæring for barn, 16. september 2009

271 Informant frå Petrozavodsk – tilsett i den regionale administrasjonen, 18. september 2008

272 Informant frå Murmansk – økonom tilsett ved innovasjonsfirma, 15. september 2008

273 Ibid.

274 Informantar frå Murmansk – ungdomsprosjektkoordinator i den lokale administrasjonen, 13. september 2009

samarbeidsprosjekt som innebar at dei kunne få finansiering frå utlandet.<sup>275</sup> Dei skuletilsette informantane frå Apatity meinte igjen at det å bli kjent med naboen var eit viktig motiv for samarbeid for dei nordiske landa og at det ikkje var mogleg å leva isolert som i Sovjetunionen.<sup>276</sup>

Informantane såleis at særskilt Noreg var interessert i Barentssamarbeidet for å samarbeida innanfor petroleumssektoren. Dei oppfatta også miljøproblem i Russland og kjennskap til naboen som eit viktig motiv for dei nordiske landa. Ønske om stabilitet i Russland framstod også som eit sentralt motiv for den nordiske sida. Slik det gjekk fram av svara til informantane var det ikkje store skilnader mellom motiva til Russland og dei nordiske landa for å delta i Barentssamarbeidet. Det går også fram at økonomisk utvikling er eit viktig motiv for Russland. I denne samanheng framstår det å trekkja til seg finansar til alle slags typar prosjekt, men då helst dei økonomiske, som eit sentralt motiv for Russland.

## Russisk nordområdepolitikk

Til slutt vil eg koma kort inn på den russiske nordområdepolitikken. Informanten som var professor ved eit forskingsinstitutt peikte på at nordområda var viktige både for Noreg og Russland.<sup>277</sup> Utviklinga av den norske nordområdepolitikken skaut fart etter 2003 gjennom det Hønneland og Jensen ved Fridtjof Nansens Institutt har kalla «den nye nordområdepolitikken».<sup>278</sup> I Petrozavodsk og St. Petersburg samtalte eg også med to forskrarar på internasjonale relasjoner. Russland har på den eine sida ein lite utvikla nordområdepolitikk.<sup>279</sup> På den andre sida hadde Russland vist at dei la vekt på nordområda gjennom å definera ein ny strategi for nordområda på hausten 2008.<sup>280</sup> Til dømes gav Russland i 2007 klart uttrykk for både stormaktstatusen sin og prioriteringa av Nordområda då ein u-båt planta det russiske flagget under polpunktet. Samstundes gjorde landet krav på den undersjøiske Lomonosov-fjellkjeda som går helt opp til Nordpolen og kan innhalda ein fjerdedel av olje-

275 Ibid.

276 Informantar frå Apatity – rektor og lærar ved ein skule, 16. september – 2009

277 Informant frå Petrozavodsk – professor ved forskingsinstitutt, 18. september 2008

278 Hønneland & Jensen, 2008: 27

279 Lanko, Dmitrij Aleksandrovitsj, cand. polit ved fakultet for internasjonale relasjoner ved St. Petersburg statlige universitet, samtale i St. Petersburg 23. september 2008

280 Jarovoij, Gleb Olegovitsj, cand. polit ved institutt for internasjonale relasjoner ved Petrozavodsk statlige universitet, samtale i Petrozavodsk 23. september 2008

og gassreservane i verda.<sup>281</sup>

## 5.10 Oppsummering

I dette kapittelet har eg sett nærmere på den russiske regionale haldninga til Barentssamarbeidet. Til dette har eg i hovudsak nytta møteprotokollar frå regionkomiteen og -rådet, ein sluttrapport frå ei omorganiseringsgruppe og intervju med informantar i Nordvest-Russland

Når det gjeld prioriteringar på regionalt nivå har eg funne ut desse stort sett samsvarande med dei til føderale styresmakter, men at dei føderale styresmaktene til ein viss grad gav uttrykk for ein noko breiare innfallsvinkel til samarbeidet. Ein rapport frå 2007 synte at interessa til dei russiske regionane hadde vore dalande sidan skipinga i 1993. Viktige årsaker til dette var den generelle samfunnsutviklinga i Russland og organiseringa av det praktiske arbeidet i dei regionale administrasjonane. Eg viste likevel at dei russiske regionane viste atskillig større engasjement i det regionale Barentssamarbeidet i løpet av tidsrommet 2003-2008. På denne måten gav dei russiske regionane uttrykk for ei markant aukande interesse og meir positiv haldning til Barentssamarbeidet i perioden 2003-2008. Datamaterialet synte også at dei russiske regionane hadde ei vesentleg lågare interesse samanlikna med den til dei nordiske regionane. Det viste seg også å vera store innbyrdes skilnader då det galdt aktivitetsnivået blant dei russiske regionane, der Karelen var den klart mest aktive russiske regionen og Arkhangelsk med Nenets dei minst aktive. Det at Karelen framstår som ekstra aktiv kan forklara med at regionen hadde formannskapet på det regionale nivået i tidsrommet 2005-2007. Kjeldematerialet viser samla sett ein klart positiv tendens i haldninga til Barentssamarbeidet. Dei russiske regionane hadde generelt sett ei klart meir positiv haldning til Barentssamarbeidet ved slutten av perioden samanlikna med byrjinga av perioden. Betra økonomiske tilhøve, eit meir effektivt samarbeid og meir samarbeidserfaring er viktige grunnar for å forklara ei meir positive haldninga. Dei russiske regionane hadde også samsvarande prioriteringar med føderale styresmakter i Barentssamarbeidet.

---

281 Dagsavisen, 3.august 2007: 17, *Kappløp mot Nordpolen*

# **Kapittel 6**

## **Oppsummering**

Formålet med oppgåva har vore å finna ut kva som var den russiske haldninga til Barentssamarbeidet i perioden 2000-2008. Eg har gått gjennom både den føderale og regionale haldninga til samarbeidet. Det var også eit mål å avdekkja om det fanst ein samanheng mellom den russiske regionale haldninga til Barentssamarbeidet og innstramminga av føderale-regionale tilhøve etter tusenårsskiftet.

Kva var den føderale haldninga til Barentssamarbeidet?

Eg har vist at føderale styresmakter gjekk frå å fokusera relativt mykje på økonomisk samarbeid i perioden 2000-2003, til å i større grad prioritera eit mykje breiare samarbeid i perioden 2004-2007. Samstundes har eg funne ut at den økonomiske delen av samarbeidet var høgast prioritert hjå Russland gjennom heile perioden 2000-2008. Det at økonomisk samarbeid blei tillagt stor vekt heng også saman med at det russiske diplomatiet fekk i oppdrag å leggja meir vekt på russiske økonomiske interesser i samhandlinga med utlandet. Det er også klart at økonomisk utvikling i seg sjølv er viktig for Russland, gitt mellom anna det store gapet i levestandard mellom den russiske og nordiske sida. Kjeldematerialet viste at fokuset på miljørelatert samarbeid også var høgt prioritert av føderale styresmakter. Denne typen samarbeid er også ein måte å trekke til seg finansar på, medan det også gjerne skaper godvilje hjå dei nordiske samarbeidspartnarane. I tillegg er tiltak som energieffektivitet med på å redusera energikostnadene hjå russiske foretak. Det er også klart at Russland til fulle ønskjer å gje uttrykk for statusen som stormakt i verdssamanheng. Det kjem også til uttrykk i Barentssamarbeidet, der Russland siktar etter å bli oppfatta som ein likeverdig samarbeidspartner. Mykje tyder også på at Russland heller vil trekke til seg utanlandske investeringar, enn å framstilla til dømes Nordvest-Russland som eit område med store behov for bistandsmidlar.

I kjeldematerialet fann eg at føderale styresmakter i perioden 2000-2002 uttrykte negative røynsler med Barentssamarbeidet. Årsakene til dette verkar å vera at dei erfarte framgangen i samarbeidet som for svak. For det andre erfarte føderale styresmakter at dei hadde svak påverknadskraft i høve til «Den nordlege dimensjonen» til EU og på denne måten ikkje blei oppfatta som ein likeverdig samarbeidspartner. Materialet synte likevel på same tid at dei føderale styresmaktene var generelt positive til Barentssamarbeidet. Dei negative ytringane fall derimot stort sett bort etter 2002. I både 2003 og 2005 gav dei klart uttrykk for positive tendensar innan det økonomiske samarbeidet som hadde vore eit viktig moment i den negative kritikken i 2000-2002. Dette syner såleis at føderale styresmakter var, generelt sett, meir positiv til Barentssamarbeidet frå og med 2003.

Kjeldematerialet viste at den føderale russiske haldninga blei meir positiv til Barentssamarbeidet i løpet av perioden. Eg fann også ut at det var fleire grunnar til dette. For det første er det nærliggjande å peika på at Russland hadde ei rivande økonomisk utvikling i perioden. Dette bør i seg sjølv ha ført til at landet har blitt ein meir likeverdig samarbeidspartner. Dette kan også sjåast på som ei viktig årsak til at den russiske sida utviter større interesse for samarbeidsprosjekt ved å i større grad finansiera prosjekt saman med dei nordiske partnarane. For det andre er det nærliggjande å visa til at Russland ville ha eit godt tilhøve til eventuelle partnarar til å vinna ut petroleumsressursar i Barentshavet saman med. For det tredje er det sannsynleg at ei auka russisk satsing på nordområda dei siste åra har ført til at Russland ser meir positivt på Barentssamarbeidet.

#### Kva var den regionale russiske haldninga til Barentssamarbeidet?

Eg fann ut at prioriteringane til dei russiske regionane stort sett samsvarer med dei til føderale styresmakter. Kjeldene viste derimot at føderale styresmakter til ein viss grad gav uttrykk for ein noko breiare innfallsvinkel til samarbeidet. Sidan oppstarten i 1993 hadde interessa til dei russiske regionane for Barentssamarbeidet vore fallande. Grunnen til dette var den generelle samfunnsutviklinga i Russland og måten det praktiske arbeidet var organisert på i dei regionale administrasjonane. Eg fann likevel ut at dei russiske regionane hadde ei heilt klart meir positiv haldning til Barentssamarbeidet ved slutten av perioden i 2008, samanlikna med

byrjinga av perioden i 2003. Det generelle russiske aktivitetsnivået på det regionale samarbeidsnivået auka i løpet av tidsrommet 2003-2008. På denne måten utviste dei russiske regionane ei markant aukande interesse for Barentssamarbeidet i løpet av dette tidsrommet. Datamaterialet synte likevel at dei russiske regionane hadde ei monaleg lågare interesse samanlikna med den til dei nordiske regionane. Eg viste også at det var store innbyrdes skilnader i engasjementet mellom dei russiske regionane, der Karelen var den klart mest aktive russiske regionen og Arkhangelsk med Nenets dei minst aktive. Det at Karelen var mest aktiv kan forklarast med at republikken hadde formannskapet 2005-2007. Kjelde-materialet synte likevel at det er ein klart positiv tendens i haldninga til Barentssamarbeidet hjå regionane. Viktige årsaker som betra økonomiske tilhøve i Nordvest-Russland, eit meir effektivt regionalt samarbeid og større røynsle med samarbeid framstår som viktige grunnar til den meir positive haldninga.

Kva var så den felles russiske haldninga til Barentssamarbeidet?

Eg viste at føderale styresmakter hadde ei noko lunken haldning til Barentssamarbeidet i tidsrommet 2000-2002, men at dei var generelt sett positive. Frå og med 2003 var dei derimot gradvis meir positive til Barentssamarbeidet. Kjeldedekninga for den regionale haldninga i perioden 2000-2002 er svak, men samsvarer med det at haldninga utvikla seg i positiv retning frå og med 2003. Når det gjeld prioriteringar var det i perioden 2000-2003 eit sterkt fokus hjå føderale styresmakter på å intensivera den økonomiske delen av Barentssamarbeidet. Frå og med 2004 var det derimot ein tendens til at føderale styresmakter ønskte å prioritera samarbeid også på andre område enn det økonomiske, men det økonomiske framstod likevel som det viktigaste. Fokuset på økonomisk samarbeid viste seg også å vera høgast prioritert hjå regionane, og kan såleis seiast å vera felles for både den føderale og regionale haldninga. Dersom ein skal tala om ei felles russisk haldning til Barentssamarbeidet, var den russiske haldninga til samarbeidet heilt klart meir positiv ved slutten av perioden i år 2008 enn ved tusenårsskiftet.

Det er skrive relativt lite om den russiske haldninga til Barentssamarbeidet. Hønneland argumenterer for at det oppstod ei ny «nordområdeeufori», som kan tolkast som ei meir

positiv norsk positiv haldning, rundt 2005. Resultata av denne oppgåva viser at den russiske haldninga også utvikla seg i positiv retning etter tusenårsskiftet.

Når det gjeld tilhøvet mellom føderale og regionale styresmakter var det klart at desse blei stegvis stramma inn i løpet av tidsrommet 2000-2008. Dei føderale distrikta brakte det regionale lovverket i samsvar med det føderale, i tillegg til at dei bilaterale avtalane med regionane frå 1990-talet blei avvikla og regionale leiarar ikkje lenger blei valte direkte. Desse tiltaka bør ha gitt regionane relativt mindre handlingsrom.

På bakgrunn av kjeldematerialet som er gått gjennom i denne oppgåva kan det vanskeleg seiast å vera ein samanheng mellom den russiske regionale haldninga til Barentssamarbeidet og innstramminga av føderale-regionale tilhøve. Medan materialet syner at den russiske haldninga til Barentssamarbeidet har hatt ein positiv tendens i perioden 2000-2008 syner det ikkje at det er ein konkret samanheng mellom denne tendensen og innstramminga. Det går likevel fram av materialet at denne innstramminga til ein viss grad er relevant. Eit døme på det er at regionane har mindre høve til å styra bruken av eigne finansar. Det materialet eg har gått gjennom syner såleis ikkje at det er nokon konkret samanheng mellom innstramminga og den regionale haldninga til Barentssamarbeidet. På den andre sida framstår likevel innstramminga som relevant for samarbeidet, til dømes ved at høva til å styra eigne finansar er regulert.

Barentssamarbeidet framstår såleis som eit levedyktig transnasjonalt samarbeid med ein positiv tendens som Russland har ei velvillig haldning til. Samarbeidet ser også ut til å få auka aktualitet i framtida med nordområdesatsingane til både Russland og Noreg og ikkje minst utsiktene til felles utvinning av petroleumsutvinning i Barentshavet. Trass i effektane av finanskrisa som oppstod hausten 2008 er denne framleis aktuell. På 1990-talet var det eit mål i sjølv at samarbeidet skulle eksistera, medan forventningane til deltarlanda per 2009 nok har endra seg sidan den gongen. Det russiske ordtaket, *гуляют цель, к которой мы стремимся* eller på norsk *målet me arbeider mot flyttar på seg*, passar godt i denne samanhengen.

## Litteratur

- Abelsen, Lillian, 2004, *Barentsregionen - en næringsregion? - En studie av regionale politiske strukturer i forhold til et integrert og funksjonelt næringssamarbeid*, Tromsø: Universitetet i Tromsø, masteroppgåve
- Bacon, Edwin & Matthew Wyman, 2006, *Contemporary Russia*, Basingstoke: Palgrave Macmillan
- Brunstad, Bjørn m.fl, *Big oil playground, Russian bear preserve or European periphery? : the Russian Barents Sea region towards 2015*, Delft: Eburon ECON Analysis
- Dahlberg, Anne Øvergaard, 2008, *Barents Review: The Economic Development in the Murmansk Region 2007*, Kirkenes: The Norwegian Barents Secretariat
- Filippov, Mikhail & Olga Shvetsova, *Asymmetric bilateral bargaining in the new Russian Federation: A path-dependence explanation*, Communist and Post-Communist Studies bind 32, utgåve 1, mars 1999, side 61-76, <http://www.sciencedirect.com/science/article/B6VGF-3W06TW7-4/1/9630d652a0cb69cfa174e482f82f1b4d> lest 15. mai, 2008
- Holm-Hansen, Jørn, Aadne Aasland & Elena Dybtyna, 2008, *Building neighbourhood – Evaluation of the Barents Secretariat's grant programme*, Oslo: Norwegian Institute for Urban and Regional Research
- Hønneland, Geir, 2005, *Barentsbrytninger – Norsk nordområdepolitikk etter den kalde krigen*, Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Hønneland, Geir & Jørgen Holten Jørgensen, 2006, *Moderne russisk politikk*, Bergen: Fagbokforlaget
- Hønneland, Geir & Helge Blakkisrud(red.), 2001, *Centre-Periphery Relations in Russia – The case of the Northwestern regions*, Aldershot, England: Ashgate Publishing Limited
- Hønneland, Geir & Leif Christian Jensen, 2008, *Den nye nordområdepolitikken – Barentsbilder etter årtusenskiftet*, Bergen: Fagbokforlaget
- Isaev, Boris Akimovitsj & Nikolaj Alekseevitsj Baranov, 2008, *Polititsjeskie otnosjenija i polititsjeskij protsess v sovremennoj Rossii [Politiske tilhøve og den politiske prosessen i det moderne Russland]*, St.Petersburg: Piter Press
- Jentoft, Morten, 2001, *De som dro østover*, Oslo: Gyldendahl
- Keskitalo, E.C.H., 2004, *Negotiating the Arctic – The Construction of an International Region*, New York: Routledge
- Kistanov, V.V. & N.V. Kopylov, 2006, *Regional'naja ekonomika Rossii [Russlands*

*regionale økonomi]*, Moskva: Finansy i statistika

- Kvale, Steinar, 1997, *Det kvalitative forskningsintervju*, Oslo: Gyldendal Akademisk
- Lausala, Tero & Leila Valkonen, 1999, *Economic Geography and Structure of the Russian Territories of the Barents Region*, Rovaniemi: Arctic Centre, Universitetet i Lappland
- Niemi, Einar, 1992, *Pomor. Nord-Norge og Nord-Russland gjennom 1.000 år*, Oslo: Gyldendahl Norsk Forlag
- Olsen, Gro Elisabeth, 2005, *Moja po tvoja? - Vilkår for samarbeid med Russland: et studie av Petsjenganikel-prosjektet 1985-2002*, Bergen: Universitetet i Bergen, masteroppgåve
- Ozjegov, Sergej Ivanovitsj og Natal'ja Jul'evna Sjvedova, 2006, *Tolkovyj slovar' russkogo jazyka [Russisk-russisk ordliste]*, Moskva, Rossijskaja akademija nauk – Institut russkogo jazyka im. V.V. Vinogradova
- Rodin, Johnny, 2006, *Rethinking Russian Federalism – The politics of Intergovernmental Relations and Federal Reforms at the Turn of the Millennium*, Stockholm: Stockholms universitet
- Rowe, Lars & Geir Hønneland, 2007, *Russlandsbilder – Nye debattinnlegg om naboskap i nordområdene*, Bergen: Fagbokforlaget
- Sakwa, Richard, 2005, *Putin – Russia's Choice*, London: Routledge
- Sakwa, Richard, 2008, *Russian Politics and Society – Fourth Edition*, London: Routledge
- Smirnov, Anatolij, 1998, *Murmansk-korridoren – Det russisk-norske samarbeidet i Barentsregionen*, Murmansk: Sever
- Stokke, Olav Schram & Geir Hønneland, 2007, *International Cooperation and Arctic Governance – Regime effectiveness and northern region building*, New York: Routledge
- Stokke, Olav Schram & Ola Tunander (red.), 1994, *The Barents Region – Cooperation in Arctic Europe*, Lysaker, Oslo, London: FNI, PRIO, Sage Publications
- Urdal, Andreas, 2006, *Helse- og sosialsamarbeid i Barentsregionen: Partnerskap – tillit – kulturforståelse – regionl identitet*, Tromsø: Universitetet i Tromsø
- White, Stephen, Zvi Gitelman og Richard Sakwa(red.), 2005, *Developments in Russian Politics 6*, New York: Palgrave Macmillan
- Söderlund, Peter J., *The significance of structural power resources in the Russian Bilateral treaty process 1994-1998*, Communist and Post-Communist Studies bind 36, utgåve 3, september 2003, side 311-324, <http://www.sciencedirect.com/science/article/B6VGF-49CN3MB-2/1/487dea08fcb70347077843ef1773503f> lest 15. mai, 2008

## Kjelder

- Barentssekretariatet, 2007, *Årsmelding 2007*
- Barents Euro-Arctic Council official website, *Statement by Mrs Anna Lindh, Foreign Minister of Sweden, incoming chair*  
[http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/463\\_doc\\_StatementSweden2001.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/463_doc_StatementSweden2001.pdf) lest 11.februar, 2009
- Barents Euro-Arctic Council, 2009, *Declaration Cooperation in the Barents Euro-Arctic Region Conference of Foreign Ministers in Kirkenes, 11.1.1993,*  
[http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/459\\_doc\\_KirkenesDeclaration.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/459_doc_KirkenesDeclaration.pdf) lest 20. januar, 2009
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 2-3 June 2004, Zapoljarny*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 4 February 2004, Murmansk*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 8 December 2004, Kaajani*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 8 September 2004, Umeå*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 21-22 February 2005, Bodø*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 8 June 2005, Syktyvkar*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, 8 September 2005, Luleå*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, June 7 2006, Petrozavodsk*
- Barents Euro-Arctic Region, *Zasedanie Barentseva regional'nogo soveta, 8 iyunja 2006 g., g. Petrozavodsk [Møte i Barents regionråd, 8. juni 2006 i Petrozavodsk]*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, September 26 2006, Kirkenes*
- Barents Euro-Arctic Region, *Barents Regional Comittee Meeting, November 23 2006, Oulu*
- Barents Euro-Arctic Region, *Møte i Barents regionråd, 27-28 april 2004, Rovaniemi*
- Barents Euro-Arctic Region, *Møte i Barents regionråd, 24 november 2006, Oulu*
- Barents Euro-Arctic Region, *Møte i Barents regionråd, 6 september 2007, Tromsø*

- Barents Euro-Arctic Region, *Möte i Barents regionråd, 29 maj 2008, Kuusamo*
- Barents Euro-arctic Region, *Towards more Effective Regional Barents Cooperation, Report of the Ad-Hoc Group on Organisational Changes 14.5.2007*  
[http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc\\_Group\\_Report\\_ENG.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/Ad-Hoc_Group_Report_ENG.pdf) lest 31.mars 2009
- Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – O sed'moj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona [Ofisielt materiale – den sjuande sesjonen til Det euro- arktiske Barentsrådet],*  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/cb9c8cb4e60bf8c3c32568dc002d591d?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/cb9c8cb4e60bf8c3c32568dc002d591d?OpenDocument) lest 2. september 2008
- Diplomatitsjeskij vestnik, 2000, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie E.N.Gusarova [Ofisielt materiale – oppredenen til Gusarov],*  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/cb9c8cb4e60bf8c3c32568dc002d591d?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/cb9c8cb4e60bf8c3c32568dc002d591d?OpenDocument) lest 2. september 2008
- Diplomatitsjeskij vestnik, 2001, *Ofitsial'nye materialy – Vos'maja sessija Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona [Ofisielt materiale – den åttande sesjonen til Barentsrådet],*  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/60b8154c19a73a40c3256a5e002ff398?OpenDocument&Highlight=0,%D0%A1%D0%91%D0%95%D0%A0](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/60b8154c19a73a40c3256a5e002ff398?OpenDocument&Highlight=0,%D0%A1%D0%91%D0%95%D0%A0) lest 2.september 2008
- Diplomatitsjeskij vestnik, 2001, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova 15 marta [Ofisielt materiale – oppredenen til I. S. Ivanov den 15.mars],*  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/eb8119859f93297cc3256a5e002ff399?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/eb8119859f93297cc3256a5e002ff399?OpenDocument) lest 2.september 2008
- Diplomatitsjeskij vestnik, 2002, *Ofitsial'nye materialy – 3-ja ministerskaja konferentsija po «Severnomu izmereniju» ES v Grenlandii [Ofisielt materiale – den tredje ministerkonferansen om «Den nordlege dimensjonen» til EU på Grønland],*  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/19c2fdee616f12e54325688e00486a45/1d81680734e58464c3256c5c0027f65e?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/19c2fdee616f12e54325688e00486a45/1d81680734e58464c3256c5c0027f65e?OpenDocument) lest 2.september 2008
- Diplomatitsjeskij vestnik, 2002, *Press-tsentr – Interv'ju ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii RIA «Novosti» v svjazi s vizitom v Rossiju ministra inostrannykh del Norvegii Ja. Petersena 3 oktjabrja [Pressesenteret – RIA «Novosti» sitt intervju med den ofisielle representanten for russisk UD i samband med utanriksministeren for Norge J. Petersen sin*

*visitt til Russland den 3. oktober], [http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/9dbb01583bd8a556c3256c990033222d?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/9dbb01583bd8a556c3256c990033222d?OpenDocument) lest 2.september 2008*

– Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s vstrečej glav pravitelstv stran-tsjlenov Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) 8 janvarja [Pressesenteret – Svar fra den offisielle representanten for russisk UD på spørsmål fra russiske massemedia i samband med møtet for medlemslanda i Barentsrådet 8.januar]*,

[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/852625e7b9e49c6a\\_c3256cfa002dcc2a?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/852625e7b9e49c6a_c3256cfa002dcc2a?OpenDocument) lest 2.september 2008

– Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Zasedanie Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona [Ofisielt materiale – Møte i Barentsrådet]*,  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/c08d4e5532eb73cc\\_c3256cfa002dcbd1?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/c08d4e5532eb73cc_c3256cfa002dcbd1?OpenDocument) lest 2.september 2008

– Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *V federal'nom sobranii Rossijskoj Federatsii – Vystuplenie zamestitelja ministra inostrannykh del Rossii V. A. Tsjizjova na parlantskikh slusjanijakh «Natsional'nye interesy Rossii i opyt mezhdunarodnogo sotrudnichestva na Severu Evropy» 21 aprelja [I føderasjonsforsamlinga til Den russiske føderasjonen – Oppredenen til viseutanriksministeren for Russland Tsjizjov på parlamentshøyringa om «Dei nasjonale interessene til Russland og erfaringa med internasjonalt samarbeid i Nord-Europa» 21. april] <http://www.ln.mid.ru/ns-dmo.nsf/a1c87897b58a9d2743256a550029f995/432569f10031eb9343256d10002dc1bb?OpenDocument> lest 2.september 2008*

– Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s sessiej Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona 30 sentjabrja [Pressesenteret – Svar fra den offisielle representanten for russisk UD på spørsmål fra russiske massemedia i samband med sesjon i Barentsrådet 30.september]*,  
<http://www.ln.mid.ru/ns-dos.nsf/45682f63b9f5b253432569e7004278c8/432569d800223f34439d800223f3443> lest 2.september 2008

– Diplomatitsjeskij vestnik, 2003, *Ofitsial'nye materialy – Vystuplenie I. S. Ivanova na sessii 3 oktjabrja [Ofisielt materiale – Oppredenen til I. S. Ivanov på sesjonen 3. oktober]*,  
<http://www.ln.mid.ru/ns-dos.nsf/45682f63b9f5b253432569e7004278c8/432569d800223f3443256db7002cd918?OpenDocument> lest 2.september 2008

– Diplomatitsjeskij vestnik, 2004, *Press-tsentr – Otvety ofitsial'nogo predstavitelja MID*

*Rossii na voprosy rossijskikh SMI v svjazi s vizitom ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S. V. Lavrova v Norvegiju 31 maja [Pressesenteret – Svar fra den offisielle representanten for russisk UD på spørsmål fra russiske massemedia i samband med visitten til den russiske utenriksministeren S. V. Lavrov sin visit til Noreg 31.mai],*  
[http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/c99006826449109cc3256edf004618e7?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf/99b2ddc4f717c733c32567370042ee43/c99006826449109cc3256edf004618e7?OpenDocument) lest 17.februar, 2009

- EU-kommisjonen, 2007, *The Northern Dimension – Overview*  
[http://ec.europa.eu/external\\_relations/north\\_dim/](http://ec.europa.eu/external_relations/north_dim/) lest 12. januar, 2009
- Melloni, Gabriella, 2008, *Russlandsavdelingen årskonferanse – The Return of Russia*, Konferanse ved NUPI: Oslo
- Ministerstvo inostrannykh del, *Dokumenty i materialy MID Rossii [Dokument og materiale fra russisk UD]*, [http://www.ln.mid.ru;brp\\_4.nsf/sps](http://www.ln.mid.ru;brp_4.nsf/sps) lest 10.februar 2009
- Ministerstvo inostrannykh del, *Zurnal «Diplomatitsjeskij vestnik» [Journalen «Diplomatens bulletin»]*, [http://www.ln.mid.ru/dip\\_vest.nsf](http://www.ln.mid.ru/dip_vest.nsf) lest 10. februar 2009
- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2004, *Otvet ofitsial'nogo predstavitelja MID Rossii A.V.Jakovenko na vopros SMI po ékonomitsjeskoj sostavljalusjtsjej vizita Ministra inostrannykh del Rossii S.V.Lavrova v Norvegiju [Svar fra den offisielle representanten for russisk UD Jakovenko på spørsmål fra russiske massemedia om den økonomirelaterte delen til den russiske utenriksministeren S. V. Lavrov sin visit til Noreg]*, [http://www.ln.mid.ru;brp\\_4.nsf/106e7bfcd73035f043256999005bcccc/5215e473b4db4364c3256ea7004c08d6?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru;brp_4.nsf/106e7bfcd73035f043256999005bcccc/5215e473b4db4364c3256ea7004c08d6?OpenDocument) lest 17.februar, 2009
- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossii C.V.Lavrova po itogam 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona, g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda [Stenogram av opptredenen til den russiske utenriksministere Lavrov om resultata av den 10. sesjonen i Barentsrådet i Harstad 10. november 2005]*, [http://www.ln.mid.ru;brp\\_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/808e07f67c53ec9dc32570b50060c96d?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru;brp_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/808e07f67c53ec9dc32570b50060c96d?OpenDocument) lest 17. februar 2009
- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «Korennye narody», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda [Stenogram av*

*opptredenen til den russiske utenriksministeren Lavrov på den 10. sesjonen i Barentsrådet om temaet «urfolk» i Harstad 10.november 2005]* [http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/997e7b027bf661cc3256f6d00540731/9044b6c7572b1f4cc32570b50061aa2f?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/997e7b027bf661cc3256f6d00540731/9044b6c7572b1f4cc32570b50061aa2f?OpenDocument)

lest 17.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «Sotsial'noe i gumanitarnoe razvitiye», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda* [Stenogram av opptredenen til den russiske utenriksministeren Lavrov på den 10. sesjonen i Barentsrådet om temaet «sosial og humanitær utvikling» i Harstad 10.november 2005], [http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/fc24161ab6791913c32570b50062da70?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/fc24161ab6791913c32570b50062da70?OpenDocument) lest 17.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «ekonomitsjeskoe razvitiye», g. Kharstad (Norvegija), 10 nojabrja 2005 goda* [Stenogram av opptredenen til den russiske utenriksministeren Lavrov på den 10. sesjonen i Barentsrådet om temaet «økonomisk utvikling» i Harstad 10.november 2005],

[http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/515c269a3925aa00c32570b50064eee5?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/515c269a3925aa00c32570b50064eee5?OpenDocument) lest 19.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Stenogramma vystuplenija Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii C.V.Lavrova na 10-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona (SBER) na temu «zasjtsjita okruzjajusjtsjej sredy», g. Kharstad (Norvegija)* [Stenogram av opptredenen til den russiske utenriksministeren Lavrov på den 10. sesjonen i Barentsrådet om temaet «miljø» i Harstad 10.november 2005], 10 nojabrja 2005 goda

[http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/997e7b027bbf661cc3256f6d00540731/dcd3240e5414bd1bc32570b500659a6c?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/997e7b027bbf661cc3256f6d00540731/dcd3240e5414bd1bc32570b500659a6c?OpenDocument) lest 17.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2005, *Vystuplenie Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S.V.Lavrova na ministerskoj konferentsii po «Severnemu izmereniju», Brjussel', 21 nojabrja 2005 goda* [opptredenen til den russiske utenriksministeren Lavrov på ministerkonferansen om «Den

*nordlege dimensjonen», Brussel 21.november 2005],*

[http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/1c4a735a09424997c32570c1002d57f3?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/2fee282eb6df40e643256999005e6e8c/1c4a735a09424997c32570c1002d57f3?OpenDocument) lest 17.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2006, *Stenogramma vystuplenija i otvetov na voprosy SMI Ministra inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S.V.Lavrova po itogam peregovorov s Ministrom inostrannykh del Norvegii I.Garom Stere, Moskva, 17 fevralja 2006 goda [Stenogram av opptredenen og svara på spørsmåla fra massemedia til den russiske utenriksministeren Lavrov om resultata av samtalane med den norske utenriksministeren Gahr Støre i Moskva 17.februar 2006],*

[http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/997e7b027bbf661cc3256f6d00540731/5778c3fcf6805d5dc32570b50046be34?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/997e7b027bbf661cc3256f6d00540731/5778c3fcf6805d5dc32570b50046be34?OpenDocument) lest 15.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii, 2007, *Vystuplenie Ministra i inostrannykh del Rossijskoj Federatsii S.V.Lavrova na 11-j ministerskoj sessii Soveta Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona, g. Rovaniemi, 15 nojabrja 2007 goda [Oppetredenen til den russiske utenriksministeren Lavrov på den 11. sesjonen i Barentsrådet i Rovaniemi, 15.november 2007]*, <http://www.beac.mid.ru/Sessia1.htm> lest 19.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2007, *Programma Predsedatel'stva Rossijskoj Federatsii v Sovete Barentseva/Evroarktitsjeskogo regiona na 2007 – 2009 gody [Programmet for det russiske formannskapet i Barentsrådet 2007-2009]*, <http://www.ln.mid.ru/ns-dos.nsf/45682f63b9f5b253432569e7004278c8/432569d800223f34c325739400456245?OpenDocument> lest 19.februar 2009

- Ministerstvo inostrannykh del Rossijskoj Federatsii – Departament informatsii i petsjati, 2007, *Obzor vnesnej politiki Rossijskoj Federatsii [Oversyn over utanrikspolitikken til Den russiske føderasjonen]*, [http://www.ln.mid.ru/brp\\_4.nsf/106e7bfcd73035f043256999005bcbb6/3647da97748a106bc32572ab002ac4dd?OpenDocument](http://www.ln.mid.ru/brp_4.nsf/106e7bfcd73035f043256999005bcbb6/3647da97748a106bc32572ab002ac4dd?OpenDocument) lest 19.februar 2009

- *Northern Dimension Policy Framework Document,*

[http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/11865\\_doc\\_download1.pdf](http://www.barentsinfo.fi/beac/docs/11865_doc_download1.pdf) lest 9. februar, 2009

- Rosstat/Federal'naja sluzjba gosudarstvennoj statistiki [Rosstat/Den føderale tenesta for statleg statistikk], 2008, *Otsenka tsjislennosti postojannogo naselenija sub'ektor Rossijskoj federatsii [Estimat på folkemengda i subjekta i Den russiske føderasjonen]*,

[http://www.gks.ru/free\\_doc/2008/demo/popul08.htm](http://www.gks.ru/free_doc/2008/demo/popul08.htm) lest 15.mai 2008

- Vserossijskaja perepis' naselenija 2002 goda [Den allrussiske folketeljinga for år 2002],

2002, 4.2. *National composition for regions of the Russian Federation*,  
<http://perepis2002.ru/index.html?id=87> lest 18.mai 2008

## Avisartiklar

- Aftenposten Morgen, 26.februar 2000: 24, *UD har brukt 1,1 milliarder i Russland – Svidd bort på meningsløse luftslott*
- Dagsavisen, 3.august 2007: 17, *Kappløp mot Nordpolen*
- NEWRru.com, 18.jan, 2006, *Inopressa: Putin podpisal zakon ob NPO, tsjtoby obyzdat' pravozasjtsjnitkov [Putin godkjente NGO-lov for å leggja bissel på menneskeretts-forkjemparane]*, [http://www.newsru.com/russia/18jan2006/npo\\_print.html](http://www.newsru.com/russia/18jan2006/npo_print.html) lest 10.mars, 2009
- NRK Troms og Finnmark, 17.juli, 2000, *Russiske atomvåpen rettet mot Vardøradaren*,  
[http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_troms\\_og\\_finnmark/finnmark/74204.html](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_troms_og_finnmark/finnmark/74204.html)  
lest 13. februar, 2009
- NTBtekst, 26.12.2000, *Kronologi over Kursk-ulykken*
- *Rossijskaja gazeta*, 2006, *Nakanune prosjedsjego v Moskve sovesjtsjanija rossijskikh poslov vysjlo v svet novoe informatsionnoe izdanie MID Rossii – ezjegodnik «Diplomatitsjeskij vestnik» za 2005 god [På ambassadørkonferansen i Moskva i dag såg den nye informasjonspublikasjonen til russisk UD for år 2005 – årboka «Diplomatens bulletin» – dagens lys]*, <http://www.rg.ru/2006/07/05/dipvestnik-anons.html> lest 09.februar, 2009

## Internettressursar

- Barents Euro-Arctic Council official website, <http://www.beac.st> vitja 18.mai 2008
- Barents Euro-Arctic Council, *Barents Euro-Arctic Council*,  
<http://www.beac.st/Deptid=25226> lest 11.november 2008
- Barents Euro-Arctic Council, *Barents Regional Committee*,  
<http://www.beac.st/?Deptid=25869> lest 11.november 2008
- Barents Euro-Arctic Council, *Barents Regional Council*,  
<http://www.beac.st/?Deptid=25231> lest 11.november 2008
- Barents Euro-Arctic Council, *Barents working groups and activities*,  
<http://www.beac.st/?Deptid=25227> lest 11.november 2008
- Barents Euro-Arctic Council, *Committee of Senior Officials (CSO) of the Barents Euro-Arctic Council*, <http://www.beac.st/?Deptid=25867> lest 11.november 2008

- Barents Euro-Arctic Council, *Working Group of Indigenous Peoples*,  
<http://www.beac.st/?Deptid=26084> lest 4.mai 2009
- Det kongelege norske utenriksdepartementet, 2006, *Barentssamarbeidet*,  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/veiledninger/2006/Ny-Barentsekstra-tatt-fra-eks-barentstopp.html?id=88485> Lest 3. oktober 2008
- Det kongelige norske utenriksdepartementet, *St.meld. nr. 30 (2004-2005) Muligheter og utfordringer i nord*, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/regpubl/stmeld/20042005/Stmeld-nr-30-2004-2005-/4.html?id=407561> lest 10. februar, 2009
- Det russiske formannskapet i Barentsrådet, <http://www.beac.mid.ru> vitja 18.mai 2008
- Det russiske utenriksdepartementet, <http://www.mid.ru/> vitja 21.april 2009
- Forsvarsnett, 10.oktober 2005, *Globus II er under nasjonal kontroll*,  
<http://www.mil.no/start/article.jhtml?articleID=108781> lest 13.februar, 2009
- Innovation Circle, <http://www.innovationcircle.net/> vitja 14.april 2009
- The Norwegian Barents Secretariat, *Granted by us*,  
<http://www.barents.no/granted-by-us.292852-41747.html> lest 10.mars, 2009

## **Liste over informantar**

- Informantar frå Apatity – rektor og lærar ved ein skule, 16. september 2009
- Informantar frå Apatity – økonom og lærar ved ein organisasjon som driv med miljøopplæring for barn, 16. september 2009
- Informant frå Murmansk – adm. dir. i miljøfond, 11. september, 2008
- Informant frå Murmansk – økonom tilsett i konsulentfirma, 11. september, 2008
- Informant frå Murmansk – økonom tilsett ved innovasjonsfirma, 15, september 2008
- Informant frå Murmansk – ungdomsprosjektkoordinator i den lokale administrasjonen, 13. september 2009
- Informant frå Petrozavodsk – lærar ved universitet, 19. september 2008
- Informant frå Petrozavodsk – professor ved forskingsinstitutt, 18. september 2008
- Informant frå Petrozavodsk – tilsett i den regionale administrasjonen, 18. september 2008
- Jarovoij, Gleb Olegovitsj, cand. Polit ved institutt for internasjonale relasjoner ved Petrozavodsk statlige universitet, samtale i Petrozavodsk 23. september 2008
- Lanko, Dmitrij Aleksandrovitsj, cand. Polit ved fakultet for internasjonale relasjoner ved St. Petesburg statlige universitet, samtale i St. Petersburg 23. september 2008

## **Figurar og tabellar**

Fig. 1: [http://www.beac.st/\\_img/factsandmaps\\_map.gif](http://www.beac.st/_img/factsandmaps_map.gif) lasta ned 15. mai 2008

Fig. 2: Federal'naja sluzjba gosudarstvennoj statistiki, *Indeksy fizitseskogo ob"ema VRP v 1998-2007 godakh (v postojannykh tsenakh; v procentakh k predydusjemu godu)*,

[http://www.gks.ru/bgd/free/b01\\_19/IssWWW.exe/Stg/d000/din98-07.htm](http://www.gks.ru/bgd/free/b01_19/IssWWW.exe/Stg/d000/din98-07.htm) lest 3.april 2009

Tabell 1: Møteprotokollar frå Barents regionkomité og Barents regionråd 2003 til mai 2008

# Intervjuguide

Tema: «Den russiske haldninga til Barentssamarbeidet»

## A. Informasjon om intervjuobjekt

Namn:

Yrke/Stilling:

Alder:

By:

### A1. Kor mange prosjekt har De delteke i?

—

### A2. Kva kategori(ar)?

Kultur	_____
Kompetanse/utdanning	_____
Urfolk	_____
Økonomi/infrastruktur	_____
Helse/Miljø	_____

## B. Om prosjektengasjementet i Barentssamarbeidet

B1. Fortel om prosjektet eller nokre av dei prosjekta De har delteke i.

Hjelpestørsmål: Kva var bakgrunnen for prosjekt(a)? Kven deltok?

Kva var Dykkar rolle i prosjekt(a)?

B2. Når høyrde De første gong om Barentssamarbeidet?

## C. Røynsle og haldning

C1. Fortel om erfaringane med dei første prosjekta De var med i.

C2. Kva haldning hadde De til Barentssamarbeidet den gongen?

C3. Fortel om erfaringane med dei siste prosjekta De var med i.

C4. Kva haldning har De til Barentssamarbeidet i dag?

**D. Motiv & kald fred**

- D1. Kva motiv meiner De dei nordiske landa har for å samarbeida med Russland?
- D2. Kva motiv meiner De Russland har for å samarbeida med dei nordiske landa?
- D3. Kva meiner De om miljøsamarbeidet?
- D4. Meiner De spørsmål som til dømes går på atomkraft berre vedkjem ekspertar?

**E. Regionalisering – tilhøva mellom sentrum og regionane**

- E1. Kva rolle spelar føderale styresmakter/Moskva i Barentssamarbeidet?
- E2. Er denne rolla problematisk for regionane sin kontakt utanriks?
- E3. Er det vanskelegare å samarbeida i dag enn på 1990-talet/starten på 2000-talet?

**F. Haldning til mål**

- F1. Er Barentsregionen ein naturleg region å samarbeida i?
- F2. Er det mogleg å skapa ein godt fungerande region?

**G. Open slutt på intervjuet**

## Annex 1: Organisation chart of the Barents Cooperation

### Barents Euro-Arctic Cooperation

